

”Sjå meg – gled deg med meg!”

- om tilknytning og tidleg samspel

Anita Leite



**Masteroppgåve i spesialpedagogikk
Det utdanningsvitenskapelige fakultet
Institutt for spesialpedagogikk**

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2011

© Forfatter: Anita Leite

År 2011

Tittel *Sjå meg – gled deg med meg! – om tilknytning og tidleg samspel*

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Utgangspunktet for val av tema til masteroppgåva er mitt arbeid i sped- og småbarnsteamet ved Nordfjord barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP). Eg hadde eit ønske om å utdanne meg innanfor det eg gjer til dagleg som spesialpedagog i spesialisthelsetenesta.

Problemstillinga: ”Korleis kan ein gjennom å ta utgangspunkt i tilknytning og tidleg samspel arbeide førebyggjande i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn?”

Oppgåva er ei teorioppgåve, metoden er dokumentanalyse. Teorien som er presentert handlar om tilknytning, førebygging, sosial og emosjonell utvikling, tidleg stimulering og rådgjevaren si rolle. Vidare har eg konstruert fire kasus med kvar sin type tilknytning: trygg tilknytning, utrygg ambivalent tilknytning, utrygg unnvikande tilknytning og desorganisert tilknytning, og drøfta teorien opp mot desse. Eit viktig føremål med oppgåva har vore å forstå meiningsinnhaldet og finne samanhengar mellom dei ulike teoriane. Rammene for arbeidet har vore ein hermeneutisk prosess der eg har sett delane i lys av heilskapen av oppgåva og heilskapen i lys av delane.

Eg har sett det som viktig å skrive om **kvifor** ein bør fokusere på tilknytning og tidleg samspel i det førebyggjande arbeidet med eit barn si seinare sosiale og emosjonelle fungering, i tillegg til å skrive om **korleis** ein kan arbeide.

Svaret på problemstillinga vil vere å ta utgangspunkt i tryggleikssirkelen (Whelan & Marvin, 2010) som eit konkretiseringshjelpemiddel og i kombinasjon med dette nytte ulike reiskapar for samspel i rådgjevingprosessen ein skal gjennom. I tillegg må rådgjevaren ha stødig kunnskap om dei ulike teoridelane oppgåva fokuserer på. I kvart av desse tema må rådgjevaren skaffe seg kunnskap om barnet og forelderen si fungering.

Ved å bruke videoopptak som hjelpemiddel kan rådgjevaren saman med foreldra analysere og reflektere over foreldra sine strategiar, barnet sine reaksjonar, dei kan sjå på kva barnet signaliserer, og snakke om korleis forelderen kan oppnå best mogleg samspel med sitt barn. Den viktigaste kunnskapen rådgjevaren må ha med seg i arbeidet, er kor avgjerande arbeidet han og foreldra skal gjere er for barnet si vidare utvikling.

Rådgjevingprosessen vil ta sikte på å fjerne eller minske konsekvensen av risikofaktorar sin innverknad, redusere negative kjedereaksjonar, etablere og vedlikehalde sjølvkjensle og

kompetanse og å opne for nye moglegheiter (Rutter, 1987). Williams (1990) har vist at det er talet på risikofaktorar som spelar ei rolle i høve barnet si utvikling. Ein risikofaktor åleine treng ikkje gje auka risiko for skeivutvikling.

Målet for det førebyggjande arbeidet vil vere at barnet utviklar ei trygg tilknytning til foreldra sine. Sentrale aspekt er at barnet sine behov blir tilfredstilte, spesielt behovet for tryggleik og trøyst. Foreldra må kunne gje sensitiv omsorg gjennom kontingente og ubetinga responsar på tvers av kontekst og tid (Ainsworth, Blehar, Waters & Wall, 1978). For utviklinga av hjernen til det vesle barnet er det tidlege samspelet svært viktig for både sosial, emosjonell og kognitiv utvikling. I løpet av dei tre fyrste leveåra vert fleire av hjernecellene kopla saman i funksjonelle nettverk avhengig av kva celler som vert aktiverte på same tid. Celler som ikkje vert brukte ”tynnast vekk” (Smith, 2003).

Den langsiktige effekten av arbeidet oppgåva fokuserer på, er at barnet vil ta med seg tilknytningstype og emosjonell fungering og vidareføre dette til sine barn når den tid kjem. Dette er ein viktig grunn for det førebyggjande arbeidet som skal gjerast – ein kan førebyggje neste generasjon si omsorgssvikt av sine barn (Killén, 2005).

Det viktigaste svaret på problemstillinga må vere som Lyons Ruth (1995) peikar på: ein må ha ei forståing av at dei fyrste åra i barnet si utvikling best kan skildrast i eit relasjonsperspektiv. Eit barn si utvikling er kompleks, ein kan ikkje vurdere ei og ei utviklingslinje eller sjå på ulike stadium i utviklinga hos barnet utan også å sjå på korleis barnet samspelar med omverda. Ein må også tenkje at spedbarn er avhengige av relasjonar for å kunne leve og utvikle seg, det vil difor vere både barnet og forholdet mellom barnet og den vaksne som treng behandling.

I denne oppgåva har eg peika på at trygg tilknytning er ein føresetnad for utvikling av god psykisk helse. Ein god måte å rådgje, hjelpe eller førebyggje på er å ta utgangspunkt i tryggleikssirkelen og nytte MISC og ORION sine prinsipp under videoretting av foreldra.

Føreord

Oppgåva er eit utgangspunkt for mitt vidare arbeid ved Nordfjord BUP. Eg har lært mykje undervegs, og håpar kanskje nokon andre også kan fatte interesse for temaet og sjå kor viktig det er å fokusere på tilknytning og tidleg samspel. Eg har eit ønske om at kunnskapen som kjem fram i oppgåva skal ut i kommunane, at ein i kvar kommune skal ha førebyggjande tiltak for små barn og deira samspel med sine foreldre. Fokuset skal vere tilknytning og tidleg stimulering, arbeidet skal rette seg mot å gje kvar familie høve til å gje sitt barn gode utviklingsmoglegheiter og høve til å nytte sitt potensiale på ein best mogleg måte.

Eg vil takke avdelingsleiaren min ved Nordfjord BUP, psykologspesialist Mary Ann Refseth, for å ha vore fleksibel og imøtekomande, og for at ho har gjeve meg tid og rom slik at eg kunne kome i mål med masterarbeidet mitt. Eg vil takke både Mary Ann, leiaren på sped- og småbarnsteamet psykologspesialist Margaretha Larsson og medarbeidar psykologspesialist Toril Taklo som har tatt seg tid til å lese oppgåva og gjeve meg tilbakemelding på det faglege innhaldet mot slutten av skriveprosessen min. Dette har vore til uvurderleg hjelp for meg.

Eg vil takke rettleiarane mine, Astrid Askildt (Høgskulen i Sogn og Fjordane) og Erling Kokkersvold (Universitetet i Oslo), for stødig og god rettleiing undervegs i mitt arbeid med denne masteroppgåva.

Eg vil også takke dei heime, Matilde, Eldri og Eirik, som har tålt at nærare 70 bøker har lege i stablar i stova mesteparten av det siste året. Takk til Eldri som har gjort meir husarbeid og laga meir mat enn eg. Eg veit at det blir ei lette for heile familien at eg blir ferdig med masteren. Når eg no har levert skal det bli ei fryd å gjere godt igjen og ta att litt av alt eg har forsømt.

Takk også til Eldri og Helga for korrekturlesing og nynorskstøtte.

Juni 2011

Anita Leite

Innhold

1.	INNLEIING	1
1.1	BAKGRUNN, TEMA OG FØREMÅL.....	1
1.2	PROBLEMSTILLING.....	3
1.3	OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	4
2.	FORSKINGSOPPLEGG, DESIGN OG METODE	5
2.1	ETISKE OMSYN SOM MÅ IVARETAKAST I PROSJEKTET.....	7
3.	TILKNYTING	8
3.1	DEFINISJON.....	8
3.2	HISTORISK OVERSYN.....	8
3.3	BARNET SI UTVIKLING.....	9
3.4	FORELDRE SI FUNGERING FOR Å MØTE BARNET OPTIMALT.....	15
4.	FØREBYGGJANDE ARBEID	17
4.1	DEFINISJON.....	17
4.2	HISTORISK OVERSYN.....	18
4.3	BARNET SI UTIKLING.....	18
4.4	FORELDRE SI FUNGERING FOR Å MØTE BARNET OPTIMALT.	20
5.	TIDLEG SOSIAL OG EMOSJONELL UTVIKLING	27
5.1	DEFINISJON.....	27
5.2	HISTORISK OVERSYN.....	28
5.3	BARNET SI UTVIKLING.....	29
5.4	FORELDRE SI FUNGERING FOR Å MØTE BARNET OPTIMALT.....	34
6.	TIDLEG SAMSPEL	37
6.1	DEFINISJON.....	37
6.2	HISTORISK OVERSYN.....	37
6.3	BARNET SI UTVIKLING.....	38

6.4	FORELDRE SI FUNGERING FOR Å MØTE BARNET OPTIMALT.....	40
7.	RÅDGJEVAREN SI ROLLE.....	42
7.1	DEFINISJON.....	42
7.2	KVA KUNNSKAP TRENG RÅDGJEVAREN.....	43
8.	KASUS 1 TRYGG TILKNYTING.....	49
8.1	PRESENTASJON AV OLIVIA, TRE MÅNADER GAMAL.....	49
8.2	DRØFTING AV KASUS.....	50
8.2.1	<i>Tilknytning.....</i>	50
8.2.2	<i>Førebyggjande fokus.....</i>	51
8.2.3	<i>Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt.....</i>	52
8.2.4	<i>Tidleg samspel.....</i>	54
8.2.5	<i>Rådgjevaren si rolle.....</i>	56
9.	KASUS 2 UTRYGG AMBIVALENT TILKNYTING.....	58
9.1	PRESENTASJON AV SAMUEL, 19 MÅNADER GAMAL.....	58
9.2	DRØFTING AV KASUS.....	59
9.2.1	<i>Tilknytning.....</i>	59
9.2.2	<i>Førebyggjande fokus.....</i>	60
9.2.3	<i>Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt</i>	61
9.2.4	<i>Tidleg samspel.....</i>	63
9.2.5	<i>Rådgjevaren si rolle.....</i>	64
10.	KASUS 3 UTRYGG UNNVIKANDE TILKNYTING.....	66
10.1	PRESENTASJON AV ELIDA, 15 MÅNADER GAMAL.....	66
10.2	DRØFTING AV KASUS.....	67
10.2.1	<i>Tilknytning.....</i>	67
10.2.2	<i>Førebyggjande fokus.....</i>	68
10.2.3	<i>Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt</i>	68
10.2.4	<i>Tidleg samspel.....</i>	70

10.2.5	<i>Rådgjevaren si rolle</i>	71
11.	KASUS 4 DESORGANISERT TILKNYTING	74
11.1	PRESENTASJON AV HÅKON, TO ÅR GAMAL.....	74
11.2	DRØFTING AV KASUS.....	75
11.2.1	<i>Tilknytning</i>	75
11.2.2	<i>Førebyggjande fokus</i>	75
11.2.3	<i>Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt</i>	76
11.2.4	<i>Tidleg samspel</i>	78
11.2.5	<i>Rådgjevaren si rolle</i>	79
12.	KONKLUSJON	83
	LITTERATURLISTE	85

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, tema og føremål

Denne oppgåva skal fokusere på dei minste barna og kva behov dei har for nærleik og positivt samspel med sine næraste for å få ei sunn utvikling. Eg arbeider på barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), der størsteparten av stillinga mi er knytt til sped- og småbarnsteamet. Eg ser det som eit mål å nytte masterarbeidet til å utdanne meg innan feltet som eg arbeider i til dagleg. Ein del av arbeidet går ut på å analysere samspel mellom små barn i alderen null til tre år og deira foreldre, og å arbeide med foreldra med tanke på å tolke og forstå signala barnet sender. Vi arbeider mellom anna med å vitalisere signalsvake barn. Vi hjelper foreldre som kan bli overstyrande og ivrige til å lene seg tilbake og prøve å sjå barnet sine intensjonar, og vi hjelper passive foreldre som ikkje aktiviserer eller vitaliserer barnet sitt til å kome i posisjon til utviklingsfremjande samspel med barnet sitt. Kort sagt arbeider vi med å hjelpe foreldre til å sjå og forstå barnet sin ståstad og barnet sine ressursar slik at ein kan få eit tilpassa samspel ut frå barnet sitt utviklingsnivå der og då.

Den erfaringa eg har med praktisk spesialpedagogisk arbeid før eg byrja å arbeide på BUP, har fyrst og fremst vore retta mot barn som har utvikla vanskar. Ein retta då dei spesialpedagogiske tiltaka mot barnet åleine eller i beste fall mot den gruppa barn som barnet er i. Ved å førebyggje sosiale og emosjonelle vanskar gjennom å fokusere på type tilknytning og det tidlege samspelet barnet har til sine foreldre, kan ein forbetre utviklingsmoglegheitene til barnet, samt minske risikoen for skeivutvikling hos barnet.

I sped- og småbarnsteamet arbeider vi med familiar, vi har aldri fokus berre på barnet som er tilvist når vi skal gjere ei barnepsykiatrisk utgreiing. Vi har fokus på barnet si fungering i samspel med sine næraste og det miljøet desse lever i. I denne oppgåva vil eg ikkje gå inn på korleis ein kan diagnostisere eller kategorisere typen tilknytning eit barn har til sin omsorgsperson. Eg vil sjå på korleis ein kan arbeide med barnet og foreldra alt etter kva vanskar barnet har.

Dei tiltaka eg vil belyse som førebyggjande i fokuset på tidleg samspel og tilknytning, vil kunne kallast psykososialt arbeid. Psykososialt arbeid er ei fellesnemning for arbeid og aktivitetar som set mellommenneskelege relasjonar i fokus. Relasjonar er sett saman av

tilfeldige eller planlagde sambindingar mellom to eller fleire personar, kan ha ulik varigheit og grad av forplikting, og vere kjenneteikna av bestemte aktivitetar og roller (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Ut frå denne definisjonen vil tiltaka som blir presenterte både kunne karakteriserast som psykososialt arbeid og relasjonsbasert arbeid. Samtala vil vere det sentrale forum for læring og utvikling.

Tilknytning er eit sentralt tema når ein arbeider med barn. Eg vil sjå på korleis ein kan arbeide førebyggjande og behandlande med eit barn som viser tilknytingsvanskar, slik at ein om mogleg kan unngå sosiale og emosjonelle vanskar når det blir eldre. Foreldre kan optimalisere eller avgrense barnet sine utviklingsmoglegheiter gjennom korleis dei forstår, tolkar og samspelar med barnet sitt. Eg vil skrive om kva tiltak ein kan setje inn når ein oppdagar foreldre som har vanskar med å tolke barnet sine signal der barnet byrjar å få ei skeivutvikling. Om ein set i gang rettleiing for å betre samspelet mellom forelderen og barnet, vil ein kunne arbeide førebyggjande med barnet si sosiale og emosjonelle utvikling. Ein kan avverje vanskar barnet elles vil få om forelderen ikkje får hjelp i sitt samspel med barnet. Ved å støtte foreldra i deira samspel med barnet, arbeider ein behandlande med barnet. Barna som ikkje har ei trygg tilknytning til sine foreldre vil ha mindre gode føresetnader for vidare utvikling dersom ein ikkje set inn hjelpetiltak. Dette vil eg vise gjennom å konstruere kasus med ulike tilknytningstypar som eg drøftar opp mot dei ulike teoriane.

For å kunne førebyggje noko, må ein ha grundig kunnskap om det ein ønskjer å førebyggje. Eg kjem i drøftingsdelen til å knyte kasuset opp mot teori om tilknytning og tidleg samspel, i tillegg til å skrive om korleis ein kan arbeide førebyggjande for kasuset si sosiale og emosjonelle vidareutvikling. Dette vil gje ei djupare forståing av arbeidet slik eg ser det. Ein må ha kunnskap til å forstå det enkelte individet ein skal rette tiltak mot, kunne forstå fungeringa til både barnet og forelderen opp mot teoretisk tenking og ut frå dette kome fram til kva som skal til i det førebyggjande arbeidet. Fokuset eg har valt gjer det viktig å kjenne ulike typar tilknytning for å forstå korleis ein best kan arbeide førebyggjande med det enkelte barnet.

Eg ser det som viktig å skrive om **kvifor** ein bør fokusere på tilknytning og tidleg samspel i det førebyggjande arbeidet i høve eit barn si seinare sosiale og emosjonelle fungering, i tillegg til å skrive om **korleis** ein kan arbeide. **Kvifor** er ein premiss for å kunne svare på **korleis**. Om ein ikkje har gode argument for den arbeidsmetoden ein vel, kan ein heller ikkje rekne med at motivasjonen hos rådsøkjjar kan hentast fram. Når eg skal svare på **korleis** ein kan arbeide i

forhold til problemstillinga, vert svaret på ein måte toppen av eit isfjell, der den delen som stikk under havoverflata (90 prosent av isfjellet) er svaret på **kvifor**. Rådgjevaren bør ha med seg heile "isfjellet" av kunnskap, han må vite både korleis han vil jobbe og kvifor, og han må ha denne kunnskapen lett tilgjengeleg i samspel med rådsøklar. Konklusjonen min må difor svare på både kvifor og korleis ein kan jobbe i forhold til problemstillinga.

Kasusa som eg konstruerer vil eg "gjere til BUP-pasientar". Eg vil då ta utgangspunkt i allereie avklarte relasjonsforhold mellom foreldre og barn og skrive drøftinga ut frå dette. Det er lett å tenkje at om eg fokuserer på BUP-pasientar, er eg inne eitt steg for seint for å førebyggje. Dette vil eg seie ikkje stemmer. Det arbeidet eg siktar til er eit lågterskeltilbod for barn mellom null og tre år. Helsestasjonane tilviser til BUP for å få ei vurdering av situasjonen og utviklinga til barnet sett i forhold til mellom anna tilknytning og tidleg samspel mellom barnet og foreldra. BUP gjer eit førebyggjande arbeid med barnet si seinare psykiske helse ved å fokusere på tilknytning og tidleg samspel. Oppgåva fokuserer på barn som allereie har tydelege risikofaktorar i si fungering eller miljø, problem har oppstått hos anten barnet sjølv eller hos ein av foreldra. Oppgåva vil dermed fokusere på sekundær- og tertiærførebyggjande tiltak (jamfør s.17) (Caplan, 1964). Ein kan gjere meir generelt førebyggjande arbeid, men oppgåva vil ha fokus på familiar der det allereie er nokon som har bekymra seg, og fått barnet tilvist til BUP for vurdering. Oppgåva har fokus på førebyggjande arbeid som er selektivt, indikert og individretta (jamfør s.18) (Mrazek & Haggerty 1994, Killèn, 2000).

Rådgjevaren som vert skildra i oppgåva har spesialpedagogisk utdanning med vidareutdanning som klinisk pedagog. I arbeidet har den kliniske pedagogen ofte tett samarbeid med ein psykolog.

Hovudtilknytingspersonen til eit barn er den personen barnet har det sterkaste bandet til. Dette kan vere mor, far eller annan nær vaksenperson. Mor, far eller annan viktig tilknytingsperson vil heretter i oppgåva bli omtala som mor.

1.2 Problemstilling

"Korleis kan ein gjennom å ta utgangspunkt i tilknytning og tidleg samspel arbeide førebyggjande i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn?"

Delproblemstillingar:

- Kvifor er det viktig å ta utgangspunkt i tilknytning og tidleg samspel i førebyggjande arbeid i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn?
- Kva konsekvensar vil ulike tilknytningstypar få i førebygging av sosiale og emosjonelle vanskar?

1.3 Oppbygging av oppgåva

Fyrste kapittel er innleiing og presentasjon, der val av tema og grunngeving vert gjeve.

Kapittel to presenterer metodevalet i oppgåva, som er dokumentanalyse. Teoridelen er delt i fem kapittel som kvart belyser og drøftar dei ulike delane som problemstillinga inneheld: tilknytning, førebygging, tidleg sosial og emosjonell utvikling og tidleg stimulering, og i tillegg er det eitt kapittel som gjer greie for og drøftar rådgjevaren si rolle i arbeidet med familien. Drøftingsdelen er delt i fire kapittel: eitt for kvart kasus som vert presentert. Kvart kasus har ulik tilknytning: trygg tilknytning, utrygg ambivalent tilknytning, utrygg unnvikande tilknytning (Ainsworth et al., 1978) og desorganisert tilknytning (Main & Salmon, 1990). Oppgåva vil gjere greie for korleis ein pedagogisk rådgjevar kan arbeide med foreldra til barnet for å førebyggje ei skeivutvikling eller ei ytterlegare skeivutvikling hos barnet.

Kvart av kapitla i teoridelen, med unntak av kapitlet om rådgjevaren si rolle, har eg valt å underdele med lik struktur. Eg vil i kvart kapittel belyse fire underpunkt; definisjonar, historisk oversyn, barnet si utvikling og foreldre si fungering. Måten teoridelen er bygd opp på skal gjere det lett å få eit oversyn over det oppgåva skal gjere greie for, og det skal vere ein god inngang til drøftingsdelen der eg skal kople teorien opp mot sjølvkonstruerte kasus med ulik type tilknytning til sine foreldre.

Under drøftinga av kasus har eg valt å underdele drøftinga med tilnærma dei same overskriftene som i kapittel tre til sju. Dei to fyrste kasusa vil eg drøfte direkte opp mot teorien som vert presentert i oppgåva sin fyrste del. I det tredje og fjerde kasuset vil eg noko friare skildre den rettleingsprosessen som rådgjevaren kan ha med foreldra. Eg vil då skrive ut frå eiga erfaring i tillegg til å knyte kasuset opp mot teori. I det siste kasuset vil eg også ta med rådgjevaren sitt ansvar for å vurdere kva tid ein bør bekymre seg så mykje for barnet si utvikling at ein melder frå til barnevernet.

2 Forskingsopplegg, design og metode

Dette er ei teorioppgåve. Teorien som blir presentert vil dreie seg om tilknytning, førebygging, tidleg sosial og emosjonell utvikling, tidleg stimulering og rådgjevaren si rolle.

Vidare vil eg presentere sjølvkonstruerte kasus som eg skal drøfte teorien opp mot. Dei ulike kasusa vil hjelpe meg til å belyse ulike delar av teorien og kople desse opp mot praksis. Eg vil konstruere kasus for å setje fokus på og analysere teoriane som er presenterte, og som hjelper meg til å få fram ulike tilnæringsmåtar i behandlinga av det enkelte barnet.

Masteroppgåva er eit forskingsprosjekt og arbeidet skal etterprøve eller fornye kunnskap (Befring, 2002). Metoden eg vil nytte er dokumentanalyse. Eg vil nytte dokument som er laga for eit anna føremål enn det eg skal nytte dei til (Skogen, 2006). Eg vil finne teoretikarar som kvar for seg belyser dei tema eg er ute etter, sjå desse i samanheng, drøfte dei opp mot kvarandre og knyte dei saman. Det vil her dreie seg om å leite fram kunnskapar som belyser ei sak slik at vi kan forstå den betre. Eg vil nytte anvendt forskning, hensikta med denne er å bringe fram ny kunnskap som kan nyttast i aktuelle praktiske samanhengar.

Essensielle trekk ved dokumentanalyse er kjeldekritisk gransking og tolking av tekstar (Befring, 2002). Eit viktig føremål er å forstå meiningsinnhaldet og finne samanhengar. Dei metodiske prinsippa som her er lagt til grunn, blir ofte samanfatta i omgrepet hermeneutikk. Dette er basismetoden i humanistiske og klassiske fag som teologi, jus og historie, men har òg stor relevans for pedagogikk og spesialpedagogikk. Målet med drøftinga av dei ulike teoriane er for meg å kome inn i ein hermeneutisk spiral. Befring viser til Jean Piaget som har laga eit bilete av menneskeleg læring som ein interaktiv prosess mellom nye inntrykk og eksisterande kunnskap, det han kalla assimilasjon og akkomodasjon. Det Piaget definerer er i tråd med definisjonen på ein hypotetisk-deduktiv prosess, ei suksessiv veksling mellom informasjonsinnhenting, tolking og generalisering. Kjeldstadli (1999) seier at gjennom ei spiralrørsle, ei fram- og tilbakekopling, vinn tolkinga i djupn og innsikt. Det vert gjerne uttrykt som at delen blir sett i lys av heilskapen, og at forståinga av heilskapen vert auka gjennom innsikt i delane.

Ein hermeneutisk prosess er ein fortolkande prosess (Repstad, 2007). Den inneber at vi les allmenne trekk og samanhengar inn i dei konkrete observasjonane vi gjer. Hermeneutikk,

fortolkingslære, er i utgangspunktet eit forsøk på å reflektere over korleis ein faktisk forstår og tolkar i humanistiske vitenskapar.

Drøftinga i oppgåva vil ha form av ein abduksjon; den vil søkje å sjå sannsynlege, men ikkje naudsynte samanhengar. Kjørup (1996) seier abduksjon er den vanlege typen logisk slutning i humanvitenskapane i dag. Oppgåva vil gjere seg nytte av vitenskapelig tenking. Dei kjeldene eg vel å byggje min argumentasjon ut frå skal vere vitenskapelig funderte. Dei eigne konklusjonane som eg kjem fram til skal vere vitenskapelig haldbare, det vil seie at argumentasjonen skal vere logisk gyldig og at det skal vere belegg for det eg hevdar med utgangspunkt i teoriane (Fifa & Krogtoft, 2006).

Grenselinjene mellom samtidshistorisk og historisk orientert forskning er flytande, og det vil vere fruktbart å forankre problemstillinga i eit historisk perspektiv (Befring, 2002). Dette vil eg ta omsyn til i oppgåva. Eg vil altså forankre dei ulike teoridelane i eit historisk perspektiv. Gjennom å belyse dei tidlegare forståingane av dei ulike teoriane som blir presenterte, vil ein kunne få ei djupare forståing for dei tenkjemåtane som no herskar, og kvifor vi tenkjer som vi gjer. Historia kan sjåast på som eit arkiv, ein katalog, eit tilbod på måtar ein kan gjere ting på. Ikkje alle tankar er nye, ikkje alt må gjerast om igjen (Kjeldstadli, 1999). Han seier vidare at dersom vi skal forstå notida, må vi vite korleis den har blitt til.

Kjeldstadli (1999) seier at historia styrer oss inn i gamle mønster der vi treng å tenkje nytt. Han siterer Karl Marx: ”Tradisjonen frå dei døde slektsledd rir dei levande sine hjernar som ei mare”. Fortida er med oss anten vi vil eller ikkje. Dersom fortida er ei hindring og ei byrde, er kunnskap om kva som har skjedd, og kunnskap om eigenarten ved menneska si historie, den raskaste og sikraste vegen til å frigjere seg frå denne byrda.

Teoretikarane utviklar nye teoriar på grunnlag av forskning og arbeid andre har gjort. På denne måten er dei inne i ein hermeneutisk spiral i ein større samanheng. Eg skal ikkje ta på meg å overgå desse, mitt hovudfokus vil vere å veksle mellom teori og kasus og på slik kome inn i min eigen hermeneutiske spiral. Det er ikkje sikkert at det eg finn vil vere prega av ny kunnskap, men eg vil gjere eit utval av litteratur som set fokus på det problemstillinga krev og ut frå dette dra ut vesentlege element som kan setjast saman til ein meiningsfull heilskap. På denne måten kan oppgåva bidra til å setje fokus på eit område innan spesialpedagogikken som eg ser som avgjerande viktig.

For å sikre kvaliteten og validiteten i oppgåva vil eg gå til primærkjeldene når eg presenterer teoriar (Kjeldstadli, 1999). Eg vil i tillegg vise til andre teoretikarar som omtaler teorien eg vil belyse. Dette vil sikre ei framstilling så nær det opphavlege utgangspunktet som mogleg når eg omtaler teori. For å vurdere kjeldene eg nyttar, vil eg vurdere om dei er i samsvar med den større samanhengen, og anna kunnskap som eg finn i prosessen eg gjennomgår når eg vel ut aktuell litteratur til oppgåva. Eg vil også vurdere om kjelda er relevant i høve problemstillinga. Den kan vere påliteleg, men irrelevant, i denne samanheng ikkje valid (Befring, 2002).

Dei ulike teoridelane i oppgåva er nært knytte til kvarandre. Eg vil likevel halde dei fråskilde før eg knyter dei saman i drøftingsdelen. Når eg arbeider med oppgåva vil eg gå fleire rundar med teoridelen og drøftinga. Eg vil starte med teori, lese meg opp og skrive dei ulike delane før eg konstruerer kasusa og drøftar desse opp mot teorien. Eg vil med alt sannsyn få behov for å gå tilbake til teoridelen, finne fleire teoretikarar på enkelte område, utdjupe meir enkelte delar av teorien, kanskje tilføye nye perspektiv før eg på ny går tilbake til drøftinga og flettar inn den nye teorien. Slike rundar tenkjer eg å gjere fleire av. Dette vil vere ein del av min hermeneutiske spiral; mi læring i prosessen eg går gjennom ved å skrive denne oppgåva.

2.1 Ethiske omsyn som må ivaretakast i prosjektet

Det er ingen tydelege etiske omsyn som må ivaretakast i metoden eg har valt. Eg skal nytte sjølvkonstruerte kasus som eg skal drøfte teorien opp mot. Eg vil medvite ta eit forskingsetisk omsyn, at eg skal behandle teoriane på ein ærleg måte og ikkje prøve å vri teoriane slik at dei høver mitt personlege syn. Det at eg arbeider i barne- og ungdomspsykiatrien vil kunne påverke mi forståing av det eg les. Dette er ei mogleg feilkjelde både i høve til mi forståing av det eg les, og korleis eg vel å sjå teoriane i samanheng i drøftingsdelen, men òg ein mogleg styrke ved at teorien blir knytt tett opp til pedagogisk psykologisk praksis.

3 Tilknyting

3.1 Definisjon

Når omgrepet tilknyting vert nytta i utviklingspsykologien, er det ei norsk omsetjing av det engelske ordet attachment, med vektlegging på betydinga av noko mindre som heng saman med, og som er avhengig av, noko større (Broberg, Mothander, Granqvist & Ivarson, 2008). Teorien behandlar også samspelet mellom tilknyting og omsorg. Samspelet omfattar foreldre, eller annan omsorgsperson, sin vilje og evne til å støtte barnet sitt behov både for vern, trøyst og tryggleik i utsette situasjonar og det å støtte barnet sitt behov for å få utforske verda under rimeleg sikre vilkår når dette er mogleg. Tilknyting kan best forståast som ein relasjonsspesifikk prosess mellom forelder og barn under spedbarnsåret, som i fyrste halvdel av det andre leveåret resulterer i eit målbart psykologisk band mellom dei.

Zachrisson (2010) viser til Bowlby (1969) som skildra tilknyting som barnet sin motivasjon for å søkje trøyst og vern hos tilknytingsfigurane når det kjenner seg engsteleg eller redd, anten på grunn av separasjon frå tilknytingsfigurane eller ved at noko i barnet sitt heilt nære miljø gjer barnet engsteleg eller redd. Tilknytingsfigurar er nemninga på nokon utvalde vaksne som barnet har eit spesielt nært kjenslemessig forhold til, vanlegvis foreldra. Zachrisson viser vidare til Sroufe og Waters (1977) som seier at tilknyting ikkje handlar om barn sin motivasjon for bestemte åtferder, men om barn sin motivasjon for å organisere åtferd og tankar på ein måte som gjer at dei når eit mål; opplevinga av å vere trygg og verna. Barn si tilknytingsåtferd kan med andre ord variere på tvers av situasjonar, men hensikta med åtferda er den same. Desse to grunnpremissane, at tilknyting er barnet sin motivasjon for å søkje vern når det er engsteleg eller redd, og at dette er organisert som målretta åtferd, er essensielle for å forstå kva tilknyting har å seie for psykisk helse.

3.2 Historisk oversyn

Utviklinga av tilknytningsteorien kom i stand på grunn av kjensla av at avhengighetsteoriar vart utilstrekkelege for barn si sosiale og emosjonelle utvikling (Bowlby, 2006). Det Bowlby kallar tilknytningsteori er teori om menneska sin hang til å skape sterke kjenslemessige band til bestemte andre menneske og forklare ulike forstyrningar som angst, raseri, depresjon og emosjonell fråkopling, som ufrivillig separasjon og tap kan føre til. Konstruksjonen av

tilknytningsteorien Bowlby står for kom i all hovudsak til mellom 1957 og 1980. Den dekkjer alle fenomen som Freud var oppteken av: kjærleiksrelasjonar, separasjonsangst, sorg, forsvar, sinne, skuld, depresjon, traume og emosjonell fråkopling i barndommen.

For mennesket og for andre pattedyr som ikkje får så mange barn i løpet av si reproduktive tid, er vern av avkommet spesielt viktig (Bowlby, 1982). For at reproduksjon skal løne seg, må barnet ikkje berre overleve dei fyrste åra, men nå ein reproduksjonsmogen alder og føre slekta vidare. Bowlby sin konklusjon var at barnet måtte vere utrusta med eit åtferdsmønster der funksjonen var å fremje tilstrekkjeleg nærleik til den primære omsorgsgjevaren slik at foreldra sin jobb med å verne barnet skulle bli lettare. Dette er spesielt tydeleg i barnet sin andre halvdel av fyrste leveår, då barnet lærer seg å krype. Utan eit åtferdsmønster som vernar barnet, ville det av sin ustoppelige nysgjerrigheit og oppdagartrong elles kunne forsvinne utanfor synsvidda til forelderen og dermed risikere å kome vekk eller skade seg. Det viktige med å vektleggje tilknytninga si evolusjonsbiologiske base, er at det gjev ei vitskapleg akseptabel forklaring på kvifor tilknytingsbehovet er så grunnleggjande. Det er ei motivasjonell kraft som verkar på barn i alle menneskelege kulturar, ei kraft som også dei fleste foreldre har ei tilstrekkjeleg evne til å svare på (Broberg et al., 2008).

Ainsworth (1978) var sterkt medverkande i utviklinga av tilknytningsteorien. Ho gjorde banebrytande forskning om tilknytingsåtferd. Ho er også opphavskvinna bak omgrepet ”ein sikker base”, som er eitt av dei svært sentrale punkta i teorien, der foreldreåtferda står i sentrum (jamfør s. 15 og 16) (Bowlby, 1988).

Dei fleste sped- og småbarnsforskarar av i dag ser ut til å vere samde om at barnet vert fødd med eit uendeleg ope og formbart system (Raundalen, 2002). Dette systemet vert utvikla gjennom barna si utforsking, samspele dei inngår i og dei erfaringane dei gjer seg. Det kan nesten sjå ut som om hjernen til barna er mottakelege for kva som helst. Tilknytninga til vaksne med forstand og kjærleik vert difor det viktigaste vernet, og grunnlaget for utviklingsvilkåra til barnet.

3.3 Barnet si utvikling

Det er ulike aspekt ved tilknytning (Smith, 2002). Bowlby og Ainsworth sine teoriar om tilknytning har to hovudkomponentar. Den eine handlar om det normgjevande, det som er felles for alle artsmedlemmer når det gjeld mønster for tilknytning og stadia i utviklinga. Det

andre elementet er dei individuelle skilnadene, som representerer avvik frå dei mest typiske mønstera.

Ved sju månaders alder skjer det viktige endringar hos barnet (Smith, 2002). Barnet tilpassar seg ikkje like lett nye stader eller personar. Barnet viser ei aktiv form for målkorrigert oppretthalding av nærleik til ein bestemt omsorgsperson. Repertoaret av tilknytingsåtfærd omfattar no både signal (som smil, gråt og strekking), rørsler (som å følgje etter eller nærme seg omsorgspersonen), klamring til ein vaksen, og protest ved separasjon. Dette spranget i utviklinga skjer samstundes som barnet lærer seg å forstå at eit objekt ute av syne framleis eksisterer. Dersom barnet ikkje kunne sjå for seg at omsorgspersonen eksisterer når han eller ho er ute av syne, ville ikkje barnet prøve å følgje etter han inn i eit anna rom.

Når barnet vert mellom 24 og 30 månader, skjer det igjen ei endring i barnet sitt tilknytingsforhold. Barn i denne alderen byrjar å oppfatte dei vaksne sine kjensler og planar. Barnet kan no i større grad bli ein partner når det gjeld korleis den vaksne og barnet stiller seg til separasjon. Bowlby (1969) kallar dette for eit målkorrigert partnerskap. Når barnet nærmar seg 30 månader, er det kome så langt i den kognitive og språklege utviklinga at det kan forhandle med foreldra og leggje felles planar for å oppnå det same målet (Smith, 2002). I omgrepet eit målkorrigert partnerskap ligg det at det er ein varig relasjon mellom to individ, kjenneteikna av gjensidig tilpassing av planar og mål. Ingen av kasusa i drøftingsdelen har nådd dette funksjonsnivået. Eg vel å ta med teori om målkorrigert partnerskap fordi det er ein del av den vidare utviklinga som kasusa vil få, og det er viktig for rådgjevaren å ha kompetanse om utviklingspsykologi generelt.

Tilknytingsåtfærd er lettast å få auge på når barnet er redd, trøytt eller sjukt, og åtferda minkar når tilknytingspersonen gjev vern, hjelp og trøyst (Bowlby, 1969). Berre vissa om at tilknytingspersonen er tilgjengeleg og responsiv, eller at ho eller han fungerer som ein trygg base, gjev ei sterk kjensle av tryggleik for barnet og får individet til å verdsetje relasjonen. Å vere tilgjengeleg inneber både at det er mogleg å kome i kontakt med tilknytingspersonen og at denne er responsiv når det er påkravd (Smith, 2002).

Bowlby (1973) byggjer sin teori om indre arbeidsmodellar på tre grunnleggjande antakelsar: 1: Eit barn som er sikker på at tilknytingspersonen er tilgjengeleg når det ønskjer det, vil vere mindre disponert for akutt eller kronisk frykt enn eit barn som av ein eller annan grunn ikkje har ein slik tryggleik. 2: Ei trygg visse om at tilknytingspersonen er tilgjengeleg, eller ei

utrygg visse om at ho eller han ikkje er tilgjengeleg, vert gradvis bygd opp i løpet av barnealderen. Forventingane om tilknytingspersonen sitt tilgjenge vil deretter bli relativt konstant gjennom resten av livet. 3: Forventingane om kor lett (eller vanskeleg) det er å kome i kontakt med tilknytingspersonen og kor responsiv denne er, vert danna på grunnlag av reelle samspels erfaringar med denne personen.

På grunnlag av dei erfaringane barnet gjer seg i samspel med omsorgspersonen sin, vil det danne forventingar om kor responsiv omsorgspersonen er. Dette vil etter kvart påverke kor effektivt barnet sjølv kan utløyse respons hos andre. Eit barn som forventar at omsorgspersonen vil vere responsiv, er trygg i si eiga utforsking av omverda, signaliserer behov på ein tydeleg måte (eller søker aktivt kontakt når det er naudsynt) og reagerer raskt når omsorgspersonen grip inn. Ein indre arbeidsmodell er også basert på erfaringar i samband med regulering av emosjonar (Smith, 2002). Det vil seie at eitt av modellen sine vesentlege aspekt er i kva grad barnet forventar at positive emosjonar blir oppretthaldne trass i konflikhtar i omgjevnadene. Bowlby (1973) har i sine teoriar om tilknytning ikkje berre vore oppteken av dei ytre farar som finst i miljøet, men også av dei indre reguleringsmekanismane som til ei kvar tid er forbunde med oppretthalding av stabile forhold i mekanismen.

Utrygge og unnvikande barn har erfart at dei vaksne reagerer lite på deira uro eller redsle, og baserer seg difor i større grad på å sjølv regulere stress (Smith, 2002). Utrygge og ambivalente barn har erfart at tilknytingspersonane er uføreseielege, men at dei reagerer av og til. Difor gjer dei alt dei kan for å få merksemd ved å auke tilknytingsåtferda, noko som av og til fører til at stresset blir redusert. Barn som har ei desorganisert form for tilknytning, manglar ein strategi for å redusere eige stress i samspel med dei vaksne.

Forutsigbarheit og kontroll er av betydning for individuelle skilnader i barn si tilknytning (Smith, 2002). Trygg tilknytning inneber bruk av ein strategi som er forbunden med tillit til at negative opplevingar kan bringast under kontroll. Fordi trygge barn veit at omsorgspersonane vil kome for å hjelpe, vil ubehagelege situasjonar opplevast som mindre stressande. Barn med utrygg tilknytning opplever derimot meir usikkerheit i forhold til om tilknytingsstrategiane vil fungere. Det fører til ei større belastning på dei indre mekanismane, mindre forutsigbarheit om kva som vil skje i tilknytingsrelevante situasjonar, og ei kjensle hos barna av at dei ikkje har kontroll over ubehagelege situasjonar.

Cassidy (1994) legg vekt på at emosjonsreguleringa er eit aspekt ved tilknytingsstrategiane. Den primære strategien er forbunde med at emosjonane blir uttrykte på ein open og fleksibel måte. Når omsorgspersonen er sensitiv overfor barnet sine signal, lærer barnet at det er føremålstenleg å uttrykkje emosjonar overfor andre, og at negativ affekt vil gjere den vaksne årvaken i situasjonar som kan gje grunn til uro. Det finst i tillegg to sekundære strategiar. Den eine av desse er den unnvikande strategien. Den går ut på at barnet prøver å undertrykkje informasjon som er forbunde med tilknytingsbehov. Ein kan anta at omsorgspersonen tidlegare har ignorert eller tilbakevist negative affektutbrot, og at barnet har lært seg å halde slike uttrykk tilbake for å unngå avvising. På same måte prøver barnet også å halde tilbake positive affektuttrykk fordi desse gjev signal om at det gjerne vil ha noko med den vaksne å gjere, medan barnet har erfart at initiativ til samhandling som regel har vore etterfølgt av skuffande opplevingar. Den andre sekundære strategien er forbunde med forsterka emosjonsuttrykk. Det finn ein som regel hos barn med utrygg og ambivalent tilknytning. Ein antek at det er eit uttrykk for at barnet har opplevd selektive og inkonsistente reaksjonar på negativ affekt. Når tilknytingspersonen er inkonsistent i sine omsorgsreaksjonar, kan det bety at barnet må vere årvake for ikkje å risikere å tape den vaksne si merksemd.

Crittenden (1995) tolkar tilknytingsstrategiane på ein litt annan måte. Ho meiner at dei ulike strategiane er eit uttrykk for i kva grad barnet baserer seg på informasjon om kognitive eller affektive forhold til omverda. Trygge barn har ei avstemt form for mental organisering som integrerer kognitiv og affektiv informasjon. Utrygge og unnvikande barn er kjenneteikna av at dei legg mest merke til kognitivt relevant informasjon i omgjevnadene, og av at dei unngår å vere merksame på den vaksne og mykje av det som kan vere av emosjonell tyding. Utrygge og ambivalente barn rettar svært mykje av si merksemd mot omsorgspersonen. Dei blir overfokusererte på tilknytingsrelevante opplysningar, på kostnad av at dei ignorerer annan informasjon frå omgjevnadene.

Main (1991) presenterte ein påstand om at barn med utrygg og ambivalent tilknytning må bruke ein del av sin kognitive kapasitet til å halde greie på tilknytingspersonen sitt tilgjenge. Barn med trygg tilknytning treng ikkje å bruke ein slik strategi og kan då bruke meir av si merksemd og arbeidsminne til å forstå omverda og setje seg inn i andre menneske sine mentale tilstandar. I følgje dette skulle ein vente at barn med trygg tilknytning er meir ressurssterke både intellektuelt og metakognitivt. Barn med utrygg og unnvikande tilknytning skulle venteleg utgjere ei mellomgruppe med omsyn til den kognitive utviklinga, fordi dei

manglar ein del viktige sosialkognitive erfaringar. Det er meir usikkert kva ein kan seie om den kognitive utviklinga til eit barn som har desorganisert tilknytning. Barn med denne forma for tilknytning ser ut til å vere minst i stand til å organisere informasjon frå omverda og ta avgjerder. Ein kan difor forvente at denne gruppa barn vil vere i størst risiko for å få utviklingsrelaterte vanskar.

Det tilknytingsmønsteret som eit barn utviklar, gjenspeglar dei forventingar det har danna seg til korleis viktige personar oppfører seg i nære relasjonar, og dei forventingar det har om i kva grad det kan utløyse fysisk og emosjonell støtte og omsorg frå andre (Smith, 2002). Den mentale representasjonen av tilknytning som blir utvikla, vert generalisert etter kvart og påverkar barnet si emosjonsregulering og samhandlingsmønster med andre menneske. I Ainsworth sin opphavlege studie frå 1978 opererte ho med tre tilknytingsmønster: (1) trygg tilknytning, (2) utrygg ambivalent tilknytning og (3) utrygg unnvikande tilknytning (Ainsworth et al., 1978). Seinare forskning viste at mange barn ikkje kunne klassifiserast i nokon av dei tre ovanfor nemnde gruppene (Broberg et al., 2008). Ein fann etter kvart ut at ein måtte utvide med ytterlegare ein type tilknytingsmønster: desorganisert tilknytning. Dette omgrepet har fått stor betyding dei seinaste åra ettersom forskning viser at det er tidleg desorganisert tilknytning som tydelegast kan sjåast i samanheng med problem seinare i utviklinga.

Bowlby (1982) samanfattar sitt bilete av barnet sitt tilknytingsmønster på følgjande måte: Den trygge tilknytninga er kjenneteikna av at barnet kan gjere bruk av forelderen som ein trygg base, det vil seie at det søker hjelp og finn trøyst når det treng det. I tillegg viser det trygt tilknytte barnet fleksibilitet, kjenslemessig inntoning og er robust overfor stress og tap. Dette tilknytingsmønsteret vert understøtta av at mora står til disposisjon når det trengst, og at dei er mottakelege for barnet sine signal og reagerer kjærleg når barnet søker trøyst og vern.

Det utrygge ambivalente tilknytingsmønsteret vert også omtala som det engsteleg klamrande mønsteret, der barnet er ansent, kronisk usikkert og engsteleg for separasjon og konstant søker nærleik, utan at dette tilfredstiller barnet og gjev det tryggleik. Barnet oppfører seg som om tilknytningssystemet kronisk er aktivert, og er i heile si åtferd orientert mot tilknytninga og omsorgsfiguren, utan at det finn ro eller kan gjere bruk av tilknytninga som utgangspunkt for si undersøking av omverda. Barnet blir lett overvelda av eigne kjensler og kan vise mykje sinne, samstundes som det klyngjer seg til den vaksne. Det har ei avgrensa kjensle for andre og har vanskeleg for å gjere relevant bruk av omsorgspersonen. Dette tilknytingsmønsteret oppstår i samspel der mora/foreldra står ustabil til disposisjon for barnet; i nokre situasjonar er dei

tilgjengelege og imøtekomande overfor barnet, i andre er dei utanfor rekkjevidd. I tillegg vert det nemnt at mønsteret kan førekome i familiar der det har vore fysisk separasjon, til dømes i form av opphald i institusjon eller sjukehusinnlegging, eller der foreldra brukar truslar om å forlate barnet som middel i oppsedinga.

Det utrygge unnvikande tilknytingsmønsteret er kjenneteikna av at barnet unngår nærleik, og prøver å vere kjenslemessig sjølvforsynande utan å søkje emosjonell kontakt med foreldra eller andre (Hart & Schwartz, 2008). Dette mønsteret vert kjenneteikna av at barnet lærer å deaktivere tilknytningssystemet som forsvar mot å bli avvist. Det let vere å søkje relevant trøyst når det blir utrygt eller redd, og det let vere å vise egne behov, men orienterer seg mot noko anna enn tilknytninga ved å vere oppteken av leiker eller andre ting. Barn med denne forma for tilknytning har berre ei lita fornemning av, eller tilgang til, egne og andre sine kjensler, dei søker ikkje hjelp hos omsorgspersonen og er sårbare for stress.

Dei barna som ikkje kunne klassifiserast innanfor nokon av dei tre gruppene hadde ei desorganisert tilknytning (Main & Salomon, 1986). Det som tydelegast skil desse barna frå dei andre gruppene, er at samspelet mellom barnet og foreldra i høg grad byggjer på redsle (Broberg et al., 2003). Som tidlegare vist er tilknytninga evolusjonsmessig sett ein funksjon som skal garantere barnet tilstrekkeleg nærleik til ein vernande vaksen når fare truar. Tilknytningssystemet vert slått på når barnet anar fare. Ved desorganisert tilknytning kjem barnet i ein umogleg konfliktsituasjon, tilknytingspersonen som skal trøyste barnet er også den som ”slår på” alarmsystemet og skremmer barnet. Main og Salomon (1990) omtaler desorganisert tilknytning som manglande strategi for å skaffe seg tilgang til tilknytingspersonane sine. Barna i desse foreldre-barn-forholda viser inkonsekvent og motstridande åtferd.

Mødrene som har trygge barn, er jamt over sensitive i høve signala deira, reagerer på ein akseptierende måte, er som regel villige til å samarbeide med barna og er i stor grad psykologisk tilgjengelege (Smith, 2002). Fordi foreldra til trygge barn er sensitive og responsive i høve deira behov og signal, treng ikkje barna å uroe seg for tilknytingspersonane sitt tilgjenge. Det gjer at dei kan konsentrere seg om andre tema enn tilknytninga. Mødrer av utrygge unnvikande barn gjev dei få positive erfaringar i samband med fysisk nærleik og reagerer ofte på ein avvisande måte. Mødrer av utrygge ambivalente barn er som regel inkonsistente i si omsorgsåtferd og reagerer lite på barna sine signal.

3.4 Foreldre si fungering for å møte barnet optimalt


Brodén (1997) seier at døme på faktorar som kan styrkje god tilknytning mellom barnet og foreldra, er foreldra si psykiske førebuing under svangerskapet, foreldra sine barndomsopplevingar, foreldra si evne til å reflektere over si fungering og sin livssituasjon, foreldra sin sensibilitet, foreldra sitt nettverk og om dei får støtte frå omgjevnadane sine.

Ein trygg base er eitt av dei mest sentrale omgrepa innan tilknytningsteorien. Omgrepet ein trygg base skildrar to aspekt av foreldre si omsorgsevne: (1) å vere ein base for barnet si utforsking og (2) å vere ei hamn der barnet kan vende tilbake når det opplever frykt eller fare (Broberg et al., 2008). Om relasjonen til forelderen er prega av lite tryggleik, vert evna til å undersøkje og utforske omverda påverka negativt, ettersom barnet ikkje kan stole på at forelderen er der når barnet treng det. Barnet kan då velje mellom å klamre seg til forelderen, ikkje forlate forelderen, eller å oppføre seg som om den trygge hamna ikkje trengst, det vil seie at barnet ikkje nyttar kontakt med forelderen for å auke sin eigen tryggleik, eller for kjenslemessig påfylling. I USA er det utvikla ein intervensjonsmodell som tek utgangspunkt i tilknytningsteorien (Whelan & Marvin, 2010). Den gjev ei visuell framstilling av forelderen som ei trygg hamn og ein sikker base. Dette er Circle of Security (COS). Ein må vere sertifisert for å kunne bruke denne metoden, men ein kan nytte den visuelle framstillinga som eit utgangspunkt til å få forståing for barnet sine behov og forelderen si rolle. Den visuelle framstillinga viser tryggleiksirkelen.

COS-sirkelen byggjer på barn sitt naturlege åtferdsmønster i utforsking (øvre del av sirkelen) og søking av nærleik (nedre del av sirkelen) (Whelan & Marvin 2010). Trygg hamn eller base representerer omsorgspersonar som er større, sterkare, klokare og snille. Barnet sitt behov er at foreldra alltid, der det er mogleg, følgjer barnet sine behov, og at dei når det er naudsynt bestemmer og styrer. I øvre del av sirkelen, som viser barnet si utforsking, viser modellen at barnet treng at den vaksne støttar utforskinga til barnet, at den vaksne ser etter barnet, at ho gler seg over barnet, hjelper det og gler seg med det. Nedre del av sirkelen viser barnet når det har behov for nærleik. Barnet treng at den vaksne er der og tek godt i mot barnet når det søkjer nærleik, at den vaksne vernar, kosar med og gler seg over barnet. Barnet treng også at den vaksne hjelper med å organisere kjenslene og skaper tryggleik for barnet slik at det kan bli klar for nye rundar i sirkelen.

Circle of Security

Foreldre er merksame på barnet sine behov



Figur 1 Tryggleikssirkelen

Omgrepet "trygg base" symboliserer den kjensla av tryggleik som barn generelt får gjennom sine tilknytingspersonar. Det er denne basen barn må ha i ryggen for å kunne ta utfordringar i leik og læring. Det er også denne basen barnet stadig må kunne vende tilbake til for påfyll av kjærleik, trøyst og oppmuntring (Abrahamsen, 1997). Sentrale aspekt ved utvikling av trygg tilknytning er at barnet sine behov, spesielt behovet for tryggleik og trøyst, blir møtt med sensitiv omsorg karakterisert av kontingent og ubetinga responsar frå omsorgsgjevar på tvers av kontekst og tid (Ainsworth et al., 1978). Dette er handlingar som er tydeleg synkrone med barnet sine signal, handlingane er regulerande i høve barnet sine behov for tryggleik, og vert gjeve utan atterhald.

4 Førebyggjande arbeid

4.1 Definisjon

Førebyggjande arbeid består av iverksetting av hjelpe- og støttetiltak for å hindre utvikling av egentlige vanskar, som på eit seinare tidspunkt i oppveksten kan krevje vanskeleg og langvarig behandling (Bø og Helle, 2008).

Innan spesialpedagogikken dreiar førebygging seg om å iverksetje tiltak som kan føre til at ein kjem ei uheldig utvikling i forkjøpet. Det vil her vere snakk om å forsterke vilkåra for dei positive vekstfaktorane som finst (Befring, 2004). Gjennom å forsterke positive vekstfaktorar kan ein i følge Killén (2005) arbeide breitt med førebygging og dermed førebyggje fleire element i eit barn sin oppvekst. Førebygging handlar om å førebyggje smertefulle og frustrerande relasjonar mellom omsorgsgjevar og barn, førebyggje at barn legg lok på kjenslene sine, førebyggje at barn nyttar krefter dei skulle brukt på leik og utvikling på å overleve i ein angstfylt situasjon, førebyggje at barn veks opp utan ein barndom, førebyggje at barn vert utsett for omsorgssvikt, førebyggje at barn utviklar tilknytingsforstyrningar som gjev utviklingsforseinkingar, psykiske problem og åtferdsproblem. Vidare kan ein i eit større og meir langsiktig perspektiv sjå det som eit mål å førebyggje psykiske problem og kriminalitet hos ungdom og vaksne. Killén peikar på samanhengen mellom generasjonar. Ved å førebyggje skeivutvikling hos barna som lever no, vil ein kunne førebyggje neste generasjon si omsorgssvikt av sine barn.

Caplan (1964) spesifiserte omgrepet førebygging i tre stadium: *før* problemet oppstår (primærførebygging), *når* problemet har oppstått og er "aktivt" (sekundærførebygging), og *etter* at problemet er behandla (tertiærførebygging). Sekundærførebygging rettar seg mot å redusere omfang, alvorsgrad eller varigheit av problemet når det fyrst har utvikla seg. Tiltak som aukar sannsynet for at problemet vert oppdaga tidleg, som gjer behandling meir tilgjengeleg, eller som gjer behandling meir effektiv, er døme på kva Caplan meiner med sekundærførebygging. Fram til nyleg har dei fleste førebyggingsprogram blitt skildra med inndelinga Caplan laga. Denne terminologien har sine røter i folkehelsetradisjonen, der hovudmålet er å behandle diagnostiserbare fysiske plager (Mrazek & Haggerty, 1994).

Mrazek og Haggerty (1994) byrja å bruke omgrepa universell, selektiv og indikert førebygging for å tydeleggjere klassifiseringssystemet på ein måte som samsvarer med dagens kunnskapar om psykiske sjukdomar. Universal førebygging tek sikte på å hindre at problem oppstår. Det rettar seg mot heile folkegrupper ved helsefremjande tiltak. Selektiv førebygging tek sikte på tidleg å identifisere risikofaktorar og å hindre at identifiserte problem utviklar seg vidare. Den rettar seg mot grupper med spesielle behov. Indikert førebygging er i følgje Killén (2005) behandling, det vil seie at barnet allereie har utvikla store problem og er sterkt behandlingstrengande. Ein kan velje kva fokus ein ønskjer i sitt førebyggjande arbeid, om ein skal arbeide meir individretta med selektivt førebyggjande arbeid, eller om ein skal tenkje i eit større perspektiv og sjå folkegrupper under eitt. Uansett kva nivå ein vel å fokusere på, vil arbeidsmåten vere at ein fokuserer på å forsterke dei positive vekstfaktorane som finst (Befring, 2004), samt å identifisere og minske belastinga av risikofaktorar. Denne masteroppgåva vil fokusere på korleis ein kan arbeide førebyggjande på ein nær og konkret måte med eit barn si sosiale og emosjonelle fungering ved å fokusere på tidleg tilknytning og sosialt samspel mellom barnet og foreldra. Fordi kasusa eg har konstruert er BUP-pasientar, vil tiltaka eg drøftar vere av sekundærførebyggjande og indikert art.

4.2 Historisk oversyn

Killén (2005) peikar på at ein må forstå førebyggjande arbeid i eit større perspektiv. Dette vil hjelpe oss til å forstå at førebyggjande arbeid er viktig og avgjerande for korleis dagens barn greier å ivareta sine barn. Fyrst og fremst kan vi førebyggje tidlege smertefulle foreldre-barn-relasjonar som blir til kognitive, emosjonelle og åtferdsforstyrningar hos det vesle barnet, som igjen fører til ein ulukkeleg barndom, oppvekst og vakse liv. Slik varer barndommen i generasjonar. Om ein skal førebyggje neste generasjon si omsorgssvikt overfor deira barn, må vi førebyggje tidlege frustrerande relasjonar mellom foreldre og barn. Det Killén her seier er i tråd med Bowlby (1979) sine teoriar som viser at foreldre sine indre modellar av tilknytning i barnealderen seinare influerer på korleis dei fungerer som tilknytingspersonar for egne barn.

4.3 Barnet si utvikling

Nyare hjerneforskning viser kor avgjerande det tidlege samspelet er for hjernen si utvikling. Ein hjerne er bygd opp av ei kompleks blanding av arv og erfaringar (Killén, 2005). Vi har store moglegheiter til å kunne påverke utviklinga til eit barn i positiv eller negativ lei. Ved å hjelpe foreldre til å bli vere medvitne på kor viktige dei er som kommunikasjonspartnarar og

tilknytingspersonar for sitt barn kan ein minske sjansane for at barnet seinare skal utvikle vanskar, og i neste steg vidareføre vansken til neste generasjon.

Tidleg intervensjon går føre seg i ein periode då hjernen er plastisk og i rask utvikling. Det gjer barnet spesielt mottakeleg for læring på sentrale område, noko som også er ei vesentleg begrunning for tidleg førebygging (Hagtvet & Horn, 2004). Det kan vere ulike grunnar til at eit samspel ikkje er optimalt, det kan vere foreldre som sjølve ikkje har blitt godt nok kommuniserte med av sine foreldre, foreldre som slit med psykisk sjukdom eller rusproblem, barnet kan ha ibuande vanskar, det kan vere ein kombinasjon av arv og miljø som gjer at samspelet mellom barnet og den vaksne ikkje er utviklingsfremjande nok. I lys av denne kunnskapen kan ein få ei byrjande forståing for kor viktig det er å gjere førebyggjande tiltak i arbeid med små barn og deira foreldre.

Den britiske psykoanalytikaren Donald Winnicott (1984) hevdar at gjennom ei utilstrekkeleg eller ikkje god nok omsorg blir barnet sin stabile livsrytme broten. Dette framkallar ein reaksjon hos barnet, som vernar seg sjølv mot opplevingar eller inntrykk som det ikkje har føresetnader for å bearbeide. Reaksjonen kan til dømes vere å stengje av for omverda, noko ein ser hos spedbarn som blir skremt. Dersom barnet ikkje får støtte til å gjenvinne sin stabile rytme, men vert pressa til å reagere på inntrykka utanfrå, kan det danna seg eit mønster der barnet vernar seg ved å ikkje i det heile ønskje kontakt med omverda. Blir denne sjølvverninga til eit mønster hos barnet, dannar dette grunnlag for utviklingsmessige forstyrringar (Hart & Schwartz, 2008).

At små barn som har alvorlege tilknytingsforstyrringar har dårleg prognose, er godt dokumentert. Det er vist ein samanheng mellom tilknytning og den sensitivitet og forutsigbarheit som barnet opplever det fyrste året, og at trygg tilknytning gjev barnet eit godt grunnlag for vidare utvikling (Ainsworth et al., 1978). Dei er sjølv sagt ikkje garanterte eit godt liv, men dei har fått styrke til å hanskast med utfordringar livet. Det Ainsworth siktar til når ho snakkar om alvorlege tilknytingsforstyrringar kan mellom anna forståast i lys av Winnicott (1984) si skildring (vist ovanfor) av barn som gjennom ikkje å ha blitt sett og forstått, vernar seg sjølv ved å ikkje i det heile ønskje kontakt med omverda. Denne sjølvverninga hos barnet dannar grunnlag for utviklingsmessige forstyrringar og alvorlege tilknytingsforstyrringar.

Alle barn knyter seg til sine foreldre, det må dei for å kunne overleve (Killén et al., 2005). Men dei tilknyter seg på ulike vis, mange utviklar trygg tilknytning. Det vil seie at barnet har erfart at det kan kjenne seg trygg på at foreldra vil verne og ta vare på det, vere tilgjengelege og trøyste når det er behov for det. Andre utviklar ulike former for utrygg tilknytning og tilknytningsforstyrningar. Dei har ikkje erfart at dei kan kjenne seg trygge på at foreldra er tilgjengelege og sensitive overfor deira behov. Dei kan ha opplevd invaderende, avvisande og/eller passive og/eller ikkjeføreseielege foreldre. Vi kan observere dette svært tidleg, av og til umiddelbart etter fødsel, andre gonger kan desse forholda kome til syne etter kvart.

Abrahamsen (1997) peikar på at den vaksne si evne til å gje kjenslesmessig merksemd og det å vere tilgjengeleg i samspel med barnet, er sentralt i den objektrelasjonsteoretiske tradisjonen, og at den blir sett på som ein avgjerande faktor for barnet si personlegdomsutvikling. Som ei følge av dette vil dei tidlege relasjonane kunne danne utgangspunkt både for den gode og den mangelfulle utviklinga eit barn kan få. Dette betyr igjen at både førebyggjande og reparerande arbeid med barns utvikling må ta utgangspunkt i den emosjonelle kvaliteten på dei nære relasjonane mellom barnet og dei vaksne.

Nyansert og integrert kunnskap om kva som kan gå gale i emosjonelt motsetningsfylte situasjonar, og kvifor det gjer det, er naudsynt for å kunne arbeide førebyggjande (Abrahamsen, 1997). Skal vi kunne klare å minske uheldige samspelsituasjonar mellom barn og vaksne innan den offentlege omsorga, treng vi ein kunnskap som er verksam i praksis.

4.4 Foreldre si fungering for å møte barnet optimalt

For å kunne arbeide førebyggjande er det avgjerande at ein har god kunnskap om korleis vanskar på det aktuelle feltet viser seg i tidleg fase av utviklinga (Killén, 2005). At kvaliteten på samspelet mellom barnet og hovudtilknytingspersonen predikerer barnet si tilknytning og utvikling er det ikkje tvil om. Brodén (1997) peikar på at det lenge har gått føre seg ein diskusjon om korleis ein kan identifisere risikofaktorar og risikogrupper for å tilby desse ekstra ressursar med førebyggjande hensikt. Døme på risikofaktorar ho er siktar til er eineførsørgjarar, lite eller ingen sosiale nettverk, tidlegare misbruk, sosial problematikk, relasjonsproblem, psykiske problem, tidlege separasjonar og incestproblematikk.

Crittenden (2000) har utvikla ein Care-index som fokuserer på tre ulike element i kvaliteten hos foreldre i samspel med sine barn. Desse tre elementa er sensitivitet, passivitet eller

utilgjengeligheit, og kontroll eller invadering. Det er interessant å ha kunnskap om desse tre stilane i forhold til å kunne tenkje førebyggjande tiltak retta mot dei ulike samspelskvalitetane. Dersom hovudtyngda av forelderen sine samspelskvalitetar ligg på sensitivitet, er barnet som regel samarbeidande, og samspelet er godt. Om forelderen er hovudsakleg passiv/utilgjengelig, vil barnet etter ein innleiande periode med misnøye bli passivt. Foreldre og barn vil etter kvart halde kvarandre fast i passivitet, og barnet si utvikling går i stå på dei fleste område. Dette er den kjenslemessige vanskjøtselen. Det er dokumentert av Erickson og Egeland (1996) at kjenslemessig vanskjøtsel er den alvorlegaste forma for omsorgssvikt. Om hovudtyngda av forelderen sine samspelskvalitetar ligg på kontroll/invadering, viser barnet frustrasjon. Dette kan føre til at kontrollen og invaderinga blir endå sterkare, og barnet kan bli ytterlegare frustrert inntil det tilpassar seg foreldra ved å leggje lok på eigne kjensler og behov og blir ”snill” (Crittenden, 2000).

Iwaniec (1995) hevdar at eit barn har to typar behov. Den fyrste typen behov er overlevingsfunksjonar, slik som behov for mat, fysisk stell og tak over hovudet. Den andre typen er psykologiske funksjonar, slik som behov for kjærleik, tryggleik, merksemd, nye opplevingar, aksept, anerkjenning og tilhøyring. Ainsworth (1978) legg fram fire viktige eigenskapar hos foreldre: At foreldra er lydhøyre for barnet sine behov og signal, at foreldra stadfestar og let barnet ta plass, at foreldra viser vilje til å ville samarbeide med barnet og at foreldra er tilgjengelege, føreseielege og pålitelege (Broberg, 2008).

Ein må tilbringe ein del tid saman med foreldre og barn for å kunne vurdere kva samspelskvalitetar dei har. Eit godt hjelpemiddel vil vere å videofilme foreldra i samspel med barnet. Det ein ser av samspelsstrategiar i løpet av eit kvarters opptak, er ein god indikator på kva type samspel barnet har med sine foreldre. Foreldre vil ofte vere prega av at dei blir observerte og vil gjerne melde tilbake at opptaket ikkje er gjeldande for den kvaliteten dei har i samspel med sitt barn i det daglege når dei ikkje blir observerte. Barnet vil ikkje vere prega over tid av å bli filma, og det ein ser av samspelsstrategiar hos barnet er etter alt sannsyn strategiar som det nyttar også elles. Når ein skal arbeide førebyggjande med foreldre si fungering i samspel med sine barn, må ein ha kunnskap om samanhengar mellom utvikling hos barnet som kan vurderast separat, og den funksjonen og forløysande effekten foreldre kan ha på barnet si utvikling.

Rye (1998) seier at etter kvart som kunnskap om tidleg samspel og tilknytning har utvikla seg, har søkjelyset flytta seg frå foreldre og barn si utvikling til foreldre-barn-samspel og

tilknytning. Ulike modeller har utvikla seg ut frå ulike innfallsvinklar. ORION-metoden (forløparen til Marte Meo) (Rye, 1998) og MISC – more intelligent sensitive children – (Klein, 1989) er kjende her i landet. Både ORION og MISC tek sikte på å betre samspelet mellom foreldre og barn. Denne oppgåva tek ikkje føre seg Marte Meo, men forløparen som vart utarbeidd av ORION-gruppa. Oppgåva tek heller ikkje føre seg ICDP (International Child Development Programmes) som er eit program som integrerer interaksjonskvalitetane i Marte Meo- og MISC-programma. ICDP er meir universalførebyggjande enn det denne oppgåva siktar seg inn mot (Rye, 2002). ORION-gruppa i Nederland utarbeidde kriterium for godt samspel. Målsetjingane for både ORION og MISC er å gjere foreldre meir sensitive og å støtte opp under dei sidene ved deira del av samspelet som er viktige for å fremje barnet si utvikling og tilpassing. Medan ORION-metoden fyrst og fremst er retta mot dei kjenslemessige sidene ved samspelet, er MISC meir pedagogisk-kognitivt orientert. Det er ingen motsetnad mellom modellane, i praksis kan dei nærme seg og utfylle kvarandre (Killén, 2005).

Foreldre er ikkje berre samspelspartnarar, dei er også omsorgsgjevarar og lærarar. I følgje Klein (1989) går MISC vidare i forhold til dette. Formidla læring står sentralt i denne modellen. Samstundes som desse forskarane erkjenner den store betydinga av sensitivitet, samspel og trygg tilknytning for kognitiv utvikling, ser dei på barnet si utvikling som eit resultat av den læringsprosessen som går føre seg når omsorgsgjevar fungerer som formidlar mellom barnet og omverda. Prinsippa for tidleg kjenslemessig, ekspressiv kommunikasjon, som er klarlagt gjennom utviklingspsykologisk forskning, har fått ei praktisk nytte i ulike program for tidleg intervensjon. ORION-gruppa har systematisk nytta desse prinsippa i eit klinisk intervensjonsprogram (Killén, 2005). Utgangspunktet for ORION-gruppa sitt arbeid med å utvikle eit heimebasert intervensjonsprogram, var den erfaring at barn med psykososiale vanskar som vart behandla i institusjon, ofte fekk tilbakefall når dei kom heim, også om behandlinga var kombinert med rettleiing av foreldre (Rye, 2002). Dette stadfestar Urie Bronfenbrenner sin konklusjon frå 1975 om at ein må endre barn sitt primære oppvekstmiljø om varige endringar skal kome i stand i deira utvikling.

ORION-gruppa sine seks kriterium eller reglar for god kommunikasjon:

Kriterium 1: Etabler augekontakt med barnet, og følg barnet sitt initiativ.

Kriterium 2: Sett namn på og snakk på ein akseptierende måte om det barnet opplever eller er oppteken av.

- Kriterium 3: La kommunikasjonen få form av ein dialog, der kvar har sin tur til å uttrykkje seg ikkjeverbalt eller med lydar og ord.
- Kriterium 4: Reager på ønskjeleg åtferd ved å imitere den, rose den eller kommentere den med ei aksepterende stemme og haldning.
- Kriterium 5: Bekreft med reaksjonar at det barnet har kommunisert er oppfatta og forstått.
- Kriterium 6: Hjelp med å skape eit så god kjenslemessig klima som mogleg, slik at også glede og positive kjensler kan formidlast.

MISC går lenger enn ORION-programmet i å rette seg mot også å utvikle barn sine kognitive funksjonar (Rye, 2002). MISC-programmet legg like fullt vekt på også å utvikle dei kjenslemessige og sosiale sidene ved barnet. Det vert hevda at ei trygg tilknytning og eit godt samspel er avgjerande dersom ein skal kunne formidle erfaringar frå ei rekkje andre sider ved omverda til barnet.

MISC-programmet sine fem kriterium for god omsorgsgjevar-barn-interaksjon:

- Kriterium 1: Gjensidigheit, intensjon og fokusering.
- Kriterium 2: Formidling av meining og kjensle av entusiasme.
- Kriterium 3: Utviding og beriking av barnet si oppleving og forståing.
- Kriterium 4: Formidling av aksept og oppleving av meistring.
- Kriterium 5: Formidling av planlegging av aktivitet og regulering av åtferd.

MISC-programmet har fokus på interaksjonen mellom omsorgsgjevaren og barnet (Rye, 2002). Kriteria for god omsorgsgjevar-barn-interaksjon er gode å arbeide etter når ein skal arbeide førebyggjande med sosiale og emosjonelle vanskar. Det fyrste kriteriet dreiar seg om gjensidigheit, intensjon og fokusering. Gjensidigheit ved kontakta og kommunikasjonen er ein føresetnad for at formidling skal kome i stand. Dette er grunnleggjande for at det skal vere mogleg for omsorgsgjevaren å oppnå ei felles merksemd med barnet mot noko mellom dei, eller i omgjevnadene. Ein kan trekkje parallellar frå dette kriteriet til det fyrste kriteriet til ORION-gruppa som er å etablere augekontakt og å følgje barnet sitt initiativ. MISC-programmet sitt fokus på fokusering inneber at ein kan registrere ein intensjon frå omsorgsgjevar si side, eit forsøk på å rette barnet si merksemd mot seg. Den same intensjonen ligg i ORION-gruppa sitt kriterium, når ein imiterer barnet er dette eit forsøk på å gjere barnet merksam på den vaksne sine handlingar. MISC-programmet seier at om barnet til dømes følgjer med blikket og fokuserer på det den vaksne leier merksemda mot, er dette eit tilstrekkeleg teikn på gjensidigheit.

Kommunikasjonen i punktet ovanfor dreiar seg om å gjere erfaringar i ein sosialt fellesskap. Barnet skal lære å dele ei oppleving og å kommunisere med gestar, lyd, blikk og etter kvart verbalt språk. Slike element fremjar ei gjensidig forståing og evna til deltaking i kvarandre si oppleving (Rye, 2002). Denne kunnskapen leier oss inn i det neste kriteriet til MISC-programmet som dreiar seg om formidling av meining og kjensle av entusiasme. Kjenslene våre utgjer eit viktig akkompagnement til erfaringane våre; dei fortel om betydninga for oss, på godt og vondt, av det vi opplever. Omsorgsgjevaren bidreg til barnet si oppleving ved å formidle meining og kjensler slik at visse sanseopplevingar skil seg ut for barnet, visse delar dannar figur og andre bakgrunn. Ein kan trekkje ein parallell mellom ovanforståande punkt og det andre kriteriet til ORION-gruppa sitt som er at ein skal setje namn på og snakke på ein aksepterende måte om det barnet opplever eller er oppteken av. Kombinert med eit ope og interessert ansiktsuttrykk når ein ventar på barnet sin respons, vil det å setje ord på det barnet gjer over tid auke barnet si interesse for den vaksne sitt fokus og kjensleuttrykk på ein positiv måte.

Kriterium 3 i MISC-programmet dreiar seg om å utvide og berike barnet si oppleving og forståing. Rye (2002) seier at ei viktig side av omsorgsgjevar si oppgåve er å formidle kunnskap om omverda og innsikt og erfaring for å meistre den best mogleg. Med utviding og beriking, meinast at omsorgspersonen gjer merksam på eller gjev andre opplevingar eller erfaringar enn dei som er strengt naudsynte for den samhandlinga som går føre seg. Utviding og beriking av barnet sine erfaringar varierer frå enkel nemning og kroppsorientert oppleving til meir avanserte forklaringar. Formidlinga frå omsorgsgjevaren kan skje ved rørsle, som gestar og rørsler av auger og munn, ved lydar som uttrykkjer forbausing, glede, tristheit eller angst, eller ved verbale uttrykk for kjensler, ulike nemningar og liknande. Kriterium 3 i ORION-programmet handlar om å få i gang ein dialog, at ein svarer på kvarandre sine initiativ. Ein får då i gang ei turtaking som inneber både ei gjensidig utveksling av oppleving, forståing, ønske og behov, og ei aktiv gjensidig styring av kommunikasjonsprosessen. Ein har i slike dialogar gode høve til å gjere det som kriterium 3 i MISC-programmet seier, å utvide og berike barnet si oppleving og forståing av det som skjer.

Kriterium 4 i MISC-programmet dreiar seg om formidling av aksept og oppleving av meistring. Når barnet tek initiativ til ein positiv aktivitet og blir møtt med ros og aksept frå omsorgsgjevar si side, får barnet ei oppleving av å vere kompetent og akseptert som person (Rye, 2002). Det grunnleggjande behovet for å oppleve kjærleik og aksept frå

omsorgspersonane må møtast for at barnet skal ha den tryggleik og sjølvkjensle som skal til for å utforske omgjevnadene og møte nye utfordringar. Føresetnaden for seinare sjølvstendig utforsking og meistring er som regel at dei grunnleggjande ferdigheitene som trengst allereie er formidla gjennom positivt rettleia erfaring.

Ein kan trekkje tydelege parallellar frå dette og til tryggleikssirkelen (Whelan & Marvin 2010). Tryggleikssirkelen er nettopp ein modell som viser at det må vere ein balanse mellom utforsking og tryggleiksøking for at barnet skal ha optimale utviklingsmoglegheiter. MISC-programmet sitt kriterium seier at formidling av aksept og oppleving av meistring er avgjerande for driven barnet får i si utforsking av omverda. Ein kan seie at måten barnet utviklar sitt sjølvstende er avhengig av i kva grad den vaksne greier å vere ein trygg base og ei sikker hamn, eller i kva grad den vaksne greier å formidle aksept og formidling av meistring, noko som byggjer opp barnet sitt sjølvstende og tryggleik. Begge desse måtane å sjå den vaksne si rolle på inneheld ei vaksenrolle der den vaksne gjev barnet tryggleik og støtte der det treng det, og at det støttar barnet i trygg utforsking av omverda.

Ein kan også trekkje parallellar frå dette til det fjerde kriteriet i ORION-programmet, ein kan forsterke ønska åtferd ved å gje barnet merksemd på ein akseptierende måte. Gjennom å rose eller kommentere det barnet gjer med ei akseptierende stemme, gjev den vaksne barnet signal som fortel barnet kva det kan gjere og ikkje, og barnet dannar på denne måten grunnlaget for positiv sjølvkjensle, meistring og sosial tilpassing.

Det femte kriteriet i MISC-programmet dreier seg om formidling av planlegging av aktivitet og regulering av åtferd. Omsorgsgjevar viser barnet at aktivitetar gjerne følgjer visse sekvensar av handlingar. Barnet lærer seg at desse er føreseielege, og dette lettar problemløysing og måloppnåing i mange daglegdagse samanhengar (Rye, 2002). Dette er med på å skape trygge rammer kring barnet. Eit barn som har trygge rammer med tydeleg struktur slik at det kan få oversikt over daglege aktivitetar, vil lettare kunne utvikle tryggleik og dermed overskot til utforsking, læring og utvikling. ORION-programmet sitt femte kriterium dreiar seg om ei positiv bekrefting av barnet, at ein har oppfatta og forstått det barnet signaliserer. Dette er ein grunnleggjande føresetnad for at kommunikasjonsprosessen kan halde fram. Dersom det ikkje kjem respons på barnet sine kommunikative initiativ, vil slike initiativ etter kvart falle vekk. Då kan det oppstå eit kontaktmessig vakuum, svekking av interesse for kontakt og auka passivitet hos barnet. Bekrefting av barnet sitt initiativ kan vere blick, rørsle, lydar og verbalt språk i enkle eller samansette ytringar. I prinsippet kan ein seie

at bekreftinga går begge vegar, den vaksne er også avhengig av at barnet bekreftar for å kunne vidareføre eit meningsfylt samspel.

Det sjette og siste kriteriet til ORION-programmet dreiar seg om å skape eit så godt kjenslemessig klima som mogleg, slik at også glede og positive kjensler kan formidlast. Ein kan trekkje ein parallell mellom dette punktet og det andre punktet i MISC-programmet, formidling av meining og kjensle av entusiasme. Ein kan lett tenkje at eit miljø prega av meining og entusiasme vil gje eit godt kjensleesmessig klima der det er rom for glede og positive kjensler.

Crittenden (1991) gjorde ei undersøking av fem ulike strategiar for å betre foreldre sin samspelsfunksjon. Desse fem strategiane var: positiv bekrefting, demonstrasjon eller modellæring, sjølvvurdering, rollespel og informasjonsmateriell. Killén (2005) hevdar at undersøkinga stadfestar sannsynet for at det er behov for ulike tilnærmingar overfor ulike familiar. Ut frå dette forstår ein at rådgevaren må vere fleksibel i utviklinga av ulike førebyggjande prosessar, og det er behov for å evaluere dei ulike elementa i dei ulike tilnærmingane. Både ORION-programmet, MISC og Crittenden sine strategiar fokuserer på å styrkje ressursane og samspelskvalitetane til foreldra og barnet og å redusere risikofaktorar. Rutter (1987) legg vekt på fire hovudingrediensar som vernar menneske mot psykiske belastningar. Dette er reduksjon av risikofaktorane sin innverknad, reduksjon av negative kjedereaksjonar, etablering og vedlikehald av sjølvkjensle og kompetanse, opning for nye moglegheiter. Ingrediensane til Rutter kan ein også seie er integrerte i både MISC, ORION-programmet og Crittenden sine strategiar. Slik eg ser det kan det vere ein fordel med MISC og ORION-programmet som har konkretiserte punkt om korleis ein skal gå fram i sitt førebyggjande arbeid med foreldre og barn i høve tidleg samspel og tilknytning.

Killén (2005) viser til ingrediensar ein kan hente ut av Rutter sine fire hovudingrediensar. Ingrediensane ein hentar ut kan heile tida hentast inn i ei heilskapeleg tenking i forhold til Rutter sine hovudingrediensar. Ingrediensane Killén viser til er kontaktforholdet mellom foreldra, omsorg og støtte, styrking av nettverk, styrking av foreldrefunksjonane og stimulering av samspel, arbeid med indre arbeidsmodellar, førebuings- og bekymringsarbeid, reduksjon av stress, krisebehandling og krisehjelp. Ingrediensane kan nyttast i ulikt omfang, i ulike situasjonar, individuelt og i gruppesamanheng. Kvar ein vil leggje tyngda, vil vere avhengig av dei behov foreldre og barn signaliserer.

5 Tidleg sosial og emosjonell utvikling

5.1 Definisjon

Sosial utvikling handlar om eit barn sitt samspel med omgjevnadene og korleis det utviklar evne til å kome i kontakt med omverda. Frå vi blir fødde er vi ein del av eit miljø, og utviklinga vår vert kontinuerleg påverka av den responsen vi får frå dei vi har rundt oss (Rasmussen, 1988). Barn si sosiale utvikling botnar i to forhold; på den eine sida den emosjonelle tilknytninga til det nære miljøet og på den andre sida korleis barnet vert oppfatta av omgjevnadene og seg sjølv. Dei to bakgrunnsfaktorane, den emosjonelle og den sosiale, er ein føresetnad for den sosiale utviklinga. Ein kan leggje til ein komponent: arv (Bø & Helle, 2008). I den sosiale læreprosessen eit barn går gjennom vil det skje ei gradvis innlæring av bestemte åtferdsformer i mindre grupper og i det store kulturmønster ut frå barnet sine personlege føresetnader. Arven er også ein del av det omgjevnadene responderer på.

Emosjon er kjensler, organismen sin umedvitne psykiske reaksjon på ein situasjon, styrt av det autonome nervesystem, til dømes glede, sinne, frykt, sorg osv. (Bø & Helle, 2008). Den kjenslemessige utviklinga har nær samanheng med korleis kvart enkelt menneske utviklar sin personlegdom og sitt eige sjølvbilette i samspel med miljø og eigne arvelege disposisjonar. Med personlegdom meiner ein det som er karakteristisk for det enkelte mennesket sine tankar, kjensler og åtferd (Holmberg, 1997).

Stormark (2010) viser til Fredrickson (1998) som seier at eit funksjonelt perspektiv framhevar den adaptive betydninga av emosjonar. Dette vert ofte illustrert med negative emosjonar som frykt eller sinne, sidan desse gjer oss betre i stand til å unngå eller kjempe mot farar eller truslar, men den overlevelsesmessige verdien av positive emosjonar er minst like stor. Medan negative emosjonar er kjenneteikna av ei innsnevring av merksemd og åtferd, gjeld det motsette for positive emosjonar. Glede og kjærleik vert utvikla når vi kjenner oss trygge, og desse emosjonane fremjar utforsking og leik, som er naudsynt for vekst og utvikling. Dette kan ein sjå i samanheng med det denne oppgåva belyser i kapittel tre om tilknytningsteori der trygggleikssirkelen, Circl of Security, er omtala (jamfør s.15 og 16).

5.2 Historisk oversyn

På vegen mot å forstå barn si utvikling som ein kompleks, interaksjonsprega prosess der barnet primært er eit sosialt individ, har ulike filosofiske retningar veksla på å ha sterkest innverknad på tenkinga om forholdet mellom barnet og miljøet. Modningsmodellen som inneber at barn bør vekse opp mest mogleg utan påverknad frå omverda, fekk stor betydning i tida etter siste verdskrig (Rye, 2002). Den åtferdsteoretiske tradisjonen legg einssidig vekt på miljøet og oppfattar barnet som eit “blankt ark” der læring ved betinging gjennom positive og negative forsterkarar blir sett på som den viktigaste prosessen bak åtferdsendingar. Då den tradisjonelle psykoanalytiske teorien ikkje eignar seg særleg godt til å skildre det tidlege samspelet mellom barnet og omverda, har moderne psykoanalytisk teori lagt stor vekt på betydinga av den sosiale relasjon (Stern, 1985).

Piaget sine teoriar vart presenterte i 1930-åra. Han meinte at interaksjonen mellom individet og miljøet utgjer ein dynamisk prosess i barnet si utvikling. Piaget ser barn som aktive organismar som initierer, responderer og aktivt eksperimenterer i sitt samspel med omverda. På denne måten erfarer og forstår det korleis omverda fungerer (Rye, 2002). Hundeide (1989) har vore oppteken av formbarheita og korleis den gjennom nærmiljø og kultur påverkar dei som blir oppdregne og i neste runde er dei som oppdreg. Hundeide sitt teoretiske utgangspunkt er i tråd med det Bråten, Trevarthen og Stern har funne i si forskning og Bowlby sine tankar om biologisk predisposisjon for samspel, men han går vidare i si forskning for å vise korleis miljøet barnet veks opp i påverkar barnet si ferdigheits- og intelligensutvikling. Ein har dei siste åra fått ei forståing av at utviklingsprosessen er for kompleks til å kunne skildrast og forklarast tilfredstillande ut frå berre ei teoretisk referanseramme (Rye, 2002). Å sjå på arv og miljø kvar for seg vert i denne samanheng meiningslaust.

Rye (2002) legg fram eit syn på barnet som eit aktivt erkjennande individ heilt frå fødselen av. Denne måten å sjå på barnet kan tydeleggjerast i følgjande fire punkt: 1) Det finst eit dynamisk samspel mellom eit kvart individ sine genetiske og konstitusjonelle føresetnader og miljøet det er i heilt frå fødselen av. 2) Barn er frå fødselen av predisponert til å etablere tilknytning til og inngå i samspel med sine omsorgsgjevarar. 3) Barn er aktive i sitt forhold til læring. Dei tek initiativ og styring i samhandlingssituasjonar heilt frå fødselen av. 4) Omsorgsgjevar sine personlege føresetnader og miljøet sin kvalitative eigenart avspeglar seg i dei erfaringar barn får heilt frå byrjinga av.

Dette synet er i tråd med ei økologisk tenking som Urie Bronfenbrenner er kjend for. Ut frå dette synet har barnet sitt aktivitetsmønster, roller og interpersonlege relasjonar både direkte og indirekte betydning for utvikling. Dette inneber at ikkje berre den nære familie, men også nærmiljøet og kulturen får betydning for det enkelte barn si utvikling (Bronfenbrenner, 1979). Denne kunnskapen tvingar oss til å tenkje på korleis ein kan leggje forhold best mogleg til rette for viktige erfaringar for ulike individ i ulike miljø. Sameroff og Fiese (2000) seier at det innan spedbarnspsykiatrien rår ei brei semje om at barn si utvikling til ei kvar tid er eit resultat av samspelet mellom barnet sine biologiske føresetnader og miljøfaktorar. I følgje Broberg (2005) vil den kognitive og den emosjonelle utviklinga for dei fleste barn gå hand i hand. Barnet oppnår eit høgare nivå i både kjenslemessig og kognitiv utvikling takka vere at systema for kjenslemessig og intellektuell bearbeiding samverkar og berikar kvarandre. Om ein har skeivutvikling, at det emosjonelle og kognitive ikkje utviklar seg på ein integrert måte, vil ein kunne merke ei nedsett evne til å forstå andre menneske, og vanskar med å setje seg inn i korleis dei tenkjer og kjenner.

I følgje systemteorien sine prinsipp utviklar barn seg som eit resultat av ein stadig vekselverknad mellom ulike system, der utbytet i kvar augeblink dannar basen for kva utbyte som blir moglege i neste stund (Broberg, 2005). Innanfor psykologien inneber ein slik transaksjonell modell at tida vert sett som ein viktig faktor for korleis utviklinga gestaltar seg. Barnet sine medfødde og tidleg tileigna eigenskapar gjev opphav til reaksjonar hos foreldra, reaksjonar som i sin tur formar utviklinga av barnet sine eigenskapar og så vidare i ein stadig vekselverknad, ein stadig transaksjon. Den transaksjonelle modellen foreinar systemteoriar og stadieteoriar. Systemteoriar vektlegg interaksjon mellom ulike system, noko som skildrar utviklinga på eit gjeve tidspunkt. Stadieteoriar vektlegg i staden at løysinga av ei utviklingsoppgåve utgjer utgangspunktet for den vidare utviklinga. Dei bidreg altså med tidsperspektivet, noko som vil seie at mindre gode løysingar av tidlege utviklingsoppgåver får betydning for den seinare utviklinga. Ei transaksjonell tenking kan vere med på å sikre ei heilskapeleg forståing der ein foreinar ulike teoriar og dreg ut det som er viktig alt etter kva ein ser på.

5.3 Barnet si utvikling

Sjølv om oppleving og uttrykk av emosjonar er betinga av intrapsykiske prosessar, vil regulering av emosjonar ofte involvere vår relasjon til andre. Dette er særleg tydeleg hos

sped- og småbarn kor samspelet mellom barnet og omsorgspersonen har ei heilt sentral rolle for korleis barnet opplever og uttrykkjer emosjonar. Stormark (2010) viser til Field (1994) som demonstrerte korleis mødrer regulerer spedbarn sin emosjonelle tilstand ved å lese spedbarna sine emosjonelle signal, gje høveleg mengde stimulering og modulere nivået av spedbarn si emosjonelle aktivering og spegle og forsterke spedbarn sine reaksjonar. Spedbarn regulerer også mødrer sine emosjonar gjennom å nærme seg og trekkje seg tilbake frå stimuleringa mor gjev. Kvaliteten på denne tidlege emosjonelle utvekslinga har vist seg å vere prediktiv for barnet si seinare evne til å regulere emosjonar. Abrahamsen (1997) viser til Winnicott (1984) som bruker omgrepet ”god nok omsorg”, og meiner at den tidlege tilpassa omsorga utgjer basis for all seinare psykisk utvikling. Den tidlege og naudsynte relasjonsutviklinga mellom barnet og omsorgspersonane dannar også grobott for den kognitive utviklinga til barnet.

Den britiske psykoanalytikaren Donald Winnicott (1984) har tankar om at barnet speglar seg kjenslemessig i omsorgspersonane, og gjennom dette erkjenner seg sjølv. Utviklinga, som er ein del av barnet si kognitive utvikling, skjer gjennom samspel. Utviklinga på alle område, det kognitive, emosjonelle, sosiale og motoriske, er tett samanvevd og vert fremja gjennom samspelet med dei nære omsorgspersonane. Det finst ei rekkje studiar som viser at det har positiv betydning for barnet si totale utvikling at mora er kjenslemessig engasjert og sensitiv i forhold til barnet sine signal (Høygård, 2004).

Som nyfødde er vi heilt avhengige av andre. Vi er fødde med eit enormt potensiale, men er ubehjelpelge og prisgjevne omsorgspersonar (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Sosial kompetanse kjem ikkje heilt av seg sjølv. Vi veit at eit barn heilt frå fødselen av er kontaktsøkande i forhold til andre personar, men det er avhengig av gode responsar med aktiv modifisering og tilpassing frå den vaksne for at dette skal bli ein kjenslefelleskap (Hansen, 1991). Det nyfødde barnet si evne til å reagere selektivt på menneskelege stemmer og ansikt, gjer barnet særleg førebudd på det tidlege samspelet. Den medfødde evna til å etterape foreldra sine ansiktsuttrykk kan ein anta spelar ei viktig rolle i barnet si sosiale utvikling (Stern, 1991). Barn er ulike i forhold til i kva grad dei responderer på foreldra sine initiativ. Om foreldra manglar evne til å utøve god nok omsorg som inneheld stell, stimulering, oppmuntring og vern av spedbarnet, om dei sjeldan kommuniserer med barnet, ikkje snakkar, leikar eller oppmuntrar til nye aktivitetar og gjev barnet moglegheiter til å lære, vil foreldra

avgrense og kanskje til og med hindre positiv utvikling av barnet si psykiske og emosjonelle helse (Iwaniec, 1995).

Stern (1991) har formulert ein modell for korleis utvikling av sjølvst skjer i samspel med andre. Han understrekar barnet si aktive rolle og hevdar at kommunikasjonen handlar om å bli forstått og bekrefta. I dialogen som vert utvikla blir autonomi og avhengigheit viktige tema. Det gjensidige samspelet som utspelar seg tek nye former og uttrykk etter kvart som barnet sin kompetanse og evner aukar med alderen. På denne måten oppdagar barnet seg sjølv gjennom samspel med andre menneske. Stern har lagt særleg vekt på den emosjonelle utvekslinga i samspelet og har skildra korleis partane tonar seg inn kjenslemessig på kvarandre gjennom regulering av blikk og måten dei bruker smil, ansiktsuttrykk og stemma på. Han hevdar at kjenslene er basis for opplevingar av fellesskap og er sentrale i barnets omgrepsutvikling (Moss, 2006; Johnsen et al., 2000).

Sameroff (2005) viser til Sameroff og Chandler som i 1975 formulerte ein modell, transaksjonsmodellen, for å forstå kva forhold som verkar inn når utvikling ikkje skjer som forventa. Dei vektlegg samverkinga av barnet sine biologiske medfødde disposisjonar og miljøpåverknadar barnet vert utsett for. I tillegg framhevar dei at det enkelte barnet påverkar sine foreldre på ein måte som formar foreldra si åtferd overfor barnet og omvendt. Den gjensidige påverkinga barnet og foreldra utset kvarandre for, er avhengig av barnet sine karakteristika og av korleis foreldra tolkar barnet. Utforminga og kvaliteten på det unike samspelet som etter kvart utfaldar seg, får stor betydning for barnet si vidare utvikling.

Smith (2010) definerer utvikling som ein aktiv og dynamisk prosess, der barnet beveger seg i retning av meir kompleks fungering etter kvart som det tileignar seg nye kognitive, emosjonelle og sosiale ferdigheiter. Særleg viktig er eit sensitivt og responsivt omsorgsmiljø som vert tilpassa over tid i takt med barnet sine endra psykologiske behov. Om ein skal sjå dette i lys av transaksjonsmodellen, kan ein seie at barnet sine psykologiske behov og omsorgspersonens sine responsar over tid vil regulere seg gjensidig i høve kvarandre. Ei skeivutvikling hos eit barn vil i lys av transaksjonsmodellen kunne sjåast på som ei kontinuerlig feiljustering av transaksjonar over tid, noko som hindrar barnet i å organisere si oppleving av omverda på ein veltilpassa måte.

Mennesket skil seg frå andre dyreartar ved at ein stor del av hjernen si utvikling skjer etter fødselen. Fordelen med dette er at hjernen sin funksjon vert betre tilpassa til det miljøet som

barnet veks opp i. På denne måten er mennesket sin hjerne meir fleksibel. Ulempa er at barn som under graviditeten og i sine fyrste leveår veks opp i miljø som ikkje evnar å imøtekome barnet sine behov, risikerer å få skader i sentralnervesystemet som påverkar hjernen sin vidare funksjon på ein negativ måte, noko som aukar risikoen for utvikling av psykisk uhelse hos barnet (Cichetti & Walker, 2001). Nyare hjerneforskning legg også stor vekt på det tidlege samspelet. Modellar for å forstå hjernen si funksjonelle utvikling viser til at hjernen i løpet av dei tre fyrste leveåra dannar funksjonelle nettverk avhengig av kva celler som vert aktiverte på same tid. Nettverk som blir aktiverte hyppig blir forsterka og dannar funksjonelle baner i hjernen. Celler som ikkje blir tekne i bruk, ”tynnast vekk”. Denne oppkoplinga skjer ulikt frå individ til individ, avhengig av dei erfaringane barnet gjer. Det betyr at våre hjernar i ein viss forstand er unike og individuelle i det nevralt grunnlaget for sin funksjon (Smith, 2003).

Hjernen avvik frå dei fleste andre av kroppen sine organ ved å ha sin vekstspurt før fødselen og inntil dei fyrste par åra etter fødselen. Ei følgje av dette er at hjernen er mest sensitiv for både god påverknad og skadeleg påverknad i denne fyrste perioden i eit barn sitt liv (Hart, 2006).

Ein har også i aukande grad blitt klar over den betydinga traumatiske opplevingar og hendingar som forårsakar stress i barnet sine fyrste levemånader, har for hjernen si utvikling. Barn som evnar å gje tydelege signal når dei vert utsette for stress i tomånadersalderen, og som har sensitive omsorgspersonar, vil med stort sannsyn ha eit effektivt stressreguleringsystem i seksmånadersalderen (Smith, 2003). Opplevingar som medfører stress som ikkje blir adekvat regulert av ein omsorgsperson, påverkar reaktiviteten i hjernen. Dette kan føre til utvikling av overaktivitet og merksemdsproblem eller motsett, eit engsteleg temperament, skyheit og tilbaketrekkande åtferd samt mindre utforskande åtferd.

Winnicott forstår forholdet eit barn har til mora som ein føresetnad for at det kan gå føre seg ei modning av barnet sitt potensial (Winnicott, 1958). Han snakkar om at mora med si nesten fullstendige tilpassing til barnet i den tidlege perioden fungerer som barnet sitt ”eg”, det vil seie at mora og barnet utgjer ei eining: Barnet ser seg sjølv når det ser mora, og når mora ser barnet, fornemmer ho si eiga barnlege stemning og kan identifisere seg med barnet. Barnet utviklar seg frå å vere totalt avhengig av omsorgspersonen til å bli stadig meir sjølvstendig og uavhengig (Hart & Schwarz, 2008). I byrjinga kan ikkje barnet skilje mellom seg sjølv og omverda, det er absolutt avhengig av at nokon tek seg av det og forstår kva behov det har. Mora, som vanlegvis er intenst oppteken av barnet, oppfattar kva barnet treng, ho innfører

rytme og stabilitet i dagen, og i kraft av desse gjentekne utvekslingane, utviklar barnet ei grunnleggjande oppleving av kontinuitet. Barnet får ei grunnleggjande oppleving av at det finst ein indre samanheng, og ein tryggleik overfor omverda som dannar grunnlag for den seinare utviklinga.

Barnet si erkjenning av sitt forhold til den ytre verda vert bygd opp med utgangspunkt i små dosar i kraft av mora si etter kvart mindre absolutte tilpassing til barnet sine behov. Dette må skje på ein måte som svarer til barnet si evne til å byggje opp ei forståing av røynda rundt det, det vil seie på ein måte som verken eksponerer det for sterkt for verda eller i overdriven grad vernar det, men gjev plass til barnet sin eigen spontanitet og kreativitet i høve røynda. Dette seier Winnicott er sunt (Hart & Schwarz, 2008). Denne tenkinga er i tråd med Circle of security som vart omtala i kapittel 3.4. Mora skal støtte i den grad barnet treng det, ho skal oppmuntre og tryggje barnet under utforsking og ho skal ta imot det når det kjem for å få trøyst.

Om den gode sirkelen i samspelet mellom mora og barnet ikkje oppstår, vert den emosjonelle utviklinga forstyrra. Når mora sjølv blir redd, eller på annan måte overvelda av kjensler som følgje av barnet sitt angrep, eller når ho ikkje er i stand til å skape truverdige moglegheiter for at barnet kan gjenopprette det gode forholdet, eller gjere det godt igjen etter ei konflikt, utviklar ikkje barnet omsorg for den andre som ein indre struktur, men derimot angst overfor andre menneske. Om ein nyttar Winnicott si forståing, kan ein gå ut i frå at samspelet i slike samanhengar er kjenneteikna av eit samspel med manglande inntoning, der misforståingar eller feiltilpassingar i det innbyrdes forholdet ikkje blir reparerte, og dermed skaper grobotn for utvikling av skuld. På same tid gjev ein slik oppvekst grunnlag for utvikling av kjenslemessige problem, og problem med å markere eigen identitet og eigne behov overfor andre menneske (Hart & Schwarz, 2008).

Stern (1985) har laga ein utviklingsmodell som bidreg til ei betre forståing av spedbarnet og korleis det opplever verda, både seg sjølv og andre. Han ser spedbarnet som ein aktiv deltakar i å konstruere si eiga verd. Konstituering av sjølvvet vil alltid vere basert på interaksjon med andre. Han seier spedbarn allereie frå fødselen av byrjar å oppleve ei kjensle av eit byrjande sjølv. Frå barnet er to-seks månader konsoliderer spedbarnet kjensla av eit kjernesjølv som ei separat, samanhengande, avgrensa fysisk eining med ei kjensle av affektivitet og kontinuitet i tid. Perioden frå om lag 9-18 månader er i fyrste hand ikkje eigna til utviklingsoppgåver som sjølvstende, autonomi eller individualisering, det vil seie å gå bort frå og fri seg frå den

primære omsorgsgjevaren. Perioden er like mykje prega av søking etter og skaping av ein intersubjektiv union med mor, noko som blir mogleg i denne alderen. Denne prosessen inneber å lære seg at det subjektive livet barnet har, innhaldet i psyken og eigenskapane i kjenslene, kan delast med mor.

Heilt frå starten kan eit barn oppfatte sansemessig heilskap og samanheng, vere utveljande og gjenkjennande. Det gryande sjølvvet treng hjelp til å regulere opplevingar og erfaringar. Kjernesjølvvet festar seg gjennom opplevinga av å kunne handle sjølv, å både kunne henge saman med og vere skilt frå andre. Psykiske tilstandar mellom menneske kan no avlesast, matchast, ordnast på linje med eller inntonast i (eller avlesast feil, feilmatchast, ikkje ligge på linje med eller inntonast til). Domenet er umedvite og ikkje-verbalisert. Dette domenet kviler på kapasitetar som å kunne dele fokus for merksemd, å kunne tilskrive andre kjenslestilstandar og å kunne oppfatte om desse stemmer overeins med eigen kjenslestilstand. Det subjektive sjølvvet vert utvikla ved at barnet kan oppleve tilhøyre og fellesskap og maktar å utnytte den nære vaksne sine kjensleuttrykk som rettesnor for kjensler og åtferd. Affektiv inntoning er her eit nøkkelord. I utviklinga av eit verbalt sjølv blir orda ei sterk kraft som hjelper barnet til å forstå seg sjølv og andre, til å gjere seg forstått av andre og til å dele opplevingar. Det narrative sjølvvet vert utvikla når barnet maktar å lage samanheng og mening i livet det opplever, gjennom iscenesetting eller verbalisering (Stern, 1991).

5.4 Foreldre si fungering for å møte barnet optimalt

Mykje tyder på at vi også har ein biologisk beredskap for foreldreåtferd. Studiar viser at vaksne personar som får eit spedbarn i armane automatisk dempar stemma og gjer den lys og rytmisk samstundes som dei hevar augebryna på ein måte som gjev eit tydelegare ansiktsuttrykk. Dette aukar barnet si interesse og fremjar ein gjensidig dialog. Denne dialogen er grunnleggjande for å forsterke utviklinga av sosial og emosjonell tilknytning (Hansen, 1991). Foreldre si evne til å få til eit adekvat samspel med sitt barn er avhengig av ei rekkje faktorar. Døme på slike faktorar er forelderen si psykiske helse og eventuell forekomst av rusmisbruk, psykisk helse, evnenivå, eigne negative oppveksterfaringar, alder ved barnet sin fødsel (tenåringsgraviditet), dårleg relasjon med eigne foreldre og dermed dårlegare sosial støtte, samt avbrot av utdanning under tenåra (Sameroff, Lewis & Miller, 2000).

Kor mange risikofaktorar som belastar eit barn, har stor betydning for utviklinga til barnet. Ein faktor åleine gjev knapt auka risiko i det heile for at barnet skal utvikle seg negativt, men barn som veks opp i miljø karakterisert av fleirtalet av faktorar, er utsette for ti til tjue gonger så stor risiko for å utvikle psykiske vanskar. Vurderinga av kva risiko barnet har for å ta skade i eit visst oppvekstmiljø bør altså fokusere på det samla talet på risikofaktorar heller enn på betydinga av ein eller eit par enkeltstående faktorar (Williams et al., 1990). Graden av eit eventuelt traume spelar også inn. Sroufe (1996) har mellom anna undersøkt spedbarn av depressive uinteresserte mødrer og fann ein klar samanheng mellom graden og typen av samspel og ei progressiv forverring av tilstanden til desse barna. Ved tremånadersalderen reagerte barna upåfallande, ved seksmånadersalderen verka dei urolige eller passive og lite vitale. Omkring eittårsalderen hadde halvparten av barna ei usikker tilknytning til mora og ved 18-månadersalder hadde alle barna ei utrygg tilknytning. Winnicott (1985) meiner at samspel med ein depressiv omsorgsperson har for stor kostnad for det vesle barnet. Barnet må ta ei rolle som mor sin hjelper, noko det ikkje er modent for. Abrahamsen (1997) viser til Alvarez (1991) som har funne at depressive mødrer kan bli hjelpte ut av sin depresjon i samspelet med eit livleg og kontaktsøkjande barn som krev merksemd.

Dei fyrste månadene i livet, før tilknytninga har utvikla seg heilt, er foreldra si viktigaste oppgåve i tillegg til å gje mat, varme og vern, å hjelpe barnet med kjenslemessig regulering (Thompson, 1994). Spedbarnet tåler ikkje lengre stunder med sterke negative affektar, og evna deira til å regulere sterke kjensler er avgrensa. Dei vert lett overmanna av dei og treng foreldra si hjelp for å suksessivt lære seg emosjonell regulering. Spedbarn er robuste i den forstand at foreldre ikkje treng vere perfekte, dei treng ikkje alltid lukkast i sitt forsøk på å vere gode foreldre (Crockenberg & Leerkes, 2000, Jesper Juul, 1996). Det spedbarn kan ta skade av, er om dei negative samspels erfaringane dominerer over dei positive. Om foreldre ikkje svarer på barnet sine kontaktforsøk gjennom å le mot barnet, snakke med det og tilby kroppskontakt, intensiverer barnet fyrst sine kontaktforsøk (Tronick et al., 1982). Om dette ikkje gjev ønska resultat, trekkjer barnet seg suksessivt attende og vender bort blikket. Dette er eit alvorleg teikn på at relasjonen mellom foreldre og barn ikkje fungerer.

Barn si evne til å utvikle ei trygg tilknytning er avhengig av at forelderen evnar å reagere adekvat på barnet sine signal og at forelderen tilbyr trøyst og vern i situasjonar der barnet er engsteleg og uroleg (Ainsworth et al., 1978). Barn som er tvinga til å vekse opp i miljø der omverda ligg utanfor kva evolusjonen har førebudd barn på å kunne mestre, må betale ein

høg pris, i verste fall i form av manglar i den emosjonelle og sosiale utviklinga (Crittenden & Ainsworth, 1989). Korleis relasjonen fungerer, viser seg i det observerbare samspelet mellom barn og foreldre og i foreldre sine indre bilete av seg sjølv og sitt barn. Om relasjonen mellom spedbarnet og den næraste omsorgsgjevaren er alvorleg forstyrra, får barnet ein tydeleg auka risiko for å bli skada i si utvikling (Lyons-Ruth, Zeanah & Benoit, 2003). Ein konsekvens av ein slik forstyrra relasjon kan vere at barnet ikkje kan løyse viktige utviklingsoppgåver som er relevante for alderen, noko som igjen aukar risikoen for at barnet seinare utviklar symptom på psykisk uhelse.

Winnicott (1984) har fokusert på omsorgspersonen sine kjenneteikn i omsorga for eit lite barn. Han har utvikla omgrepet ei fasiliterande omverd. Kjenneteikn på ei fasiliterande omverd er at omsorgspersonen er intenst oppteken av barnet, noko som set ho i stand til nesten fullstendig å tilpasse seg barnet sine behov. Den ”gode nok mor”-funksjonen eller ei støttande omsorg viser til ei mor eller ein moderleg funksjon som er i stand til å fornemme barnet sine behov og er innlevande, kjærleg og stabil i si omsorg. Det er ikkje omgjevnadene som formar barnet, men ei støttande omverd som set det i stand til å realisere sitt potensiale. Dette gjer at det er vanskeleg å sjå på barnet og forelderen si fungering skilde frå kvarandre, utan å ta omsyn til den andre parten si fungering.

For å kunne fange opp alvoret i spedbarnet sin situasjon, krev det kunnskap om vilkåra for utvikling og om utvikling generelt. Spedbarn er avhengig av relasjonar for å kunne leve og utvikle seg. Det vil difor vere både barnet og forholdet mellom barnet og den vaksne som treng behandling (Haug & Opsand, 2006).

Alvarez (1991) er særleg oppteken av korleis omsorgspersonen sin eigen vitalitet og glede kan lokke fram betre merksemd, konsentrasjon og livsglede hos barnet. Omsorgspersonen må bli det ho kallar ”eit levande selskap”. Abrahamsen (1997) viser til Tinbergen som har peika på at når omsorgspersonen ler saman med barnet over noko som skjer, er dette med på å knyte dei saman. Han hevdar at delt latter mellom barn og omsorgsperson er noko av det som bind dei aller sterkast saman. Alvarez (1991) sitt hovudpoeng er meir i kva grad samspelsopplevinga er interessant og levande nok for barnet, slik at barnet blir tilstrekkeleg merksam og konsentrert og kan delta i samspel og lek. Bearbeiding av gledesopplevingar og fryd kan vere like tankestimulerande for barnet som bearbeiding av opplevingar av fortvilning og panikk, fordi gleda har så mange uttrykksformer.

6 Tidleg samspel

6.1 Definisjon

Smith og Ulvund (1999) definerer sosialt samspel som ein prosess som involverer overføring av informasjon, regulering av kvarandre si åtferd og ei kjensle av å høyre i lag. Braarud (2010) viser til Reber (1985) som definerer sosial interaksjon som gjensidig påverknad, som når åtferda til ein person blir ein stimulus for åtferda til ein annan person og vice versa.

Tidleg samspel er den allsidige og finstemte kommunikasjonen som går føre seg mellom barnet og omsorgsgjevar med lydar, blikkontakt, mimikk, kroppshaldning og rørsler, berøring og etterkvart også verbalt språk. Denne kommunikasjonen er gjensidig. Barnet er ikkje ein passiv mottakar av foreldra sitt utspel, men har sjølv evne til å gje respons, ta initiativ og ”styre” dialogen. Det har evne til å imitere ansiktsuttrykk, rørsler og lydar, og det formidlar eigne kjensleuttrykk på mange måtar. Slik sett er spedbarnet gjennom sine sansar og si naturlege åtferd allereie frå fødselen av eit sosialt vesen (Stern 1985, Threvarthen, 1988). Spedbarnsforskinga har vist at denne fyrste samspelskontakta har stor betydning for den gjensidige tilknytninga og barnet si utvikling.

6.2 Historisk oversyn

Ulike filosofiske retningar har veksla på å ha sterkast påverknad på tenkinga om forholdet mellom barnet og miljøet. På denne måten har forståinga av barn si utvikling som ein kompleks, interaksjonsprega prosess, der barnet primært er eit sosialt individ, utvikla seg. Rye (2002) viser til Rousseaus utfaldingsfilosofi som innebar at barnet i minst mogleg grad burde bli påverka av omverda. Modningsmodellen fekk på denne måten stor betydning etter andre verdskrig. På 70-talet finn vi den åtferdsteoretiske tradisjonen som legg einsidig vekt på miljøet si betydning. Ein oppfatta barnet som eit ”blankt ark” og tenkte at miljøet tilførte den erfaring, læring og utvikling som var relevant i kvart barn sitt miljø og kultur. Rye hevdar at ingen av dei teoretiske referanserammene vi har frå tidlegare tider åleine kan skildre utviklingsprosessen, til det er den for kompleks. Fishbein (1976) seier at barn si utvikling skjer gjennom eit dynamisk samspel mellom genetiske anlegg og miljø som gjensidig formar kvarandre heilt frå unnfanginga av.

Ut frå eit interaksjonistisk synspunkt kan ein i følge Rye (2002) seie at det føreligg eit dynamisk samspel mellom eitkvart individ sine genetiske og konstitusjonelle føresetnader og barnet sitt miljø heilt frå fødselen av. Barnet er frå fødselen av predisponert til å etablere tilknytning til og inngå i samspel med sine omsorgsgjevarar. Barnet er aktivt i sitt forhold til læring, det tek initiativ og styring i samhandlingssituasjonar heilt frå fødselen av. Omsorgsgjevarar sine personlege føresetnader og miljøet sin kvalitative eigenart avspeglar seg i dei erfaringar barnet får heilt frå byrjinga av.

6.3 Barnet si utvikling

Dei fleste spedbarn lever i eit omsorgsmiljø der utviklingsstøttande samspel er ein normal aktivitet som vert utvikla og endra i takt med barnet sin aukande alder. Sameroff (2005) seier at spedbarnet sin ibuande motivasjon for å delta i eit sosialt selskap er positivt forsterkande for sensitive omsorgsgjevarar. Vi kan omtale dette som dynamiske transaksjonelle prosessar. Schore (2001) seier at dynamiske transaksjonelle prosessar over tid vil bidra til utvikling av tilknytning og sikre den sosiale stimulering som er avgjerande for spedbarnet si nevrologiske modning og utvikling (Braarud, 2010). Det er når barn sine oppvekstforhold skaper ei tidleg og vedvarande negativ utvikling at tidleg intervensjon kan virke særleg positivt på deira psykososiale utvikling (Rye, 2002). Hensikta med tidleg psykososial intervensjon er å forsterke, berike og utvide dei positive erfaringane i barn sitt samspel med omsorgsgjevarar. Sentralnervesystemet hos små barn er ”plastisk”, i den forstand at barnet si utvikling, åtferd og tilpassing gjennom læring i stor grad er påverkelege av samspelet med miljøet. Om den genetiske risiko manifesterer seg, er avhengig av kvaliteten på barnet sine familiemessige nettverk (Hart, 2006).

Den enkle synkroniserte interaksjonen som vanlegvis utviklar seg av seg sjølv mellom omsorgsgjevar og det vesle barnet, inneheld nokre standardkomponentar. Dette er augekontakt, smil, lydar, uttrykk for glede eller begeistring og imitasjon. Gjennom augekontakt får den vaksne kontakt med barnet ved at ho ser på barnet og fangar barnet sitt blikk. Ho smiler til barnet og smiler tilbake når barnet reagerer. Den vaksne lagar lydar, lyttar og svarer med lydar på barnet sine lydar. Ho tilpassar seg barnet sin tilstand, harmoniserer initiativ og respons mellom barn og vaksen. Den vaksne viser ved å imitere barnet si åtferd at han/ho forstår barnet. Denne enkle forma for samspel er delar av den tidlege etableringa av

den mellommenneskelege relasjonen mellom omsorgsgjevar og barn som er det kjenslemessige og kommunikative grunnlaget for den psykososiale utviklinga (Rye, 2002).

Kvaliteten på dette tidlege samspelet får betydning for korleis barnet kjem til å utvikle og utnytte sine ressursar på ei rekkje område vidare i livet. Dei fleste foreldre- og barn-par utviklar raskt eit gjensidig samspel som fremjar vidare samhandling på ein god måte. Der dette ikkje skjer av seg sjølv, er det viktig å kome tidleg til med hjelp og støtte (Moss, 2006). Hart (2006) viser til Edelman og Tononi (2000) som påpeikar at det spesifikke miljøet som barnet vert fødd inn i, vil avgjerde kva nevrane nettverk og synapsar som vert danna og styrka (Jamfør s.32). Allereie ved fødselen vil den stimuleringa som barnet vert utsett for byrje å forsterke bestemte mønster av nevralt aktivitet. På denne måten interagerer genetiske og miljømessige faktorar på kvart steg i hjernen si utvikling. Fordi mennesket sin hjerne er så relativt uferdig ved fødselen, spelar omsorgspersonane ei stor rolle for hjernen si meir detaljerte oppbygging og funksjonar. Omsorgspersonane har innverknad på hjernen sine genetiske program gjennom ein erfaringsavhengig påverknad og utvikling. Det genetiske potensial uttrykkjer seg innanfor ei spesifikk sosial erfaring, som har påverknad på korleis hjernecellene bind seg til kvarandre. Menneskeleg kontakt skaper nevrane bindingar. Sjølv om evna og lysta til lek er ei genetisk programmert åtferd, krev den dei rette omgjevnader for å kome til uttrykk. Til dømes vil angst og svolt hemme lek. Hos dei fleste pattedyr utfaldar lek seg innanfor ein varm, støttande og sikker base i eit miljø der omsorgsgjevarane er engasjerte og involverte (Hart, 2006).

Bion (1962) seier at den vaksne hjelper barnet til å tåle sine eigne smertefulle kjensler ved å bere dei saman med det (Abrahamsen, 1997). Barnet erfarer etter kvart at dei vanskelege kjenslene er til å bere fordi den vaksne hjelper til med å omforme dei utålelege kjenslene til kjensler som er psykisk fordøyelege. Bion seier at ein slik dynamisk prosess gradvis fører til ein kjenslemessig vekst hos barnet. Barnet sitt kjensleuttrykk vert smått om senn omgjort til meiningsfylte element som kan tenkjast på. Saman blir barnet og omsorgspersonen eit ”tenkjande par”. Dersom små barn ikkje får jamleg hjelp til eit slikt mentalt førdøyingarbeid, kan det innebere at dei får vanskar med både å lære sine eigne kjensler å kjenne og å romme dei. Ein kan også tenkje seg at dette vil føre til ein svakare toleranse for nye og vanskelege situasjonar og ei utvikling av uføremålstenlege måtar å takle dei på.

Spedbarnet kan vende seg bort frå samspelspartnar når spenninga og aktiveringsnivået blir for høgt, eller bruke smil, blikk og hand- og fotrørsler for å invitere til ein ny og morosam dialog med omsorgsgjevaren (Stern, 1991).

Greenspan og Salmon (1995) har fokusert på ulike funksjonsmåtar hos eit barn som kan opplevast utfordrande for vaksne, i den forstand at det krev ekstra merksemd og innsats frå den vaksne si side for at barnet skal få ei positiv og god utvikling. Ein av desse funksjonsmåtene er lite sensitivitet, passivitet og tilbaketrekking. Slike barn kan ofte opplevast som rolege og lite krevjande. Det kan virke som om dei avventar foreldra sitt initiativ, sjølv etter at dei har lært å ta seg fram på eige initiativ. Dei viser lita interesse for å utforske omverda på eiga hand. Sjølv den tidlege augekontakta kan dei verke lite interesserte i. Det er lett å tru at desse barna er fornøgde og rolege, at dei ikkje treng mykje merksemd. Ofte er dei både motorisk, språkleg og sosialt forseinka.

6.4 Foreldre si fungering for å møte barnet optimalt

I følgje Winnicott (1984) har omsorgspersonen si omsorg to aspekt: Dels inviterer ho seg sjølv inn i barnet si verd og blir dermed ein som barnet forbind seg med og gradvis utviklar sin fyrste relasjon med, dels vernar ho mot uforutsigbarheit ved sin stabilitet og pålitelegheit i ivaretakinga av barnet sine behov. Dei to aspekta er teoretiske konstruksjonar, Winnicott nyttar dei i eit forsøk på å fange inn barnet sitt behov for kontinuitet og tryggleik på den eine sida, og på den andre sida eit motspel i barnet si kjenslemessige utveksling med omgjevnadene som to aspekt som støttar barnet si utvikling.

Pnina Klein (1989) utvikla teknikkar for intervensjon i tidlege omsorgsgjevar-barn-forhold i ei rekkje land og i høve barn og miljø med ulike typar behov. Tanken er at omsorgspersonen fungerer som ein formidlar mellom barnet og omverda (Hagtvet & Horn, 2004).

Ein viktig føresetnad for at omsorgsgjevar skal kjenne eit ønske om å få til eit godt kjenslemessig kontaktforhold med barnet, er at foreldra opplever glede ved å vere saman med barnet (Rye, 2002). Byrjinga til å snu eit negativt kontaktforhold til eit positivt er ofte at omsorgsgjevaren får sjansen til å oppleve seg sjølv som kompetent og som viktig for barnet og barnet si utvikling her og no. Like viktig er det at omsorgsgjevaren blir merksam på korleis barnet reagerer på fysisk nærleik, korleis det vert opplevd å sjå på, ta på og høyre på barnet, og korleis barnet reagerer på det omsorgsgjevaren gjer med det. Denne sensitiviteten er

naudsynt for at omsorgsgjevaren skal bli i stand til alltid å vite korleis barnet har det, kva det treng og korleis eit godt samvær kan kome i stand. Gleda ved å oppleve eit meningsfullt kontaktforhold med barnet er sannsynlegvis den sterkaste motiverande krafta bak god omsorg.

Barn treng frå byrjinga av foreldre som med tryggleik kan gje omsorg med innleving i barnet sin situasjon, og tålmod kombinert med faste rutinar og haldningar (Rye, 2007). Evna til å vise kjærleik og omsorg trass i vanskar er ein føresetnad for å etablere kontakt, tryggleik og gjensidig kommunikasjon. Berre gjennom etablering av ein meningsfull gjensidig kommunikasjon med mimikk, lydar og rørsle som formidlar positive kjensler og tryggleik, kan det skapast ein stabil relasjon som gjer ei gjensidig tilpassing mogleg. Gjennom denne forma for interaksjon kan at barnet bringast inn i ein positiv utviklingsspirale med aukande oppleving av meningsfull interaksjon og gjensidig justering mellom foreldre og barn.

Eit barn som er lite sensitivt, passivt og tilbaketrekt har ei åtferd som kan føre til at det vert mykje overlata til seg sjølv og at det dermed får mindre erfaring og læringsmoglegheit enn andre barn (Rye, 2007). Somme foreldre kan også oppleve desse barna sin passivitet som avvisande og provoserande, andre kjenner seg hjelpelause og gjev opp. Desse reaksjonane frå foreldre og andre kan lett føre til at barna si interesse for omverda minskar i staden for å auke. Desse barna treng hjelp for å utvikle si lyst og interesse for omverda. Fyrst og fremst treng dei vedvarande, kjærlege og sensitivt tilpassa kontaktilbod, å bli dregne inn i sosialt engasjement. Dei treng å bli tekne med i daglegdagse aktivitetar, gjere tilpassa oppgåver dei kan lære av, men på ein måte som er tilpassa deira tempo og uthald. Berre gjennom tålmodig å dra dei inn i kommunikasjon der dei kan få moglegheit til å mobilisere sine eigne kjensleuttrykk og hjelp til å forstå andre, kan dei bli sosialt meir interesserte og aktive.

Spedbarn modulerer sine affektive uttrykk etter mødre sine uttrykk heilt frå fødselen av. Azak (2010) viser til Cohn og Elmore som i 1988 fann at spedbarn sine positive affektar fyrst kom til uttrykk etter at mødre hadde uttrykt positiv affekt som smil og rytmiske vokaliseringar. Blei mødre sitt ansiktsuttrykk endra til nøytralt, endra også barna sine positive affektuttrykk seg til blikkaversjon og nøytralt ansikt. Karakteristisk for depresjon er eit forflata stemningsleie. Samspelsstudiar basert på videoanalyser viser at deprimerte mødrer har færre affektuttrykk, viser mindre hengivenheit for spedbarnet, er meir tilbaketrekt, seinare i responsane, vokaliserer mindre, viser mindre positive affektar og meir negative og fiendtlege i samspelet enn ikkje-deprimerte mødre. Spedbarna viser mindre positive ansiktsuttrykk, færre blikk mot mor, mindre vokalisering og dårlegare regulering av tilstand.

7 Rådgjevaren si rolle

7.1 Definisjon

Ein kan sjå rådgjeving som pedagogisk verksemd der føremålet er å setje dei som søker hjelp i betre stand til å hjelpe seg sjølv, ikkje berre i den aktuelle saka dei står oppe i, men også andre, liknande situasjonar (Johannessen, Kokkersvold & Vedeler, 2001). Det vil dermed vere viktig at rådgjevaren ikkje sit klar med svara på korleis ein skal hjelpe ein person.

Rådgjevaren skal ha mykje kunnskap som ein basis for rådgjevingsarbeidet sitt. Så må rådgjevaren sjå etter kva verkty han har som kan nyttast for å hjelpe den aktuelle personen som ber om råd. Den beste læringa hos rådsøklar kjem av at rådgjevar hjelper rådsøklar til sjølv å reflektere og kome fram til sine eigne løysingar.

Lassen (2000) definerer rådgjeving som ein kommunikativ prosess mellom to eller fleire menneske der samspelet er definert i klare rammer med omsyn til arbeidet sin karakter, innhald og tidsavgrensing. Målet rådsøklar arbeider mot er den styrande faktor i rådgjevingsprosessen. Arbeidet for å nå målet blir rådgjevingsprosessen. Å nå mål og delmål blir resultatet av sjølv rådgjevinga.

Egan (2002) seier rådgjeving dekkjer ein kvar situasjon der eitt eller fleire menneske har bestemt seg for at han/ho/dei skal gå inn i eit samarbeid med eit anna menneske som skal yte hjelp. Han viser til to mål som er essensielle i rådgjeving der ein nyttar positiv psykologi som innfallsvinkel. Det fyrste målet er å hjelpe klienten til å meistre sine problem meir effektivt og å lære seg å utnytte ubrukne ressursar og ubrukne moglegheiter fullt ut. Det er avgjerande at klienten er motivert slik at han kan hjelpe seg sjølv til å vidareutvikle seg. Etter kvart som ein gjennomgår ei suksessfull behandling, vil vanskane bli mindre og lettare for klienten å handtere. Sjølvtilitt vil etter kvart kome i staden for dårleg sjølvtilitt. Det andre målet Egan viser til, er at rådgjevaren skal hjelpe klienten til å bli betre til å hjelpe seg sjølv til dagleg. Dette er i tråd med det Johannessen med fleire seier, vist ovanfor.

Felles for all rådgjeving er i følge Lassen (2002) at reiskapen som rådgjevaren brukar i jobben er han sjølv. Dette krev teoretisk innsikt i mennesket og system si utvikling (knytt til læring, helse, sjølvutvikling og sosialisering), medvit om eigen kompetanse og fagleg rolle, klinisk kommunikative ferdigheiter og haldningar (Lassen, 2002). Lassen seier vidare at

utvikling av rådgjevingskompetanse er ein kontinuerleg prosess som inneber eigenutvikling og sjølvinnst. Ein kan sjå på rådgjevingskompetanse som eit metodisk verkty for å leggje til rette for fruktbar, mellommenneskeleg kommunikasjon med ein rådsøkjjar. Dette er essensielt for å hjelpe rådsøkjjar i hennar utviklingsprosess ut frå vedkomande si forståing og perspektiv. Den metodiske utfordringa er å formidle fagleg kunnskap til den som treng hjelp på ein slik måte at det blir ei endring til det betre.

7.2 Kva kunnskap treng rådgjevaren

Stern (1995) seier at hovudingrediensen i vellukka intervensjon for å fremje barn-foreldre-tilknytning er kvaliteten av den profesjonelle sitt forhold til foreldre og barn.

Hovudingrediensen i vellukka førebygging, så vel som i behandling, er den profesjonelle sitt kontaktforhold til foreldre og barn. Kontaktforholdet er det viktigaste hjelpemiddel den profesjonelle har.

Rådgjevaren må ha god og stødig kunnskap om dei ulike elementa som er nemnde tidlegare i oppgåva for å best mogleg kunne hjelpe foreldre i deira samspel med deira barn. Menneska er ulike og behova er ulike. Dei kontaktforhold den profesjonelle utviklar til foreldre, vil difor vere av ulik karakter. Johannessen et al. (2001) seier at rådgjeving på det pedagogiske og psykologiske området er komplisert, det er vanskeleg å opptre som ein ekspert med rette svar, og dessutan kan det vere vanskeleg for hjelpesøkjaren å vite kva han treng hjelp til.

Mellommenneskelege forhold er komplekse og mangetydige.

Egan (2002) har utarbeidd ein hjelpemodell som vert kalla The Skilled Helper Model: A Problem- Management and Opportunity-Development Approach to Helping. Modellen viser fire fundamentale spørsmål som klienten sjølv skal stille og svare på. Det fyrste spørsmålet er "Kva skjer?" Kva er problemet, temaet, bekymringa eller ubrukte ressursar som klienten kan arbeide vidare med? Spørsmål to: "Kva treng eg, eller kva vil eg ha?" Korleis vil eg ha livet mitt, kva endringar vil gjere meg meir lukkeleg? Spørsmål tre: "Kva må eg gjere for å få til det eg vil?" Kva plan vil få meg der eg ønskjer å vere? Spørsmål fire: "Korleis skal eg oppnå resultat?" Korleis gjer eg planar og målsetjingar om til løysingar, resultat? Korleis skal eg kome i gang og halde fram mot det eg ønskjer? Rådgjevaren si rolle vert her å hjelpe klienten med å få fram viktige tema der klienten er motivert og klar for å gjere eit endringsarbeid. Han

skal hjelpe klienten til å velje tema, til å utvikle strategiar for å nå måla sine, gjere seg nytte av planen sin og evaluere sin eigen sjølvhjelpsprosess.

Ein dyktig fagperson møter heile mennesket som det samtalar med. Gode fagfolk kan samhandle med andre menneske på ein måte som bidreg til å skape tryggleik, tillit, openheit, respekt og anerkjenning, og som fremjar sjølvstende og medverknad. Det er viktig å forholde seg slik at klientane opplever at dei blir lytta til, informerte og dregne med som aktive og ansvarlege (Hanssen & Røkenes, 2002). Hanssen og Røkenes (2002) viser til Lafferty (1989) som seier at dei viktigaste faktorane i samhandling mellom fagperson og klient ser ut til å vere innleving og empati. Det vil seie at klienten kjenner seg forstått, og at fagpersonen viser respekt og vert opplevd som ein varm og ekte person. Dei viser også til Fiedler (1950) som fann at den gode fagpersonen la vekt på å forstå klienten sine meiningar og kjensler, han var sensitiv for klienten sine haldningar og viste varm interesse utan å bli overinvolvert. Ein kan ut av dette lese at rådgjevaren sine personlege kvalitetar spelar ei rolle for korleis han kjem i posisjon til å gjere eit endringsarbeid hos foreldre i samspel med sitt barn. Relasjonen har også betyding for om klienten kjem fram med sine opplevingar, tankar, meiningar og kjensler og for utviklinga av meir samsvarande forventingar mellom klient og fagperson i hjelpeprosessen (Hanssen & Røkenes, 2002).

Hanssen og Røkenes (2002) seier at det å ha relasjonskompetanse i arbeid med menneske inneber å ha eit reflektert forhold til kva betyding konteksten har for samhandlinga, å kjenne seg sjølv, å kunne leve seg inn i korleis andre menneske opplever verda og å kunne leggje til rette for fruktbare relasjonar og samspel. Relasjonskompetanse inneber også at fagpersonen tåler å vere nær andre, til dømes når dei gret. Kokkersvold og Mjelve (2003) definerer kommunikasjonsomgrepet vidt når dei skal vurdere relasjonen mellom rådgjevar og klient. Dei seier i denne samanhengen: ”All åtferd er kommunikasjon”. I dette ligg det at kommunikasjon ikkje er avgrensa til korleis ein gjev og får informasjon, det omfattar korleis menneske forhold seg til og rører kvarandre.

Når det gjeld temaet tidleg samspel og tilknytning vil ein rådgjevar kunne hjelpe forelderen til å sjå og forstå kva barnet signaliserer. Gjennom bruk av mellom anna MISC- og ORION-programmet kan ein hjelpe forelderen til å sjå seg sjølv, bli meir medviten på sine samhandlingsstrategiar. Forelderen vil saman med rådgjevaren sjå på kva strategiar som passar for barnet. Kva er det barnet liker? Kva liker barnet ikkje? Kor tid er barnet trøyt og vil ha fred? Kva initiativ tek barnet, og korleis kan forelderen sjå og bekrefte desse? Kva kan

forelderen gjere meir av og kva bør tonast ned? Kva indre arbeidsmodell har forelderen av barnet? Rådgjevaren må heile tida søkje etter å forstå og setje seg inn i rådsøkjjar sin situasjon.

Killén (2005) peikar på at som profesjonelle er vi involverte i parallelle prosessar overfor foreldre, slik foreldra er det overfor sitt barn. Det vil i denne samanhengen seie at det er sannsynleg at den profesjonelle si haldning overfor foreldra vert gjenteken av foreldra overfor barnet. Dette er i tråd med det Thue (2006) seier når han i høve videoretting peikar på kor viktig det er at terapeuten bruker same kommunikasjonsmodell overfor omsorgspersonane som ein ønskjer at desse skal ha overfor barnet. Terapeuten følgjer foreldra sine initiativ, bekreftar dei, gjev dei tid, set ord på handlingar/initiativ, både foreldra sine initiativ i filmen og dei egne initiativa i samtaletimen i etterkant. Slik kan ein sikre felles fokus og deling av glede over det positive som skjer. Foreldra skal sjølve få tillit til at dei har potensiale til å få til ei endring hos barnet. Dette viser kor viktig det er at rådgjevaren er open og lyttande og lever seg inn i det rådsøkjjar er oppteken av. Eit fokus rådgjevaren også må ha er at han skal vere sensitiv og respondere sensitivt til rådsøkjaren. Berre ved å vere sensitiv og lyttande vil ein kunne kome i posisjon til å hjelpe eit individ til å hjelpe seg sjølv.

Utvikling av sjølvtilit i foreldrerolla må prioriterast høgt (Killén, 2005). Det er viktig å bidra til at foreldre får trua på at dei har noko å gje barnet sitt. Dess meir foreldra opplever positive, støttande relasjonar, desto større moglegheiter får dei til å betre si oppfatting av seg sjølv, sine barn og forholdet til dei. Alle foreldre har behov for omsorg og støtte, nokon fordi dei har fått lite hjelp sjølv til å vekse opp og difor har vanskeleg for å gje omsorg til egne barn, andre fordi dei er i ein situasjon der dei får lite støtte, eller fordi dei har eit sårbart barn, eller også ulike kombinasjonar av desse. Behovet for ekstra omsorg skuldast ikkje nødvendigvis mangel på støtte, men at foreldrerolla er svært krevjande.

Ut frå teorien som er presentert så langt bør rådgjevaren ha fokus på barnet i eit relasjonsperspektiv. Dette gjeld i alt arbeid med barn, slik eg ser det. Det blir mangelfullt å berre sjå barnet ut frå enkelte utviklingslinjer eller enkelte faktorar i miljøet. Aamodt (2005) peikar på kor viktig det er at rådgjevaren er medviten på at han ser og deler berre ein "flik av livet" til dei han møter i sitt arbeid. Dei kjem oftast ikkje til rådgjevaren med sine liv og legg det i hendene til rådgjevaren, dei ønskjer hjelp med barnet sitt. Difor blir det viktig å definere oppdraget ilag, å vere mest mogleg eksplisitte og skape konsensus om oppdraget mellom alle dei involverte partane. Faglegheit og profesjonalitet handlar fyrst og fremst om å leie desse

prosessane på hjelpsame måtar, tilpassa problemet, barnet, familien og den utvida konteksten (Myhrvold Hanssen, 2006) .

Ved hjelp av videoopptak av samspel mellom foreldre og barn kan ein støtte barnet i vidare utvikling ved å finne gode bilete som ein kan vise til foreldra i samspeklippet (Thue, 2006). Ein peikar på det den vaksne meistar som er bra for barnet. Dette kan gje forelderen tru på at ein kan få til ein positiv prosess, og det vil gje motivasjon til vidare arbeid. Stillbilete kan ha ein umåteleg sterk verknad fordi foreldra her kan få hjelp til å sjå det som nesten er umogleg å få auge på i den augeblinken det skjedde. Anten fordi foreldrefokuset ikkje var hos barnet, eller fordi det skjedde så fort at det nesten blei umerkeleg. Ein kan stoppe opp ved korte glimt av augekontakt, emosjonelle uttrykk som berre synest eit kort glimt, ein augeblink av delt glede. Slike stopp kan bidra til eit vendepunkt hos foreldre om ein klarer å fange dei rette bileta.

Rådgevaren må ha kompetanse om korleis ein kan møte eit barn der det er, ut frå utviklingsnivået barnet er på. Gjennom fagleg kompetanse og erfaring med praktisk arbeid med barn og foreldre vil rådgevaren utvikle kunnskap om korleis han best kan hjelpe foreldra til eit positivt og utviklande samspel med barnet sitt. Rådgevaren bør ha ulike verkty parat som gjer arbeidet oversiktleg og motiverande for alle partar, både for rådgevaren sjølv, foreldra og barnet.

Gestaltperspektivet kan nyttast som ei god rettesnor når ein skal hjelpe foreldre i samspel med det vesle barnet sitt (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Gestaltperspektivet set søkjelyset på korleis det er mogleg å få større innsikt i seg sjølv og kommunikasjonsprosessar gjennom det som skjer her og no. I foreldre-barn-samspel blir ein då oppteken av det potensialet som ligg i dei situasjonane foreldra er i til dagleg med sitt barn. Ein tenkjer at gjennom større innsikt i kva som faktisk skjer, ligg krafta til endring. Fyrst når ein kjenner til og forstår kva som går føre seg, er det mogleg å endre det. Ein stoppar opp ved her og no-situasjonar, og fordjupar seg i det som skjer i ein sjølv og mellom ein sjølv og andre.

Gestaltteorien er ikkje oppteken av å identifisere eigenskapar, kjensler osb. som ”berre mine” eller ”berre dine” (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Ein er oppteken av å identifisere det som er i feltet mellom personar, deretter korleis den enkelte opplever, kjenner att, eig eller eventuelt ikkje kjenner att. Dette er akkurat det metodane som vert nemnde i denne oppgåva fokuserer på. Gjennom å sjå på korleis foreldre samhandlar med sitt barn, gjennom å filme og å

analysere saman med foreldra kan ein bevisstgjere foreldra på eige handlingsmønster og gjere foreldra merksame på barnet sine signal og karaktertrekk. Gjennom å bruke gestaltteorien kan ein hjelpe den enkelte forelder til å optimalisere moglegheitene til utvikling som ligg i godt samspel mellom barnet og hovudtilknytingspersonen. Ein kjem i rådgjevingssituasjonar sjølvstøtt også ut for foreldre som har vanskelege tema med seg som ein ikkje kan leggje til sides utan vidare.

Ein kan måtte køyre fleire prosessar på same tid, der ein også hjelper forelderen i høve viktige tema som må belysast og arbeidast med slik at ein kan kome forbi dei. Denne oppgåva vil ikkje belyse denne typen arbeid, men det blir likevel løfta fram for å vise at det er viktig å ha eit heilskapeleg perspektiv i arbeidet med kvar familie.

Lassen (2002) peikar på fire kommunikative ferdigheiter ein rådgjevar må ha i sitt arbeid. Han må kunne vise merksemd og evne til å sjå rådsøkjjar, gje respons og tilbakemeldingar som støttar rådsøkjaren og som gjer at rådsøkjjar kjenner seg forstått, hjelpe rådsøkjjar fram til å kjenne eigarskap og ansvar for sin situasjon og hjelpe rådsøkjjar til å setje i gang løysingsforsøk. Dette kan ein bake inn i videoretteleingsprosessen der ein nyttar MISC og ORION sine prinsipp for godt samspel.

I følgje Rogers (1965) må rådgjevaren søkje å vere kongruent; å vere seg sjølv på ein genuin måte (ein fullstendig, integrert og heil person). Davis (1995) belyser to viktige moment som pregar eit autentisk forhold: spontanitet og kontinuitet. Spontanitet inneber å kunne møte rådsøkjjar med ein open, naturleg og likefram reaksjon. Kontinuitet inneber at rådgjevar held ein profesjonell profil og ikkje viser seg frå svært ulike sider i møta. Rådgjevar må vise ubetinga positiv aktning (Rogers, 1965). Dette inneber at han kommuniserer på ein djup og genuin måte at han bryr seg om rådsøkjjar som ein person med menneskelege moglegheiter. Denne haldninga til rådsøkjjar viser rådgjevaren gjennom utadvendte positive responsar, utan reservasjonar og utan evaluering. Den tredje eigenskapen Rogers framhevar som sentral innan rådgjeving, er empati. Rådgjevar må søkje å oppleve eller oppfange rådsøkjjar si fenomenologiske verd. Rådgjevar må vidare vise evne til å oppfatte ein annan person si kjensle både som affektiv og kognitiv dimensjon. Rådgjevar må vere sensitiv for rådsøkjjar sine reaksjonar på korleis rådgjevar formidlar si forståing av kjenslene til rådsøkjjar.

Davis (1995) inkluderer evna til å vere audmjuk og til å vise ein dempa entusiasme som sentrale haldningar for rådgjevaren. I dette ligg det at rådgjevaren kjenner både sin styrke og

sine svake punkt, at han er realistisk i det han har å tilby rådsøkjar. Dempa entusiasme ser Davis som grunnleggjande for etablering av eit forhold mellom rådgjevar og rådsøkjar. At rådgjevar viser dempa entusiasme er ein klart positiv respons til rådsøkjar.

To sentrale element for ein rådgjevar er i følge Lassen (2002) evna til å observere og lytte. For å få til ein effektiv kommunikasjon er det naudsynt at rådgjevar observerer rådsøkjar sitt kroppsspråk (mimikk, gestar og rørsler) og utsjåande. Dette kan indikere energinivå, kjensler og forhold til seg sjølv og rådgjevaren. Slik informasjon må registrerast, ikkje fortolkast. Å lytte til det rådsøkjar seier, og den måten han seier noko på, er viktig både for å signalisere merksemd og å kunne gje passande responsar. Å lytte aktivt inneber å vere open og ikkje forutinntatt. Med aktiv lytting signaliserer rådgjevar at han høyrer den andre.

Rådgjevar må også ha gode og varierte responsferdigheiter (Lassen (2002)). Han må kunne bruke spørsmål som får rådsøkjar til å konkretisere sin situasjon. Opne spørsmål er å føretrekkje framfor lukka spørsmål. Eit ope spørsmål kan ikkje svarast på med ja, nei eller eit anna eittordssvar. Ein måte å stille eit ope spørsmål i videoretting er: ”Kva ser du her?”, ”Korleis reagerte barnet ditt på det du her gjorde?”, ”Kva uttrykkjer barnet ditt her?”.

Lassen (2002) seier vidare at rådgjevaren må kunne spegle det rådsøkjar seier ved å gjenta ”du seier...”, ”du meiner...”, ”du kjenner...”. På denne måten får rådsøkjar høyre dei orda han har sagt, og han får moglegheit til å bekrefte om det var dette han prøvde å setje ord på, om han meinte det slik det vart sagt. Rådgjevar bør vidare undre seg saman med rådsøkjar om element som rådsøkjar ikkje sjølv nemner, men som rådgjevar tenkjer kanskje kan vere relevante. ”Når du seier at..... tenkjer eg at du kanskje blir.....”. At rådgjevar oppsummerer hovudpunkta i innhaldet og også at han set ord på dei kjenslene rådsøkjar har gjeve uttrykk for i samtalen, hjelper rådsøkjar til å få ei oversikt over kva han har sagt. Han får også ei bekrefting på at rådgjevaren har lytta godt. Oppsummeringa blir ei avrunding av samtala. Det er nettopp med oppsummeringar at rådgjevaren kan bringe fram kva som er viktigast for rådsøkjaren å fokusere på framover.

Ein god rådgjevar må arbeide kontinuerleg med seg sjølv, ha kompetanse om korleis han skal kommunisere på ein best mogleg måte for å hjelpe rådsøkjar til eigenutvikling. Dette er ferdigheiter som er like viktige, om ikkje viktigare, enn programma som skal nyttast i rådgjevingsprosessen der fokuset er foreldre-barn-samspel og tilknytning.

8 Kasus 1 – Trygg tilknyting

8.1 Presentasjon av Olivia, tre månader gamal

Olivia er berre tre månader når ho vert tilvist til BUP. Ho fungerer fint, men helsestasjonen er bekymra fordi mor til Olivia er alvorleg deprimert. Olivia er det fyrste barnet i familien, far til Olivia arbeider i eiga verksemd, noko som gjer at han er svært mykje på jobb. Far har vore med til helsestasjonen til ei samtale etter initiativ frå helsesyster som gjerne ville at far skulle ta seg meir fri og tilbringe meir tid saman med Olivia. Mor seier svært lite, ho er flat i uttrykkjet og har eit lite tydeleg kroppsspråk. Ein kan likevel sjå at ho smiler forsiktig til Olivia når Olivia tydeleg tek initiativ til kontakt ved å sjå på mor og lage lyd.

Mor kjem til BUP med Olivia. Mor fortel at ho har det tungt, ho har kutta ut antidepressive medikament på grunn av svangerskap og amming, og ho tykkjer at ho kan merke at ho er dårlegare på grunn av dette. Mor seier at ho er glad for Olivia, men at ho ikkje kan kjenne noko tydeleg glede, ho er redd ho er for dårleg som mor og som kjæraste. Ho seier ho kjenner at ho ikkje duger til noko av det ho må gjere. Mor skildrar Olivia som ei roleg jente, ho søv godt, har god fordøying og et godt. Etter nokre samtaler går mor med på å la seg filme i daglegdagse situasjonar saman med Olivia. Ein filmar ein stellesituasjon der mor byter bleie og ein badesituasjon. I tillegg filmar ein samspel mellom Olivia og mor når mor set i sofaen og held Olivia etter at ho har fått mat. Videoopptaka viser at Olivia er vital og at ho fungerer aldersadekvat. Videoopptaka viser at mor kan følgje Olivia sine initiativ, men ein ser i lita grad at mor viser glede eller at ho tek initiativ. Mor gjentek dei lydane Olivia lagar, men når ho smiler til Olivia når ikkje smilet augene. Mor verkar tydeleg sliten og deprimert. Ho klarer ikkje å vitalisere Olivia, det er heller omvendt, at Olivia vitaliserer mor.

Arbeidet vidare vil bestå i å videoretteleie mor til Olivia, hjelpe ho og støtte ho i hennar samspel med Olivia slik at samspelet kan bli utviklingsfremjande og meir fylt av vitalitet. Samstundes skal ein prøve å kople far meir inn slik at han kan bli ein tydelegare omsorgsperson for Olivia og at han kan avlaste og støtte mor slik at ho får kvile, og at ho får moglegheit til å få litt overskot. Både mor og far får tilbod om rettleiing/rådgjeving. Mor vil i tillegg få tilbod om individualterapi hos BUP i forhold til sin depresjon, men denne delen av arbeidet vil ikkje denne oppgåva belyse.

8.2 Drøfting av kasus

8.2.1 Tilknytning

Olivia har lært til no at det er føremålstenleg for ho å vise emosjonar, mor kjem når Olivia gret. Cassidy (1994) seier emosjonsreguleringa er eit aspekt ved tilknytingsstrategiane. Denne strategien er forbunde med at emosjonane blir uttrykte på ein open og fleksibel måte. Mor har med sin depresjon eit avgrensa emosjonsrepertoar. Olivia vil, som tidlegare vist i oppgåva, spegle seg i mor. Ho vil etter kvart stå i fare for å få eit avgrensa repertoar i sine emosjonsuttrykk, og dermed også kunne få vanskar med emosjonsreguleringa om ein ikkje kjem ei negativ utvikling i forkjøpet gjennom tidleg intervensjon der ein gjer nytte av ressursane i miljøet rundt Olivia og korleis ein best kan nytte desse i samspel med Olivia.

Trygg tilknytning inneber bruk av ein strategi som er forbunde med tillit til at negative opplevingar kan bringast under kontroll (Smith, 2002). Fordi trygge barn veit at omsorgspersonane vil kome å hjelpe, vil ubehagelege situasjonar opplevast mindre stressande. Barn med utrygg tilknytning opplever derimot meir utryggleik knytt til om tilknytingsstrategiane vil fungere. Om ein ikkje går inn med førebyggjande tiltak i høve mor sitt samspel med Olivia, er det – gjeve at mor sin depresjon vil vare – ein overhengande fare for at Olivia sine initiativ vil minke etter lengre tid i samspel med ei mor som sjølv tek lite initiativ.

Main (1991) si påstand om at barn med utrygg og ambivalent tilknytning må bruke ein del av sin kognitive kapasitet til å halde greie på tilknytingspersonen si tilgjengelegheit, gjev oss ei forståing av kor viktig det er for barn som har ei trygg tilknytning at dei ikkje treng bruke sin kognitive kapasitet på å halde oversikt over mor/far. Olivia kan på noverande tidspunkt bruke sin kapasitet til å rette merksemda mot å forstå omverda. Smith (2002) seier også at barn som er trygge på foreldra sine vil kunne nytte sin kapasitet til andre tema enn tilknytning.

Den trygge tilknytninga som Olivia ser ut til å vere på veg til å utvikle, vert i følge Bowlby (1982) kjenneteikna av at barnet kan gjere bruk av forelderen som ein trygg base, det vil seie at Olivia søker hjelp og får trøyst når ho treng det. I tillegg viser det trygt tilknytte barnet fleksibilitet, innfølging og robustheit overfor stress og tap. Olivia har opparbeidd seg ein buffer som gjer at ho vil tåle noko meir stress utan å bli skadd, samanlikna med barn som ikkje har utvikla ein grunnleggjande tryggleik.

8.2.2 Førebyggjande fokus

Med Olivia har hjelpeapparatet kome inn svært tidleg, noko som er eit godt utgangspunkt for førebyggjande arbeid. Ein har kome inn før Olivia har utvikla vanskar av noko slag. Tidleg intervensjon går føre seg i ein periode då hjernen er plastisk og i hurtig utvikling. Det gjer barnet spesielt mottakeleg for læring på sentrale område, noko som også er ei vesentleg begrunning for tidleg førebygging (Hagtvatn & Horn, 2004). Ein kunne ha kome inn endå tidlegare med førebyggjande arbeid, Brodén (1997) seier at ein gjennom samtalar med foreldra under svangerskapet kan førebu dei til å gå inn i ein god tilknytingsprosess med barnet. Olivia har erfart at ho kan kjenne seg trygg på at mor vil verne ho og ta vare på ho. Mor er tilgjengeleg og kan trøyste når Olivia treng det. Om det fortset slik, kan ein vente at Olivia skal utvikle ei trygg tilknytning til mor (Killén, 2005). Som Abrahamsen (1997) seier vil den vaksne si evne til å gje kjenslemessig merksemd, og det at den vaksne er tilgjengeleg i samspel med barnet, vere ein avgjerande faktor i barnet si personlegdomsutvikling. Som ei følgje av dette vil den tidlege utviklinga danne utgangspunkt for både den gode og eventuelt den mangelfulle utviklinga eit barn kan få. Førebyggjande arbeid med Olivia må ta utgangspunkt i den emosjonelle kvaliteten på dei nære relasjonane mellom Olivia og foreldra.

Ein kan sjå etter kva for dei tre kriteria i Crittenden (2000) sin Care-index foreldra høyrer til i, for å vite noko om korleis ein bør vinkle det førebyggjande arbeidet. Det er nærliggjande å tru at mor til Olivia er innanfor kategorien passiv/utilgjengeleg ut frå informasjon frå helsestasjon og BUP, og fordi ho har diagnosen alvorleg depresjon. Dersom forelderen hovudsakleg er passiv/utilgjengeleg, vil barnet etter ein innleiande periode med misnøye bli passivt. Foreldre og barn vil etter kvart halde kvarandre fast i passivitet, og barnet si utvikling går i stå på dei fleste område. Dette kan kallast kjenslemessig vanskjøtsel. Det er i aller høgste grad viktig at ein får arbeidd førebyggjande med Olivia, og at ein søker kompensierende faktorar hos far som kan demme opp for negative konsekvensar som kan ramme Olivia på grunn av mor sin sjukdom.

Om ein nyttar videoretting i arbeidet med foreldra til Olivia, vil ein ved å nytte prinsippa til ORION og MISC-programmet kunne arbeide strukturert for å snu negativ interaksjon ved å styrkje dei positive elementa i relasjonen. Foreldra får hjelp til å tolke Olivia sine signal. Foreldra vil også kunne lære av kvarandre når dei saman deltek på videoanalyse av den andre forelderen saman med Olivia. Killén (2005) peikar også på at det er behov for ulike

tilnærmingar til ulike familiar. Ein må vere fleksibel i utviklinga av førebyggjande prosessar, og det er behov for å evaluere dei ulike elementa i dei ulike tilnærminga ein har valt.

Ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet med Olivia vil vere å redusere risikofaktorane i miljøet hennar. At mor har ein alvorleg depresjon er ein stor og tydeleg risikofaktor. Ved å gje mor individualterapi vil BUP litt etter litt kunne avhjelpe den belastinga som ligg over samspelet mellom mor og Olivia. Rutter (1987) har tydeleggjort ingrediensar som vernar menneske mot psykiske belastningar. Dette er mellom anna reduksjon av risikofaktorane, reduksjon av negative kjedereaksjonar, dette kan vere å førebyggje konsekvensen av mor sitt avflata stemningsleie, at Olivia også skal få eit avflata uttrykk. Eitt av tiltaka for å redusere risikofaktoren mor sin depresjon er, vil vere å få far meir involvert samstundes som mor får hjelp til å bli betre gjennom samtaleterapi og at begge foreldre får videoretting. Ein må fokusere på etablering og vedlikehald av sjølvkjensla til mor og den kompetansen ho innehar i si utøving av morsrolla. Ein må òg fokusere på at det er mogleg å få til ei positiv utvikling også med den diagnosen som det mor har.

Killén (2005) hentar ut ingrediensar av Rutter sine punkt, dette dreiar seg om kontaktforholdet mellom foreldra, omsorg og støtte mellom foreldra, styrking av nettverket til foreldra og styrking av foreldrefunksjonane. Om ein fokuserer på dette i arbeidet med foreldra til Olivia vil ein, om ein ser arbeidet i lys av Bronfenbrenner sine teoriar, arbeide på eit mikronivå i det førebyggjande arbeidet med Olivia. For mor vil det vere viktig at ein dempar stresset mor kjenner på gjennom å peike på det som faktisk fungerer, og at far kan kompensere for mor sin for tida avgrensa kapasitet.

8.2.3 Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt

Førebels fungerer Olivia heilt aldersadekvat. Ho er initiativrik, ho har ei fin sjølvregulering, noko ho har utvikla gjennom å ha blitt tolka og forstått og møtt på sine behov dei tre månadene ho har levd. Dette er ein stor ressurs for Olivia som ein kan rose mor for, det er mor som til no har hatt ”hovudomsorga” eller har brukt absolutt mest tid saman med Olivia. At Olivia fungerer så godt viser oss at ho har opplevd samspel som har vore utviklingsstøttande for ho. Stormark (2010) seier at negative emosjonar vert kjenneteikna av ei innsnevring av merksemd og åtferd og at det motsette gjeld for positive emosjonar. Glede og kjærleik vert utvikla når vi kjenner oss trygge, og desse emosjonane fremjar utforsking og lek som er naudsynte for vekst og utvikling. Mor har klart å halde samspelet med Olivia på

eit nivå som er bra nok til at Olivia har klart å utvikle seg på ein fin måte. Olivia er tre månader gamal, hennar noverande funksjonsnivå definerer ikkje framtida hennar. Ein må ta den risikofaktoren som mor sin depresjon er på alvor og arbeide for å løfte den vidare utviklinga til Olivia og sikre at den blir god.

Omsorgsgjevar sine personlege føresetnader og miljøet sin kvalitative eigenart avspeglar seg i dei erfaringar barn får heilt frå byrjinga av. Ved å prøve å organisere opplevinga av omverda påverkar barnet si eiga erfaring (Rye, 2002). Broberg (2005) peikar på at barnet sine medfødde og tidleg tileigna eigenskapar gjev opphav til reaksjonar hos foreldra, reaksjonar som i sin tur formar den vidare utviklinga av barnet sine eigenskapar og så vidare i ein stadig vekselverknad, ein stadig transaksjon. Ein kan sjå føre seg at gjennom å vere flat i uttrykket vil mor etter kvart påverke Olivia til også å bli flat i uttrykket, mor vil også etter kvart påverke talet på initiativ frå Olivia. Ved sjølv å vere tung og initiativlaus er det ein overhengande fare for at også Olivia skal bli initiativlaus.

Field (1994) seier kvaliteten på den tidlege emosjonelle utvekslinga mellom mor og barn har vist seg å vere prediktiv for barnet si seinare evne til å regulere emosjonar (Stormark, 2010). På same måte som mødrer regulerer spedbarn sine emosjonar, regulerer også spedbarn mødrer sine emosjonar gjennom å nærme seg og trekkje seg tilbake frå stimuleringa mor gjev. Winnicott hevdar at mor med si nesten fullstendige tilpassing til barnet i den tidlege perioden fungerer som barnet sitt "eg", det vil seie at mor og barnet utgjer ei eining: Barnet ser seg sjølv når det ser mor. Avflata stemningsleie er ikkje godt for eit spedbarn å spegle seg i over tid. Om ein skal sjå Olivia og hennar foreldre i lys av transaksjonsmodellen (Smith, 2010) gjev dette grunnlag for eit optimistisk syn på intervensjonen. Modellen er basert på ei antaking om at dei fleste barn har moglegheit til å kome seg trass i tidlege problem. Den byggjer på erfaring som tilseier at tiltak som fokuserer på relasjonen og samspelet mellom barn og omsorgsperson over tid, vil vere førebyggjande i høve utviklinga av psykopatologi hos barnet.

For Olivia, som enno ikkje har hatt ei skeivutvikling, bør ein på grunn av den risikofaktoren som mor sin depresjon utgjer, tenkje gjennom kva konsekvensar eit samspel med ei deprimerert mor kan ha for Olivia si utvikling. Nyare hjerneforskning legg stor vekt på det tidlege samspelet (Smith, 2003). I løpet av dei tre fyrste åra vert fleire av hjernecellene kopla saman i funksjonelle nettverk avhengig av kva celler som vert brukte på same tid. Celler som ikkje vert tekne i bruk vert tynna vekk. Ei slik uttynning er uønska og ein viktig grunn til å fokusere

på førebyggjande arbeid med Olivia. Hart (2006) seier i tillegg at hjernen er mest følsam for både god påverknad og skadeleg påverknad i den fyrste perioden i eit barn sitt liv. Sroufe (1996) har funne at spedbarn av depressive uinteresserte mødrer har ei progressiv forverring av fungeringa. Dette er alvorleg informasjon som det er avgjerande at dei som arbeider med deprimerte småbarnsmødrer set inne med (jamfør s.35).

Abrahamsen (1997) viser til Alvarez (1991) som har funne at depressive mødrer kan bli hjelpte ut av sin depresjon i samspelet med eit livleg og kontaktsøkjande barn som krev merksemd. Eg vil her framheve noko Winnicott (1985) peikar på, at samspel med ein depressiv omsorgsperson har for stor kostnad for spedbarnet. Barnet må ta ei rolle som mor sin hjelper, noko det ikkje er modent for. Ein må difor setje inn hjelpetiltak som styrkjer rammene rundt Olivia samstundes som ein fokuserer på å hjelpe mor i hennar situasjon. Azak (2010) har funne at samspelsstudiar basert på videoanalysar viser at deprimerte spedbarnsmødrer har færre affektuttrykk, viser mindre hengivenheit for spedbarnet, er meir tilbaketrekte, seinare i responsane, vokaliserer mindre, viser mindre positive affektar og er meir negative og fiendtlege i samspelet enn ikkje-deprimerte mødrer. Spedbarna viser mindre positive ansiktsuttrykk, færre blick mot mor, mindre vokalisering og dårlegare regulering av tilstand. Winnicott (1984) forstår utviklinga til eit barn som at det er ei støttande omverd som set barnet i stand til å realisere sitt potensiale, det er ikkje omgjevnadene som formar barnet. Om omverda ikkje er støttande, vil barnet ikkje få nytta dei ressursane det har i seg. Haug og Opsand (2006) seier spedbarnet er avhengig av relasjonar for å kunne utvikle seg. Det vil difor vere både barnet og relasjonane som vil trenge behandling.

8.2.4 Tidleg samspel

Olivia som har eit aldersadekvat funksjonsnivå har evne til å gje respons, sjølv ta initiativ og ”styre” dialogen ho har med sine foreldre. Ho er eit sosialt vesen slik Stern (1985) og Trevarthen (1988) ser det. Spedbarnsforskinga har vist at den fyrste samspelskontakta har stor betydning for den gjensidige tilknytninga og barnet si utvikling. Rye (2002) seier at sentralnervesystemet hos små barn er ”plastisk” i den forstand at barnet si utvikling, åtferd og tilpassing gjennom læring i stor grad er påverkelege av samspelet med miljøet. Denne plastisiteten kan også sjåast på som det potensiale som Winnicott omtaler, vist i avsnittet over.

Hos Olivia og mor er det slik at mor svarer på Olivia sine initiativ, men ho tek i mindre grad initiativ sjølv til å samspele med Olivia. Ved mellom anna å respondere på Olivia sine verbale

og kroppslege uttrykk, og å imitere åtferda hennar viser mor at ho forstår Olivia. Denne enkle forma for samspel er delar av den tidlege etableringa av den mellommenneskelege relasjonen mellom omsorgsgjevar og barn som er det kjenslemessige og kommunikative grunnlaget for den psykososiale utviklinga (Rye, 2002). Olivia vil vere avhengig av å få samspele meir med far dersom ein skal sikre ho ei framleis god utvikling, gjeve at mor sin depresjon kjem til å vare i fleire månader framover. Olivia treng at nokon, i større grad enn det mor på noverande tidspunkt klarer, tek rikeleg initiativ til kontakt med ho. Ho treng at nokon ser ho og gler seg med ho, at nokon forundrar ho, vitaliserer ho og gjer ho interessert i samspel. Høygård (2004) viser til Winnicott (1984) som har tankar om at barnet speglar seg kjenslesmessig i omsorgspersonane, og gjennom dette erkjenner seg sjølv. Utviklinga på alle område, det kognitive, emosjonelle, sosiale og motoriske, er tett samanvevd og vert fremja gjennom samspelet med dei nære omsorgspersonane. Høygård seier vidare at det finst ei rekkje studiar som viser at mora i sin sensitivitet i høve barnet sine signal og hennar kjenslemessige engasjement i barnet har positiv betydning for barnet si totale utvikling. Kunnskapen om dette bør vere ein eksplosiv motivasjonsfaktor i alt arbeid ein fagperson har når han skal arbeide med tidleg stimulering med foreldre og deira små barn.

Sameroff (2005) seier at spedbarnet sin ibuande motivasjon for å delta i ein sosial fellesskap er svært forsterkande for sensitive omsorgsgjevarar, og at vi kan omtale dette som dynamiske transaksjonelle prosessar som over tid vil bidra til utvikling av tilknytning og sikre den sosiale stimulering som er avgjerande for spedbarnet si nevrologiske modning og utvikling (Braarud, 2010). Med rettleiing til Olivia si mor kan ein ved hjelp av videoopptak stoppe opp ved gode augneblink, peike på at Olivia gler seg over å få samspele med mor, styrkje mor si forståing av kor viktig ho er for Olivia og at ein absolutt kan sjå positive element i samspelet mellom mor og Olivia slik det er no. Ein kan på denne måten hjelpe mor til å bli motivert til å gjere meir av det ho allereie gjer bra.

Det å hjelpe mor i ein prosess som denne vil sannsynlegvis også kunne verke positivt på mor sin depresjon. Ein vil skape lysglimt i mor sitt tilvere, hjelpe ho til positive erfaringar, noko som er godt for hennar psykiske helse. Gleda ved å oppleve eit meningsfullt kontaktforhold med barnet er sannsynlegvis den sterkaste motiverande krafta bak god omsorg (Rye, 2002). I tillegg må ein som tidlegare nemnt fokusere på at Olivia også får samspele med far (som også treng støtte i sin dialog med Olivia). Far må også få innsikt i kor viktig han er for Olivia, kanskje spesielt sidan mor er deprimert. Han må utvikle sensitiviteten sin overfor Olivia og

gjennom dette styrkje sin relasjon og også sin motivasjon til å vere ein nærverande far for Olivia som prioriterer ho og som kan oppleve glede i samspel med ho.

8.2.5 Rådgjevaren si rolle

Rådgjevaren som skal arbeide førebyggjande med Olivia si sosiale og emosjonelle utvikling bør i følgje Stern (1995) fokusere på kvaliteten i sitt forhold til foreldre og barn. Dette er det viktigaste hjelpemiddelet rådgjevaren har til å kunne hjelpe Olivia og foreldra. Rådgjevaren må ha opparbeidd seg kunnskap om familien sin situasjon. Ein måte å byggje opp sin relasjon til foreldra vil vere å ta seg god tid til å lytte til kva dei ønskjer hjelp til, kva dei ser av utfordringar som foreldre til Olivia, korleis dei tykkjer mor sin depresjon påverkar familiedynamikken. Lafferty (1990) seier at ein gjennom å vise empati og evne til innleving i det foreldra seier kan få foreldra til å kjenne seg forstått og ein skaper på denne måten tryggleik i relasjonen. Dette gjev rom for tillit, openheit, respekt og anerkjenning. Dette fremjar i følgje Hanssen og Røkenes (2002) foreldra si sjølvstende i sin eigen prosess og deira motivasjon til å medverke og å ta ansvar.

Etter nokre samtaleimar der ein har blitt kjende, kan ein etter kvart gå over til det som det førebyggjande arbeidet skal dreie seg om: fokus på samspelet mellom Olivia og foreldra. Under dei fyrste samtalanene, før ein byrjar videoretteleinga, kan rådgjevar anerkjenne foreldra sin kjennskap til Olivia med å til dømes seie ”Olivia verkar ikkje fornøgd, kva trur de at ho vil?”. På denne måten får ein fram at rådgjevaren ser på foreldra som ein ressurs i deira kjennskap til Olivia, og at det er dei som kan vise vegen framover i prosessen. Rådgjevaren vil vere i ein parallell prosess overfor foreldra slik foreldra er det overfor Olivia (Killén, 2005). Rådgjevaren må dermed følgje dei prinsippa han vil nytte i rådgjevingsprosessen også med foreldra. Dette inneber i følgje Thue (2006) at rådgjevaren må følgje foreldra sine initiativ, bekrefte dei, gje dei tid, setje ord på handlingane deira. På denne måten kan ein sikre felles fokus og deling av glede over det positive som skjer. Foreldra vil etter kvart få erfaring med og tillit til at dei sjølve har potensiale til å få til ei endring hos barnet.

Gestaltperspektivet kan nyttast som ei rettesnor når ein skal hjelpe foreldra i deira samspel med Olivia. I foreldre-barn-samspel blir ein då oppteken av det potensialet som ligg i dei situasjonane foreldra er i til dagleg med sitt barn. Ein tenkjer at gjennom større innsikt i kva som faktisk skjer, ligg krafta til endring (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Fyrst når ein kjenner til og forstår kva som går føre seg, er det mogleg å endre det. Ein stoppar opp ved her og no-

situasjonar og fordjupar seg i det som skjer i ein sjølv og mellom ein sjølv og andre. Ein er oppteken av å identifisere det som er i feltet mellom personar, deretter korleis den enkelte opplever, kjenner igjen, eig eller eventuelt ikkje gjenkjenner og tek avstand frå. Dette er mykje av kjernen i det som skjer dersom ein skal nytte seg av videoretting med ORION- eller MISC-programmet som utgangspunkt.

Når ein ser videoopptak av samspel saman med foreldra, vil rådgjevaren stoppe opp ved det som ser bra ut, finne gode bilete av Olivia saman med ein av foreldra der det er tydeleg kontakt, felles fokus eller deling av glede. På denne måten kan ein forsterke foreldra sine positive kjensler over deira samspel med Olivia. Om ein ser at mor har mindre augekontakt med Olivia enn det far har, kan ein saman med begge foreldre reflektere over far sine strategiar. Kva er det far gjer som får Olivia til å sjå han i ansiktet? Er dette noko mor kan gjere seg nytte av? Ein må søkje å skape ei gjensidig læring mellom foreldra for å balansere prosessen. Er det noko mor får til som far kan lære av? Rådgjevaren bør ha analysert opptaka i forkant av timen med foreldra slik at han veit kva han vil stoppe opp ved.

Ein vil styrkje interessa til Olivia for å vere i relasjon med mor og far, og hjelpe dei til å stimulere ho på ein måte som vil vere utviklingsfremjande for ho. Foreldra skal i løpet av rådgjevingprosessen lære seg å tolke Olivia sine signal på ein måte som fremjar det vidare samspellet mellom dei. Ein må fokusere på kor tid Olivia er interessert, kva er passeleg mengde og styrkje på stimulansen, kor tid er ho sliten, kor tid er ho klar for nye innspel. Ein må sjå etter Olivia sine eigne initiativ til samspel med foreldra, vise ho engasjement når ho tek initiativ og vise glede over å vere i relasjon med ho. Ved at mor og far over tid er tilgjengelege for samspel på ein trygg og utviklingsstimulerande måte, vil ein sikre Olivia ei trygg tilknytning til begge sine foreldre. Ho vil med ei trygg tilknytning ikkje måtte bruke av sin kognitive kapasitet til å halde styr på om mor og far er tilgjengelege (Main, 1991). Ho kan då bruke meir av si merksemd og sin arbeidshukommelse til å forstå omverda.

Arbeidet må vare til ein ser at far er komen på bana med ei slik tydelegheit at han kan demme opp for mor sine manglande initiativ. BUP vil følgje mor gjennom hennar depresjon. Etter kvart som rettleinga ser ut til å ha festa seg som positive samspelestrategiar mellom Olivia og foreldra kan ein minke frekvensen på rettleingane, ein kan i ein periode ha møte berre ein gong i månaden for å forsikre seg om at den positive utviklinga held fram før ein avsluttar rettleinga og let foreldra stå heilt på eigne bein utan vidare støtte. På denne måten kan ein sikre seg at Olivia vil utvikle seg til å bli ei sosialt og emosjonelt velfungerande jente.

9 Kasus 2 – Utrygg ambivalent tilknyting

9.1 Presentasjon av Samuel, 19 månader gamal

Samuel er ein liten gut som fekk ein tøff start i livet. 19 månader gamal hadde han vore med på to flyttingar, frå biologiske foreldre til beredskapsheim, frå beredskapsheim til fosterheim. Samuel har mentalt retarderte foreldre. Dei hadde ikkje ressursar til å kunne ta seg av han. Dei hadde vanskar med å vurdere kor mykje klede Samuel trong alt etter temperaturen i rommet, dei hadde vanskar med å vurdere kor tid han trong mat og kor mykje. I tillegg hadde far vanskar med å vurdere kor hardt han kunne ta i Samuel. Samuel hadde fleire blåmerke før han vart tre månader.

Samuel vart akutt plassert i beredskapsheim då han var 12 månader gamal. Barnevernet hadde då over lenger tid arbeidd med å setje inn hjelpetiltak, noko som foreldra delvis tok i mot og delvis motsette seg. BUP utgreidde Samuel, ein fann at han hadde ei generelt forseinka utvikling, tilknytinga til foreldra vart klassifisert som utrygg ambivalent forhold til både mor og far. Ein vurderte at samspelet foreldra hadde med Samuel ikkje var utviklingsfremjande for Samuel. Ein såg at Samuel lett vart skremt av far og at han trekte seg vekk frå han. Samuel søkte ikkje mor i slike situasjonar, han søkte inntil veggjar, snudde ryggen til foreldra. Vurderinga vart at situasjonen ikkje var god nok for Samuel, og han vart flytta i beredskapsheim i påvente av fylkesnemnd.

Det tek tid før ei sak kjem opp i fylkesnemnda, Samuel vart verande i beredskapsheimen i nærare seks månader. Han knytte seg til beredskapsforeldra og utvikla seg positivt. Han vart etter kvart meir vital. Vedtak frå fylkesnemnda kom då Samuel var 18 månader, han skulle no flyttast til fosterheim. Det vart gjennomført ei flytting i tråd med det som er vanleg i slike saker: fyrst vitja fosterforeldra Samuel i beredskapsheimen i hyppige og stadig lenger varande besøk fram mot flyttinga, etter flyttinga vitja beredskapsforeldra Samuel i fosterheimen, fyrst i hyppige og langvarige vitjingar, så vart vitjingane suksessivt nedtrappa.

Samuel sine fosterforeldre trong rettleiing for å kunne hjelpe Samuel til ei best mogleg utvikling.

9.2 Drøfting av kasus

9.2.1 Tilknytning

Informasjonen ein har om Samuel er urovekkjande. Han har over tid opplevd å bli skremt av sine egne foreldre, omsorga foreldra kunne gje han var langt frå utviklingsfremjande for Samuel. I følgje Winnicott (1985) vil eit barn som blir utsett for opplevingar eller inntrykk det ikkje har føresetnader for å bearbeide, verne seg sjølv ved til dømes å stengje av for omverda. Om denne sjølvverninga vert til eit mønster hos barnet, vil det danne grunnlag for utviklingsmessige forstyrningar (Hart & Schwartz, 2008). Samuel har erfart at han ikkje kan kjenne seg trygg på at foreldra er tilgjengelege og sensitive overfor han, foreldra har vist seg invaderande og uføreseielege for Samuel.

Samuel har i løpet av det fyrste året utvikla ein indre arbeidsmodell (Smith, 2002) som er basert på erfaringar i samband med regulering av sine emosjonar. Etter utgreiing på BUP veit ein at Samuel har ei utrygg og ambivalent tilknytning til sine biologiske foreldre. Han vil vere utrygg på om strategiane han nyttar for å uttrykkje sine behov vil fungere for å få kontakt med omsorgspersonar og hjelp med si sjølvregulering. Dette vil medføre ei større belastning på dei indre mekanismane og ei kjensle hos Samuel av at han ikkje har kontroll over ubehagelege situasjonar.

Når dei biologiske foreldra til Samuel har vore inkonsistente i sine omsorgsreaksjonar, har dette ført til at Samuel har blitt meir årvaken for ikkje å risikere å tape den vaksne si merksemd (Cassidy, 1994). Samuel vil ta inn mange tilknytingsrelevante opplysningar (Crittenden, 1995) på kostnad av at han då går glipp av, eller ikkje får med seg anna viktig og utviklingsfremjande informasjon frå omgjevnadene. Main (1991) hevdar på same måte som Crittenden, at utrygge ambivalente barn må bruke ein del av sin kognitive kapasitet til å halde greie på tilknytingspersonen sitt tilgjenge. Bowlby (1982) definerer det utrygge ambivalente tilknytingsmønsteret som eit engsteleg mønster der barnet er anspent, kronisk usikkert og engsteleg for separasjon. Det vil konstant søkje nærleik utan at dette tilfredstiller barnet og gjev det tryggleik. Barnet har ei avgrensa fornemning av andre, og har vanskeleg for å gjere relevant bruk av omsorgspersonen. Eit slikt tilknytingsmønster oppstår i samspel der foreldra står ustabil til disposisjon for barnet.

Samuel skal no saman med sine nye fosterforeldre få sjansen til å byggje opp ei trygg tilknytning og reparere mest mogleg av dei skadane dei tidlegare erfaringane har påført han. Fosterforeldra skal få støtte til å opptre som ein trygg base for Samuel. I heilt nære situasjonar som er prega av rutinar, struktur og ro vil Samuel etter å ha erfart over tid at fosterforeldra er stabile og trygge, forsiktig kunne byrje ei utforskande utviklingsfremjande åtferd som heile tida tek utgangspunkt i den trygge basen som fosterforeldra etter kvart vil representere for Samuel. Circle of Security vil kunne fungere som ei konkret støtte for samtalaner fosterforeldra treng for å kunne fylle rolla som ein trygg base og ei sikker hamn for Samuel.

9.2.2 Førebyggjande fokus

Når ein skal arbeide førebyggjande med Samuel, må ein ta med seg kunnskapen om kva han har opplevd til no, og ut frå dette forstå dei signala han sender. Både førebyggjande og reparerande arbeid med Samuel si utvikling må ta utgangspunkt i den emosjonelle kvaliteten på dei nære relasjonane mellom Samuel og dei vaksne (Abrahamsen, 1997). Dei nye foreldra skal få rettleiing i korleis dei best kan samhandle med Samuel. Ein vil ha fokus på Samuel sitt utviklingsnivå, erfaringane han har med seg, og ut frå dette hjelpe fosterforeldra til å hjelpe Samuel til ei best mogleg utvikling. Ein får utfordringar med at Samuel allereie har hatt ei skeivutvikling som gjer at han har blitt passiv og viser ein del frustrasjon. Om hovudtyngda på fosterforeldra sine samspelekkvalitetar ligg på sensitivitet, er håpet at Samuel etter kvart skal bli meir open, samarbeidande og interessert i vidare samspele (Crittenden, 2000). Som Killén (2005) seier må ein vere fleksibel i utviklinga av ulike førebyggjande prosessar. Det vil vere behov for kontinuerleg evaluering undervegs.

Rutter (1987) vektlegg fire hovudingrediensar som vernar menneske mot psykiske belastningar. Dette er reduksjon av risikofaktorane sin innverknad, reduksjon av negative kjedereaksjonar, etablering og vedlikehald av sjølvkjensle og kompetanse, opning for nye moglegheiter. Gjennom flytting av Samuel frå biologiske foreldre til fosterforeldre har ein på eitt vis gjort tiltak i forhold til samtlege av Rutter sine punkt. Ein kan no fokusere på punkta i Samuel sitt vidare liv i eit nytt miljø. Ein må spørje seg kva belastningar ein har påført Samuel ved å la han bu i seks månader i beredskapsheimen og la han knyte seg til desse før ein igjen flyttar han og då krev av han at han skal opne opp endå ein gong og knyte seg til fosterforeldra sine. Slik eg ser det, er det lange opphaldet i beredskapsheimen ein enorm risikofaktor. Ein påfører Samuel endå eit opprivande og vondt brot, og denne gongen frå

vaksne som han har utvikla seg positivt saman med og som han har blitt trygg på. Ein kan vente seg at dette får konsekvensar for den grunnleggjande tryggleiken til Samuel. Likevel må ein ha fokus framover og på kva som skal til for å reparere skadane Samuel har fått og å førebyggje at han vidareutviklar dei vanskane han har.

Både ORION, MISC og Crittenden sine kriterium fokuserer på å styrkje ressursane og samspelskvalitetane til foreldra og barnet og å redusere risikofaktorar. Killén (2005) viser til kontaktforholdet mellom foreldra, omsorg og støtte, styrking av nettverk, styrking av foreldrefunksjonane og stimulering av samspel som viktige fokus i det førebyggjande arbeidet med barnet. Det er dette ein no må ta tak i når ein skal hjelpe Samuel til å knyte seg til fosterforeldra og få eit liv hos dei som er utviklingsfremjande og godt for han.

9.2.3 Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt

Som Stormark (2010) seier er negative emosjonar kjenneteikna av ei innsnevring av merksemd og åtferd, medan det motsette gjeld for positive emosjonar. Glede og kjærleik vert utvikla når barnet kjenner seg trygg, desse emosjonane fremjar utforsking og leik som er naudsynte for vekst og utvikling. Med Samuel skal ein arbeide for å gjere ein stor snuoperasjon som ein må rekne med skal ta tid.

Om ein skal sjå Samuel i eit økologisk perspektiv, vil ein i følgje Bronfenbrenner (1979) tenkje at Samuel berre kan utvikle seg normalt i ein sosial samanheng der erfaringar og læring vert støtta opp under og formidla i eit nært og trygt samspel mellom barnet og i fyrste omgang barnet sine tilknytingspersonar. I denne samanheng kan ein også sjå Samuel i lys av transaksjonsmodellen. Samuel sine medfødde og tidleg tileigna eigenskapar gjev opphav til reaksjonar hos foreldra, reaksjonar som i sin tur formar den vidare utviklinga av barnet sine eigenskapar og så vidare i ein stadig vekselverknad, ein stadig transaksjon (Broberg, 2005). Med Samuel gjev dette fosterforeldra ei ekstra utfordring. Samuel har allereie hatt ei skeivutvikling. Dei miljømessige årsakene til denne skeivutviklinga ligg i transaksjonane som har vore mellom Samuel og dei biologiske foreldra – ei kontinuerleg feiljustering av transaksjonar over tid, noko som hindra Samuel i å organisere si omverd på ein veltilpassa måte (Smith, 2010).

Samuel har utvikla eit samspelsmønster saman med sine biologiske foreldre som vil gjere det meir krevjande for fosterforeldra å samspele med han. I tillegg har han blitt riven vekk frå

beredskapsforeldra som klarte å få til ei byrjande positiv utvikling hos Samuel. Ein må vere førebudd på at den belastinga brotet med beredskapsforeldra påfører Samuel vil gje han eit kraftig tilbakeslag. Fosterforeldra må ha støtte for å kunne løfte Samuel inn i eit trygt og utviklingsfremjande miljø i samspel med fosterforeldra.

Samuel som i sitt fyrste leveår vaks opp i eit miljø som ikkje evna å imøtekomme behova han hadde, risikerer å få skader i sentralnervesystemet som påverkar hjernen sin vidare funksjon på ein negativ måte, noko som aukar risikoen for utvikling av psykisk uhelse hos Samuel (Cichetti & Walker, 2001). Traumatiske hendingar, som far si hardhendte handtering som påførte Samuel blåmerke i dei fyrste levemånadene, har påført Samuel eit stress som ikkje vart regulert gjennom samspel med sensitive vaksne. Dette kan føre til utvikling av overaktivitet og merksemdsproblem eller motsett, eit engsteleg temperament, skyheit og tilbaketrekkjande åtferd. Det får betydning for Samuel si evne til å oppleve, utrykkje og meistre kjensler, men det vil også påverke evna til å planleggje, kommunisere, utøve motorisk kontroll og åtferdsmessig impuls kontroll (Smith, 2003). Konsekvensen av Samuel sine tidlege erfaringar er overveldande og dramatiske for Samuel si vidare utvikling.

I beredskapsheimen utvikla Samuel ei relativ uavhengigheit til sine beredskapsforeldre. Han skapte seg eit bilete av omverda og vart gradvis i stand til å orientere seg i den. Han byrja å kunne leike og undersøkje verda og fekk ei forståing for det han hadde rundt seg. Denne utviklinga som Samuel her hadde, vert kjenneteikna av ei påliteleg og nærverande omsorg hos foreldre som kan spegle barnet sitt og som ønskjer å lære det å kjenne (Hart & Schwarz, 2008). Risikofaktorane i livet til Samuel har vore fleire og alvorlege. Han har vore utsett for hardhendt handtering, han har blitt fødd av utviklingshemma foreldre, han har blitt flytta ein gong, fått knyte seg til beredskapsforeldra, for så å bli flytta igjen. Dei fyrste månadene i livet, før tilknytninga har utvikla seg heilt, er foreldra si viktigaste oppgåve i tillegg til å gje mat, varme og vern, å hjelpe barnet med kjenslemessig regulering (Thompson, 1994). Dette vil også gjelde for fosterforeldra som no skal hjelpe Samuel til gradvis å kunne bli trygg i sitt nye liv. Eit anna fokus vil for fosterforeldra vil vere å skape felles opplevingar med Samuel der dei deler glede. Delt latter mellom barn og omsorgsperson er noko av det som bind dei aller sterkast saman (Abrahamsen, 1997).

9.2.4 Tidleg samspel

Samuel har opplevd store svikt i den tidlege stimuleringa både frå dei biologiske foreldra, men også gjennom opphaldet i beredskapsheimen som vart så langvarig at han rakk å knyte seg til beredskapsforeldra for så å bli riven opp ein gong til for å flytte til fosterfamilien. Ein må rekne med at ein må byrje heilt frå botnen av i relasjonsarbeidet ein skal gjere gjennom å rettleie fosterforeldra i sitt samspel med Samuel. Ein må fokusere på den enkle synkroniserte interaksjonen som vanlegvis utviklar seg av seg sjølv mellom omsorgsgjevar og det vesle barnet. Standardkomponentar ein må fokusere på vil vere augekontakt, smil, lydar, uttrykk for glede eller begeistring og imitasjon (Rye, 2002). Kvaliteten ein klarer å få til i samspelet vil få betydning for korleis Samuel kjem til å utvikle seg og utnytte sine ressursar på ei rekkje område vidare i livet (Moss, 2006).

Samuel er lite sensitiv, passiv og tilbaketrekt, han vert opplevd som roleg og lite krevjande. Han viser lita interesse for å utforske omverda på eiga hand. Det er ein overhengande fare for at dei vaksne skal tru at Samuel er fornøgd og roleg, at han ikkje treng mykje merksemd (Greenspan & Salmon, 1995). I følge Winnicott (1984) har fosterforeldra si omsorg to aspekt: Dels må dei invitere seg inn i Samuel si verd og dermed bli nokon som Samuel forbind seg med og gradvis utviklar ein relasjon med, og dels må fosterforeldra verne Samuel mot uforutsigbarheit ved sin stabilitet og pålitelegheit i ivaretakinga av Samuel sine behov. Winnicott tek med dette omsyn til både barnet sitt behov for tryggleik på den eine sida og ei utforsking av omgjevnadene på den andre sida. Dette kan også forståast i lys av Circle of Security (jamfør s.15 og 16) som viser korleis ein ivaretek barnet sine behov for tryggleik og utforsking på ein balansert måte.

Samuel vil trenge at ein i intervensjonen fokuserer på å hjelpe fosterforeldra til å vere trygge, dei må yte ein omsorg med innleving i Samuel sin situasjon. Dei må vere svært tålmodige, dei må innføre faste rutinar, noko som vil vere med på å trygge Samuel. Evne til å vise kjærleik og omsorg på tross av vanskar er ein føresetnad for å etablere kontakt, tryggleik og gjensidig kommunikasjon. Rye (2007) hevdar at berre når det vert etablert ein meningsfull gjensidig kommunikasjon gjennom mimikk, lydar og rørsle som formidlar positive kjensler og tryggleik, kan det skapast ein stabil relasjon som gjer ei gjensidig tilpassing mogleg. Det er gjennom denne forma for interaksjon at Samuel kan bringast inn i ein positiv utviklingspiral med aukande oppleving av meningsfull interaksjon og gjensidig justering mellom Samuel og fosterforeldra. Fosterforeldra må førebua på at dei må vere tålmodige i samspel med

Samuel, det kan ta tid før han får mobilisert sine kjensleuttrykk og kan nytte seg av hjelpa frå fosterforeldra til å forstå andre og bli meir sosialt interessert og aktiv.

9.2.5 Rådgjevaren si rolle

Rådgjevaren får ein krevjande funksjon i arbeidet for å hjelpe Samuel til ei best mogleg vidareutvikling gjennom positivt samspel med sine fosterforeldre. Samuel har allereie hatt ei skeivutvikling, og dette vil prege samspelet med fosterforeldra. Ein må rekne med at det kan ta lang tid før Samuel responderer på ein måte som vil virke positivt forsterkande på fosterforeldra i ei slik grad at dei vil vere sjølvgåande i den vidare prosessen med å utvikle seg til å bli ein trygg base og ei sikker hamn for Samuel. Rådgjevaren og fosterforeldra må ha kunnskap om dei opplevingane Samuel har hatt tidlegare, og forstå alle Samuel sine uttrykk og reaksjonar ut frå dette. Rådgjevaren må ha god tid til samtalar med fosterforeldra i tillegg til å videoretteleie dei i det direkte samspelet dei har med Samuel.

Gjennom samtalar kan rådgjevaren nytte seg av Egan (2002) sin hjelpemodell, "The Skilled Helper Model". Fosterforeldra skal gjennom samtale med rådgjevaren reflektere og sjølve kome fram til svar på fire spørsmål. Spørsmål 1: "Kva skjer, kva problem, tema, bekymringar eller ubrukte ressursar kan dei arbeide vidare med?" Spørsmål 2: "Kva treng dei, eller kva vil dei ha?" Spørsmål 3: "Kva må dei gjere for å få det slik dei vil? Kva plan vil dei ha?" Spørsmål 4: "Korleis skal dei oppnå resultat?" Rådgjevaren si rolle er å hjelpe fosterforeldra til å få fram viktige tema der dei er motiverte og klare til å gjere ein innsats for Samuel. Rådgjevaren skal hjelpe fosterforeldra til å velje tema og å utvikle strategiar for å nå måla sine. Saman med rådgjevaren skal fosterforeldra undervegs i prosessen gjere seg nytte av planen dei lagar og også evaluere sin eigen sjølvhjelpsprosess.

Rådgjevaren må møte fosterforeldra med innleving og empati, slik at dei kjenner seg forstått og at dei tåler å stå i den krevjande situasjonen som det vil vere å bli fosterforeldre til Samuel. Hanssen og Røkenes (2002) peikar på at relasjonen mellom rådgjevaren og foreldra har betydning for om foreldra kjem fram med sine opplevingar, tankar, meiningar og kjensler. Det er venteleg at fosterforeldra vil kjenne motbør i sitt samspel med Samuel. Han er ikkje eit vitalt kontaktsøkande barn som ein lett får til eit positivt samspel med. Dette kan vekke negative kjensler hos fosterforeldra. Om relasjonen mellom rådgjevaren og fosterforeldra er trygg, vil ein på ein direkte måte kunne våge å setje ord på også negative kjensler som fosterforeldra kan kome til å kjenne på. Dette vil kunne minke noko av konsekvensen for dei

negative kjenslene, og det vil forhåpentlegvis også hjelpe til med å løyse opp i kjenslene og kanskje til og med kome forbi dei slik at ein kan få rom for meir positivitet og glede.

Eit viktig fokus i rådgevingsprosessen med fosterforeldra til Samuel vil vere utvikling av sjølvtrillit i foreldrerolla (Killén, 2005). Alle foreldre har behov for omsorg og støtte, Samuel vil ikkje i stor nok grad kunne bekrefte fosterforeldra på at det dei gjer er godt nok til at han får ei synleg forbetring. Ved hjelp av videoretting kan ein gå nærare og analysere samspelet mellom Samuel og fostermor/far og løfte opp og sjå på det som er bra. Gjennom å stoppe opp på gode bilete kan ein hjelpe fosterforeldra til å sjå både seg sjølve og Samuel i eit positivt lys, og dei vil også kunne kjenne på gode kjensler i høve det dei ser. Ved å nytte ORION- og MISC-kriteria for samspel gjennom rettingprosessen vil rådgjevaren kunne få til ein positiv ressursfokuserert prosess saman med fosterforeldra. Rådgjevaren vil la fosterforeldra sjølve setje ord på det dei ser i videoopptaka, han vil gjennom sine spørsmål setje i gang refleksjonar hos fosterforeldra og gjere dei merksame og medvitne på prosessen dei går igjennom.

Oppfølginga av Samuel og fosterforeldra må vare over lang tid. Ein kan lage ein plan med hyppige møte det fyrste halve året for så å vurdere om ein kan ha ein noko lågare frekvens på møtepunkta alt etter korleis prosessen har utvikla seg. Om ein ser at fosterforeldra har fått taket på dei gode strategiane og at utviklinga til Samuel har ”snudd” i ei slik grad at han viser tryggleik hos fosterforeldra, at han har byrja å bruke dei som ein trygg base som han kan søkje tryggleik hos, og at han også har byrja å få frigjort meir av sin kapasitet til å utforske omverda og på denne måten ha eit større spelrom for ei positiv vidareutvikling, kan ein bekrefte fosterforeldra med å seie at ein ser at behovet for rådgjeving ikkje lenger er like stort. Likevel må ein ha faste møtepunkt der ein ”tek temperaturen” på situasjonen og vurderer kva behov fosterforeldra har for støtte.

Når Samuel si utvikling har snudd, at den har byrja å utvikle seg i positiv retning, byrjar Samuel sitt betre liv. Ein må ikkje på noko tidspunkt kjenne at ein er komne i mål med arbeidet ein har fokusert på gjennom rådgevingsprosessen. Rådgjevinga har hatt fokus på ei fyrstehjelp, eit livgjevande arbeid før det betre livet til Samuel i trygge omgjevnadar kan starte. Alt ein har arbeidd med i heile prosessen er grunnlaget for Samuel sitt vidare liv. Fosterforeldra skal aldri leggje vekk dei strategiane dei lærer, dei skal vidareutvikle dei og etter kvart tilpasse dei til Samuel si vidare utvikling.

10 Kasus 3 – Utrygg unnvikande tilknyting

10.1 Presentasjon av Elida, 15 månader gamal

Vesle Elida på 15 månader vart tilvist til BUP av helsestasjonen då ho var åtte månader. Helsestasjonen ønskte at BUP skulle støtte mor i hennar samspel med Elida. Elida har fire eldre sysken som er fødte over ein periode på ti år. Mor til Elida er kognitivt sterk, ho er utdanna pedagog. Likevel er det noko med mor si sosiale fungering som helsesyster meiner er merkeleg, utan at ho kan setje fingeren på akkurat kva det gjeld. Far til Elida er ressurssterk, han arbeider full tid i offentleg sektor. Alle dei fire syskena til Elida vart på same måte som Elida tilvist til BUP då dei var rundt eitt år på grunna forseinka sosial og emosjonell utvikling. Helsestasjonen tilviser no Elida for at ein skal kunne arbeide førebyggjande med ho.

Konklusjonane etter barnepsykiatrisk utgreiing var desse: Elida hadde ei generelt forseinka utvikling. Observasjon av Elida i relasjon til foreldre og utgreiar samt observasjon i barnehagen viste at Elida var svært forseinka i si emosjonelle og sosiale fungering. Når det gjeld evne til intensjonell tovegskommunikasjon, bruker Elida få gestar. Elida tek i påfallande lita grad initiativ. Emosjonelt og sosialt ligg ho innanfor spekteret fire-ti månader. Elida har svært forseinka reaksjonar. Ho klarer å vere lengre i relasjon til far, som er sensitiv for hennar signal. Ein ser at samspelet mellom han og Elida er betre enn mellom Elida og mor. Ho kan også vere i relasjon til mor, men då i kortare stunder. Utgreiinga viste at Elida har ei trygg tilknyting til far. Relasjonen til mor vert klassifisert som utrygg unnvikande. Hovudtyngda av mor sine samhandlingsstrategiar er innanfor kategorien kontroll/invadering (Crittenden, 2000).

Parallelt med å gjere utgreiinga vart det arbeidd med å støtte mor i hennar samspel med Elida. Ein såg etter kvart at mor viste lita evne til å gjere seg nytte av rettleiinga ho fekk. Ho greidde ikkje å omsetje det ein jobba med i videorettinga til praksis. I samarbeid med barnevernet vart det bestemt at mor skulle ut i arbeid, og far skulle vere heime med Elida dei dagane ho ikkje var i barnehagen. Elida skulle frå no av ha 50 prosent plass i barnehagen, elles skulle ho vere heime med far. Mor viser seg meir som ein ressurs for dei fire eldste barna. Ho er flink til å finne på mange gode aktivitetar som gjev god stimulering kognitivt sett. Det er meir den relasjonelle stimuleringa som er vanskeleg for mor.

10.2 Drøfting av kasus

10.2.1 Tilknytning

Utgreiinga frå BUP viste at relasjonen Elida har til mor er unnvikande og utrygg (Ainsworth et al., 1978). På grunnlag av dei erfaringane barnet gjer seg i samspel med sin omsorgsperson, vil det danne seg forventingar om kor responsiv omsorgspersonen er (Smith, 2002). Mor til Elida er ikkje fintfølande overfor signala hennar. Ved å over tid ikkje meistre å lese Elida sine signal, har mor vore med på å gjere Elida meir passiv. Elida har ikkje erfart at mor støttar ho i hennar utforsking av verda. Mor har ikkje sett kor tid Elida søker tilbake for tryggleik. Barn som er utrygge og unnvikande har erfart at dei vaksne reagerer lite på deira engsting, og baserer seg difor i større grad på å sjølv regulere stress.

Cassidy (1994) legg vekt på at emosjonsreguleringa er eit aspekt ved tilknytingsstrategiane. Den utrygge og unnvikande strategien går ut på at barnet forsøker å undertrykkje informasjon som er forbunde med tilknytingsbehov, og at barnet avgrensar dei emosjonelle uttrykka. Crittenden (1995) tolkar det utrygge og unnvikande barnet på ein litt annan måte. Ho hevdar at desse barna er kjenneteikna av at dei legg mest merke til kognitivt relevant informasjon i omgjevnadene, og av at dei unngår å vere merksame på den vaksne og mykje av det som kan vere av emosjonell betydning. Begge måtane å sjå den utrygge unnvikande tilknytingsforma på understrekar kor viktig det er for Elida at ho no får samhandle meir med far.

Elida si utrygge og unnvikande tilknytning i forhold til mor er i følge Bowlby (1982) kjenneteikna av at barnet unngår nærleik og prøver å vere kjenslemessig sjølvforsynande. Elida evnar ikkje å søkje tryggleik når mor er tilstades i rommet, ho deaktiverer tilknytningssystemet som eit forsvar mot å bli avvist. Ho orienterer seg mot noko anna enn tilknytninga – leiker eller andre ting. Hart og Schwarz (2008) seier at barn med denne typen tilknytning har lite kjennskap til eigne og andre sine kjensler.

I arbeidet som skal gjerast i med far, skal han få vidareutvikle si evne til å vere ein trygg vaksen som fungerer som ein trygg base og ei sikker hamn for Elida. Han skal, der det er mogleg, følge Elida sine behov og når det er naudsynt bestemme og styre. Han skal lære seg å støtte utforskinga til Elida, sjå etter ho, gle seg over ho, hjelpe ho og gle seg med ho. Elida treng at far er der og tek godt i mot ho når ho søker nærleik, at han vernar ho, kosar med ho og gler seg over ho. Elida treng også at far hjelper ho med å organisere kjenslene, skaper

tryggleik for ho, slik at ho kan bli klar for nye rundar i sirkelen, å utforske for så å søkje tilbake for å reetablere tryggleik (Whelan & Marvin, 2010). Når Elida får vere med far, er det venteleg at ho slepp å bruke ein del av sin kognitive kapasitet til å halde greie på om far er tilgjengeleg, dette veit ho. Det skal då bli mogleg for ho å få frigjort meir av sin kapasitet til å utforske og forstå omverda (Main, 1991).

10.2.2 Førebyggjande fokus

Som eit førebyggjande tiltak har ein bestemt at far skal vere heime med Elida og mor skal ut i arbeid. Elida har allereie ei forseinking i si utvikling, så ein må kalle det vidare arbeidet for førebyggjande slik at vanskaner ikkje skal bli progredierande. Elida har ikkje erfart at mor er sensitiv og tilgjengeleg, dette har gjort ho utrygg og unnvikande i sin relasjon til mor.

Hovudtyngda av far sine samspelsstrategiar ligg på sensitivitet. Crittenden (2000) hevdar at om forelderen sine samspelskvalitetar ligg på kontroll og invadering, vil barnet vise frustrasjon, noko som igjen kan føre til at kontrollen og invaderinga blir endå sterkare og barnet kan bli ytterlegare frustrert inntil det tilpassar seg foreldra ved å leggje lok på egne kjensler. Denne prosessen ser ut til å ha skjedd hos Elida. Ho kan no skildrast som eit signalsvakt barn. Killén (2005) peikar også på at samstundes som ein erkjenner den store betydinga av sensitivitet, samspel og trygg tilknytning har for kognitiv utvikling, ser ein også barnet som eit resultat av den læringsprosessen som går føre seg når omsorgsgjevar fungerer som *formidlar* mellom barnet og omverda. MISC har også med denne faktoren i kriteria for godt og utviklingsfremjande samspel mellom barn og tilknytingsperson. Mor til Elida er tungt inne med slike strategiar. Det beste er nok om ein omsorgsgjevar har fleire kvalitetar å spele på. Utgangspunktet bør vere at forelderen er sensitiv for barnet sine signal, så kan forelderen i situasjonar der han vurderer barnet som trygt og fornøgd, berike barnet med utvidingar og læringsmoglegheiter som ein ser er innanfor barnet sine utviklingsmoglegheiter der og då.

10.2.3 Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt

Elida meistrar enno ikkje å triangulere; å forholde seg til fleire personar på ein gong. Ho treng utelukkande trening i å samhandle i ein dyade, å samhandle med ein vaksen, det er ikkje venteleg at ho skal ha eit sosioemosjonelt utbyte av å vere i ei større gruppe i barnehagen før ho meistrar å kommunisere innanfor dyaden sine rammer. Ho treng på same måte tid åleine med far heime for å få trening i å samhandle med han utan forstyrrende element rundt seg.

Winnicott (1985) meiner at den tidlege tilpassa omsorga utgjer basis for all seinare psykisk utvikling. Det er krevjande for familien å ha fem barn frå ti år og nedover, og det er lett for at Elida sine behov kan kome i bakgrunnen når alle er tilstades i eit rom samstundes. Stormark (2010) hevdar at kvaliteten på den tidlege emosjonelle utvekslinga har vist seg å vere prediktiv for barnet si seinare evne til å regulere emosjonar. Dette gjev tyngde til avgjerda som barnevernet har teke om at far som Elida allereie har utvikla ei trygg tilknytning til, er den personen som bør få tid og rom til å vere mykje med Elida.

Mor sine invaderande og kontrollerande samhandlingsstrategiar kan ha medført stress hos Elida. Stress som ikkje blir adekvat regulert av ein omsorgsperson, påverkar reaktiviteten i hjernen. Smith (2003) peikar på at det er viktig for barnet med god stressregulering tidleg i livet fordi kvaliteten på stressreguleringa kan gje positive eller negative konsekvensar for hjernen si seinare utvikling. Eit godt utvikla nevralt system for stressregulering vil ikkje berre få betydning for evna til å oppleve, uttrykkje og meistre kjensler, men vil også påverke evna til å planleggje, kommunisere, utøve motorisk kontroll og åtferdsmessig impuls kontroll.

I følgje Winnicott (1984) vil mor sine for voldsomme kontaktforsøk overfor Elida føre til at det vert danna eit forsvar mot påverknader utanfrå, at ho stengjer av. Elida treng at mor verken eksponerer ho for sterkt for omverda eller at ho i overdriven grad vernar ho. Winnicott definerer eit slik velbalansert forhold mellom vern av barnet og eksponering for omverda som sunt (Hart & Schwarz, 2008).

Elida er meir passiv enn ein skulle ønskje. Ho gjev lite respons på det som skjer rundt ho, ho utforskar i lita grad, ho har ei forseinka motorisk utvikling. Elida treng at dei vaksne rundt ho er lyttande og opne for hennar lite tydelege signal. Om ein skal plassere Elida i Stern (1985) sine teoriar om utvikling av sjølv, ser vi at ho er på veg inn i domenet for kjensla av eit kjernesjølv: Sjølv versus annan person. Psykiske tilstandar mellom menneske kan no avlesast, matchast, ordnast på linje med eller inntonast i (eller avlesast feil, feilmatchast, ikkje ligge på linje med eller inntonast til). Elida treng mykje erfaring med positivt samspel med ein lydhøyr og sensitiv vaksen som kan vitalisere ho, gje ho glede gjennom felles opplevingar i rolege omgjevnadar med tid og rom for at ho skal kunne gå inn i eit felles fokus med den vaksne.

Spedbarn er i følgje Crockenberg og Lerkes (2000) og Juul (1996) robuste i den forstand at foreldre ikkje treng vere perfekte. Det eit spedbarn kan ta skade av er om dei negative

samspelsferfaringane dominerer over dei positive. Det er dette ein har sett i samspelet mellom mor og Elida, og difor er det også viktig at far kan nytte meir tid i samspel med ho.

10.2.4 Tidleg samspel

Utviklinga på alle område, det kognitive, emosjonelle, sosiale og motoriske, er tett samanvevd og vert fremja gjennom samspelet med dei nære omsorgspersonane (Høygård, 2004). For Elida sin del skal no far bli hovudtilknytingsperson, han skal bruke mykje tid saman med Elida, han skal få videoretting for å sjå og forstå Elida sine svake og utydelege signal, og ikkje minst skal han få hjelp til å sjå seg sjølv og dei strategiane han brukar. Ein skal kome fram til gode strategiar som fører til god kontakt med Elida, og sjå kva som vekker hennar interesse og glede over å vere i samspel med far.

Det kan tenkjast at Elida også har ein ibuande vanske, at det ikkje berre er miljøbelastningane som gjer at ho ligg etter i si utvikling. Elida passar inn i kategorien ”barn som er lite sensitive, passive og tilbaketrekte” (Greenspan & Salmon, 1995). Ho gjev med si fungering ei utfordring til dei som skal samspele med ho. Elida er roleg og lite krevjande, ho viser lita interesse for å utforske verda på eiga hand. I ein travel kvardag vert det vanskeleg for foreldra å få gjeve Elida det ho treng når heile familien er heime utan at ein planlegg nøye, og at ein dessutan veit noko om korleis ein best skal bruke den tida ein er saman med Elida. I følge Rye (2002) vil ein uheldig reaksjon overfor Elida i hennar situasjon vere å la ho vere for mykje for seg sjølv. I kombinasjon med fire andre barn vert det lett for at Elida, som ikkje krev så mykje, får mykje mindre merksemd enn dei andre. Vaksne treng også respons på det dei seier og gjer, og eit barn som ikkje responderer i særleg grad vil kunne forme foreldra slik at dei etter kvart påverkar kvarandre til å i stadig mindre grad kommunisere med kvarandre.

Eit barn i kategorien lite sensitiv, passiv og tilbaketrekt (Rye, 2002) treng hjelp til å utvikle si lyst og interesse for omverda. Fyrst og fremst treng dei vedvarande, kjærlege og sensitivt tilpassa kontaktforhold, å bli dregne inn i sosialt engasjement. Berre gjennom tålmodig å dra dei inn i kommunikasjon der dei kan få moglegheit til å mobilisere sine egne kjensleintrykk og hjelp til å forstå andre, kan dei bli sosialt meir interesserte og aktive (Rye, 2007). Når omsorgspersonen er sensitiv overfor barnet sine signal, lærer barnet at det er føremålstenleg å uttrykke emosjonar overfor andre (Cassidy, 1994). Elida har i alt for lita grad fått erfaring med dette i sitt samspel med mor. Ho treng å få vere meir med far som allereie er sensitiv og som har eit betre og meir inntonande samspel med Elida enn mor. Mor viser så liten

progresjon i si læring i samspel med Elida, at ein har vurdert at ein på Elida sine vegner ikkje har tid til å gå i mor sitt tempo for læring. Mor har andre kvalitetar som ho kan nytte med dei andre barna, far har allereie i stor grad det som skal til for at Elida skal få vidareutvikle si trygge tilknytning som ho allereie har til han. Ein håpar at Elida til ei viss grad skal kunne ta att noko av utviklinga ved å få ei intens samspelsbehandling der far får tett oppfølging i heimen.

10.2.5 Rådgjevaren si rolle

Eit opplagt tema som det må snakkast om, er at mor er utdanna pedagog. Det er lett å sjå føre seg at det er krevjande for mor, som sjølv er pedagog, å måtte ta i mot rettleiing i samspel med eigne barn. Dette kan takast opp på ein direkte og ressursfokusert måte med mor. Ein kan setje ord på at mor er pedagog, at ho har mykje kunnskap om utviklingspsykologisk utvikling og utvikling generelt. Ein kan spørje ho om kva ho tenkjer om å no skulle ta imot hjelp til Elida. På denne måten kan ein hjelpe mor til å kjenne sjølvtilitt ved å anerkjenne dei kunnskapane ho har. Mor er dessutan ikkje pedagog for sine barn, ho er mor slik alle andre er det. Ein må i ein slik situasjon hente fram det ein har av kunnskap om mor sine sterke sider og dra dette fram som ein ressurs for familien.

Barnevernet har avgjort at det er far som skal vere heime med Elida, og ikkje mor. Dette er ei avgjerd som nødvendigvis er tung å handtere både for mor og far. Dei kjem i ein situasjon der mor på ein måte har kome til kort i sin morsfunksjon. Begge foreldra bør få snakke mykje om dette både kvar for seg, og også ilag når dei møter rådgjevaren. Om ein ikkje set av tid til dette, risikerer ein at ein ikkje får foreldra med seg i det ein fokuserer på. Ein må ta seg tid til å snakke om det som opptek foreldra slik at dei i størst mogleg grad kan gjere seg ferdig med dette temaet og gjennom dette frigjere sin kapasitet til å fokusere på endringsarbeidet. Rådgjevaren gjev respons og tilbakemeldingar som støttar foreldra og som gjer at dei kjenner seg forstått (Lassen, 2002), hjelpe dei fram til eigarskap og ansvar for sin situasjon og hjelpe dei med å setje i gang løysingsforsøk. Han må vere seg sjølv på ein genuin måte (Rogers, 1965), og han må kommunisere at han bryr seg om foreldra ved å vere empatisk. I følgje Lassen (2002) må rådgjevaren observere foreldra sitt kroppsspråk, som kan indikere kjensler foreldra kjenner på. Å lytte til foreldra og måten dei seier noko på er viktig både for å signalisere at ein er merksame, og for å kunne gje høvelege responsar.

Eg vil no skrive om tiltaket som vert retta mot far. Tiltaka vil ta utgangspunkt i ORION og MISC sine kriterium for godt samspel, og forma på arbeidet vil vere videoretteleiing.

Omfanget til denne oppgåva tillet ikkje at eg går grundig gjennom alle kriteria og seier korleis heile prosessen vil vere i detalj. Eg vil likevel skrive i detalj om korleis ein kan arbeide med dei fyrste kriteria i ORION og MISC-programma for å lage ei tydeleg skisse av arbeidsmåten.

På same tid som ein videoretteleier far, vil det same arbeidet bli gjort i barnehagen.

Framgangsmåten vil vere den same, tempoet nokolunde likt, men ein treng ikkje til ei kvar tid vere på same steget i prosessen i heimen og i barnehagen. Videoklippa som vert tekne i barnehagen kan nyttast i rettleiinga i heimen om barnehagepersonalet godtek dette. Dette vil kunne berike prosessen og gje far fleire samspelsidéar når han ser korleis barnehagepersonalet samspelar med Elida og kva som vekker hennar interesse i barnehagen. Far til Elida skal få videoretteleiing som ein del av ei samspelsbehandling. Dette opplegget skal bestå av vekentlege heimebesøk, tiltaket skal vare i ei periode på tre månader, så skal ein ta opp til vurdering kva utvikling Elida har og ut frå dette stake ut vegen vidare. Fyrste gongen ein er heime for å filme far i samspel med Elida, får far i oppgåve å vere ilag med Elida slik han vanlegvis er saman med ho. Rettleiaren kan gjennom å la far filme seg sjølv i samspel med Elida gjere far tryggare i rolla. Han får høve til å sjå korleis rettleiaren samspelar med ho. Rettleiaren vil på denne måten fungere som ein rollemodell for far. Både far og rettleiaren kan gje kvarandre idear til korleis ein best kan samspele med Elida, både ved å vurdere kva strategiar som fungerer godt, og ved å sjå kva som ikkje fengjer Elida i særleg grad.

Når rettleiaren neste gong skal møte far, går ho gjennom begge videoklippa, både klippet av far/Elida og rettleiaren/Elida. Ein fokuserer på det som er bra i samspellet mellom Elida og far. Ein ser fyrst heile klippet og let far seie kva han tenkjer om det han såg, ber han setje ord på noko som var bra. Det fyrste ein har fokus på er kor tid det er kontakt mellom barnet og forelderen, ein stansar filmen akkurat når barnet ser opp og møter den vaksne sitt blikk. Ein samtalar om kva som skjedde rett før, kva som gjorde at barnet såg opp, for å sjå samanheng og mening. Dette er i tråd med ORION-gruppa sitt fyrste kriterium for god kommunikasjon. Augekontakt er eit viktig utgangspunkt for å få til felles merksemd og etablering av samspel. Ein veit at blikkretning som regel er koordinert med barnet si merksemd mot omgjevnadene og dei initiativ barnet tek. Det er difor viktig å vere merksam på barnet sitt blikk (Rye, 2002).

Det er ikkje slik at det i byrjinga av prosessen er viktig med blikkontakt, og at det så er noko anna som vert viktigare på neste steg. Grunnen til at ein fokuserer på ein ting om gongen er at forelderen som mottok rettleiinga skal få tid til å tenkje over og fokusere på ein ting om gongen, dette vil auke sannsynet for at opplegget skal bli vellukka. Dei ulike elementa som

ein etter kvart fokuserer på er alle ein del av ein heilskap som til slutt skal danne rammer for godt og utviklingsfremjande samspel mellom barnet og forelderen. Dei ulike elementa som ein arbeider med skal etter kvart gje både barnet og forelderen glede og erfaring av at dei høyrer saman. Etter kvar samtaletime, der ein har sett på videoklippet frå førre gong, vert ein samde om kva forelderen skal fokusere på fram til neste gong når det skal filmast. Ein kan ha dei same oppgåvene i fleire veker om naudsynt. Den fyrste gongen forelderen får oppgåve, blir det fokusert på å imitere barnet, å gjere det same som barnet og sjå om ein gjennom dette oppnår kontakt. Den vaksne må leggje fram leikar som barnet er interessert i. Han må plassere seg sjølv i ein god posisjon slik at det er nærliggjande at barnet får auge på det han gjer og at det lett kan oppnå augekontakt med den vaksne om det ser opp. Far skal i slike stunder vere åleine med Elida. Ved å gjere det same som Elida viser far at han er interessert i det ho gjer.

Når ein skal imitere barnet må ein ta seg tid. Ein kan imitere ansiktsuttrykk, rørsler eller handlingar med objekt. Ein må ikkje imitere absolutt alt, ein imiterer noko, viser så eit ansiktsuttrykk som er ope og som gjev uttrykk for at det no er barnet sin tur til å gjere eller seie noko. Eit slikt ansiktsuttrykk vil for dei fleste vere å heve augebryna, smile, ha munnen litt open. Så må ein vente, i Elida sitt tilfelle må ein ta seg god tid, for å sjå om ho responderer. I byrjinga vil det kanskje vere sjeldan at barnet responderer, men etter kvart som ho får erfaring med samspel vil barnet forhåpentlegvis respondere stadig hyppigare og etter kvart sjølv ta initiativ til samspel. Barnet vil på eit slikt tidspunkt kjenne glede over samspelet, og dette er noko av kjernen i motivasjonen for vidare samspel.

Elida har ei generelt forseinka utvikling, ho har forseinka reaksjonar og ho sender svake signal. Ved å nytte video kan ein få auge på dei forseinka reaksjonane som ein ikkje oppfattar når ein er i samspel med ho. Dette hjelper far til å senke tempoet sitt ytterlegare, seie noko, vente medan han har eit forventingsfullt uttrykk i ansiktet, vente lenger enn kva han finn naturleg, og sjå om Elida responderer. Ved å få far til sjølv å få auge på Elida si etter kvart positive utvikling, vil rådgjevaren arbeide for at far skal motivere seg sjølv til å fortsetje med den intense innsatsen Elida treng. Far skal reflektere over det han ser i videoopptaka av seg og Elida, og stadig løfte seg sjølv til å bli ein betre samspelepartner. Kombinert med at Elida vert betre fungerande, vil det bli lettare å samspele med ho og dele glede med ho. Slike situasjonar vil igjen kunne forsterke samspelet positivt slik at far til slutt vert sjølvgåande i sitt utviklingsfremjande samspel med Elida, og rådgjevingprosessen kan avrundast.

11 Kasus 4 – Desorganisert tilknytning

11.1 Presentasjon av Håkon, to år gamal

Håkon er to år, han har vore i BUP-systemet sidan han vart fødd, ikkje som pasient, men som medpassasjer under utgreiing av eit eldre sysken. Dei som har utgreidd Håkon sin storebror har vore bekymra for Håkon si utvikling, han har heile vegen vore svært roleg, lite vital, har teke påfallande lite initiativ og laga lite lyd. Under dei mange besøka Håkon har hatt på BUP har han aldri gråte. Foreldra seier ”han er ein grei baby, han har ingenting å gråte for”.

Håkon ber ikkje om merksemd frå foreldra, og foreldra stiller seg ikkje i posisjon for å kommunisere med Håkon. Dei handterer dei fysiske behova til Håkon, gjev han mat og drikke, vurderer kor tid han treng ny bleie og om han er varm eller kald. Ein ser lite augekontakt mellom Håkon og foreldra. Dei snakkar om han og til han ut i lufta, men opprettar ikkje kontakt med Håkon.

BUP var til slutt så bekymra at dei melde frå til barnevernet. BUP fekk så tilvising på Håkon og gjorde ei utgreiing på han som viste at han var generelt forseinka i si utvikling. Han låg på 1-2 prosentilen på alle utviklingslinjer som vart målte. BUP utgreidde kva type tilknytning Håkon hadde til si mor. Den vart klassifisert som type desorganisert tilknytning.

Håkon fekk barnehageplass som eit barnevernstiltak, han fekk ein eigen vaksen som skulle vere med han all den tid han var i barnehagen. Ein såg at han etter få veker knytte seg til den vaksne i barnehagen, han heldt seg fast i fingeren hennar kvar ho gjekk.

Arbeidet vidare består no av å gje råd og rettleie foreldre og barnehagetilsette i samspel med Håkon. Det er eit krav frå barnevernet si side at begge foreldra må møte til rettleiingstimate på BUP kvar veke. Ein skal no satse tungt på at far skal bli meir aktiv i samspel med Håkon, og ein skal etter tre månader gjere vurdering av Håkon si tilknytning til far for å kunne vurdere den heilskapelege omsorga Håkon får frå sine foreldre. Samstundes som ein skal prøve å hjelpe mor til å få ein betre kommunikasjon med Håkon, skal ein altså satse tungt på far, at han skal bli hovudtilknytingsperson for Håkon. Far skal vere den som i størst grad tek seg av rutinesituasjonar med Håkon.

11.2 Drøfting av kasus

11.2.1 Tilknytning

Barn med desorganisert tilknytning, slik Håkon har til si mor, ser ut til å i lita grad vere i stand til å organisere informasjon frå omverda og ta avgjerder (Main, 1991). Det tilknytingsmønsteret som eit barn utviklar, gjenspeglar dei forventingar det har danna til korleis viktige personar oppfører seg i nære relasjonar, og om barnet kjenner seg trygg på at det kan utløyse fysisk eller emosjonell støtte og omsorg frå andre (Smith, 2002). Håkon har ikkje kjent seg trygg på at han kan få verken fysisk eller emosjonell støtte frå mor ettersom han har utvikla desorganisert tilknytning. Den mentale representasjonen av tilknyttinga Håkon har utvikla, vert etter kvart generalisert og påverkar Håkon si emosjonsregulering og samhandlingsmønster med andre menneske. Håkon har med si desorganiserte tilknytning til mor eit samspel med ho som i høg grad byggjer på redsel. Han kjem i ein umogleg konfliktsituasjon fordi mor som skal trøyste Håkon også er den som ”slår på” alarmsystemet og skremmer Håkon (Broberg et al., 2003). Ser ein Håkon i lys av Main og Salmon (1990) si forståing av desorganisert tilknytning, manglar Håkon strategiar for å skaffe seg tilgang til sine tilknytingspersonar.

11.2.2 Førebyggjande fokus

I det førebyggjande arbeidet med Håkon vil fokuset bli å hjelpe Håkon til å utnytte dei ressursane han har i seg gjennom å stimulere han på ein meir utviklingsfremjande måte enn det ein tidlegare har gjort. Håkon har allereie utvikla eit uheldig samspelsmønster med mor spesielt, men også med far. Gjennom å setje fokus på å førebyggje ei vidare negativ utvikling, vil ein om mogleg kunne i alle fall minske sjansane for at Håkon utviklar sosiale og emosjonelle vanskar seinare i livet. Winnicott (1984) har påvist at barn som ikkje har blitt sett og forstått etter kvart vil verne seg sjølv ved å ikkje i det heile ønskje kontakt med omverda. Dette sjølvvernet ser vi hos Håkon, og det dannar grunnlag for utviklingsmessige forstyrringar og alvorlege tilknytingsforstyrringar. Håkon har både utviklingsmessige forstyrringar og tilknytingsforstyrring. For å kunne minske uheldige samspelsituasjonar mellom Håkon og foreldra, treng rådgjevaren kunnskap som er verksam i praksis (Abrahamsen, 1997).

Om ein ikkje allereie visste at BUP har meldt bekymring til barnevernet, måtte rådgjevaren som skulle arbeide førebyggjande med familien til Håkon melde saka til barnevernet. Ein har ikkje god tid til å hjelpe, ein bør ikkje vente og sjå korleis det går eit par månader.

Skeivutvikling er allereie påvist hos Håkon. Barnevernet kan setje i gang førebyggjande tiltak, og deira undersøking av omsorgssituasjonen til Håkon vil kunne gjerast parallelt med det førebyggjande arbeidet rådgjevaren skal gjere. Ein slik måte å arbeide på kan gjere at ein raskare kjem fram til dei endelege vurderingane og tiltaka. Om ikkje mor og far til Håkon i stor nok grad greier å gjere seg nytte av rettleiinga dei skal få, vil barnevernet si vurdering av omsorga seie noko om Håkon eventuelt skulle hatt eit heilt anna miljø.

At kvaliteten på samspelet mellom barnet og hovudtilknytingsperson, i dette tilfelle Håkon og mor, predikerer barnet si tilknytning og utvikling, er det ikkje tvil om (Killén, 2005). Om forelderen hovudsakleg er passiv og utilgjengeleg slik mor til Håkon er i forhold til han, vil barnet etter ein innleiande periode med misnøye bli passivt. Dette har skjedd med Håkon. Håkon og mor vil no halde kvarandre fast i passivitet, og Håkon si utvikling står i fare for å gå i stå på dei fleste område. Dette kan i følgje Erickson og Egeland (2002) kallast kjenslesmessig vanskjøtsel, og ein ser dette som den alvorlegaste forma for omsorgssvikt. Foreldra dekkjer behova til Håkon i høve til overlevingsfunksjonar, slik som behov for mat, fysisk stell og tak over hovudet. Den andre typen behov som har psykologiske funksjonar, slik som merksemd, kjærleik, tryggleik, aksept, anerkjenning og tilhøyre (Iwaniec, 1995) har foreldra vanskelegare for å ivareta. Dei har allereie ved å ikkje imøtekome Håkon sine behov vore med på å gjere Håkon tilbakesett i si utvikling.

11.2.3 Barnet si fungering - sosialt, emosjonelt og generelt

Samspelet mellom det vesle barnet og omsorgspersonen har ei heilt sentral rolle for korleis barnet opplever og uttrykkjer emosjonar (Stormark, 2010). Gjennom å ikkje ha blitt tolka når han har gjeve signal til sine foreldre, har Håkon truleg fått vanskar med å regulere kjenslene sine. Han vil også sannsynlegvis få vanskar med å tolke og forstå sosiale signal i leik og i samspel generelt, om ikkje det førebyggjande tiltaket gjer at foreldra vert i stand til å gje Håkon det han treng over tid, og at han kan ta att/repasere skadane han har utvikla gjennom positivt samspel med sine foreldre (Høygård, 2004).

Dei fleste er fødde med eit stort potensiale for samspel. Om vi får utvikla potensialet er avhengig av korleis omsorgspersonane forhold seg til barnet (Kokkersvold & Mjelve, 2003).

Barnet er avhengig av gode responsar med aktiv modifiering og tilpassing frå den vaksne si side for at det skal bli ein kjenslefelleskap (Hansen, 1991). Håkon har ikkje hittil opplevd sensitive vaksne som aktivt modifierer og tilpassar seg etter kva han signaliserer. Som ein konsekvens av dette har Håkon blitt eit stille barn som ikkje tek initiativ, søker trøyst eller er utforskande i leiken sin. Foreldra til Håkon har avgrensa og kanskje til og med forhindra den positive utviklinga av Håkon si psykiske og emosjonelle helse som skulle ha funne stad allereie frå fødselen av (Iwaniec, 1995). Foreldra til Håkon har ikkje meistra å danne eit sensitivt og responsivt omsorgsmiljø rundt Håkon og over tid tilpasse miljøet i takt med Håkon sine endra behov. I lys av transaksjonsmodellen (Sameroff, 2005) vil Håkon si skeivutvikling kunne sjåast på som ei kontinuerleg feiljustering av transaksjonar over tid, noko som hindrar Håkon i å organisere si omverd på ein veltilpassa måte (Smith, 2010). Håkon har også påverka sine foreldre på ein måte som har forma deira åtferd overfor Håkon og omvendt (Sameroff, 2005).

Ein kan forstå Håkon si skeivutvikling ut frå Winnicott sin teori om korleis vernet av sjølvet gjer at barnet vil kunne utvikle passiv og føyeleg åtferd overfor omverda sine krav. Prisen seier Winnicott er som vi ser på Håkon: tap av vitalitet, spontanitet og fornemminga av å vere til stades med seg sjølv i samspelet med omverda (Winnicott, 1984). Ein kan vanskeleg skildre Håkon utan å også seie noko om den omsorgssituasjonen han har vore utsett for.

Om den gode sirkelen i samspelet mellom mora og barnet ikkje oppstår, vert den emosjonelle utviklinga forstyrra. Når mor ikkje er i stand til å skape truverdige høve for at barnet kan gjenopprette det gode forholdet eller gjere det godt igjen etter ei konflikt, utviklar ikkje barnet omsorg for den andre som ein indre struktur, men derimot angst overfor andre menneske (Hart & Schwarz, 2008). Dette ser ein hos Håkon som har utvikla ei desorganisert tilknytning til si mor. Mor til Håkon manglar det som Hansen (1991) omtaler som ein biologisk beredskap for foreldreåtferd. Ho meistar ikkje å møte barnet på ein måte som aukar Håkon si interesse og fremjar ein gjensidig dialog, den dialogen som er grunnleggjande for å forsterke utviklinga av sosial og emosjonell tilknytning mellom Håkon og mor. Dersom barnet suksessivt trekkjer seg tilbake frå kontakt og vender bort blikket, slik vi ser hos Håkon, er dette i følge Tronick (1982) eit alvorleg teikn på at relasjonen mellom foreldre og barn ikkje fungerer.

For å utvikle ei trygg tilknytning er barnet avhengig av at forelderen evnar å reagere adekvat på barnet sine signal, at forelderen tilbyr trøyst og vern i situasjonar der barnet er engsteleg og

uroleg (Ainsworth, 1978). Det vert ei utfordring for rådgjevaren å hjelpe mor til å tolke Håkon sine signal på ein betre måte. Håkon er allereie tilbaketrekt og sender få signal om ønske og behov. Han har på mange måtar vore tvinga til å leve i eit miljø der foreldra ikkje har hjelpt han til å tolke og forstå omverda, og må på grunn av dette betale ein høg pris i form av brestar i den emosjonelle og sosiale utviklinga (Crittenden & Ainsworth, 1989). Rådgjevaren skal hjelpe foreldra til å bli meir vitale i sitt samspel med Håkon. Om foreldra greier dette, kan dei gjennom sin eigen vitalitet og glede lokke fram betre merksemd, konsentrasjon og livsglede hos barnet (Alvarez, 1991). Gjennom å gjere samspeleplevinga interessant og levande skal foreldra lokke Håkon til å bli tilstrekkeleg merksam og konsentrert til å kunne delta i samspel og lek med foreldra.

11.2.4 Tidleg samspel

Som Stern (1985) og Trevarthen (1988) seier, er spedbarnet gjennom sine sansar og si naturlege åtferd allereie frå fødselen av eit sosialt vesen. Ein finstemt kommunikasjon mellom barnet og omsorgsgjevar med lydar, blikkontakt, mimikk, kroppshaldning og rørsler, berøring og etter kvart også verbalt språk. Håkon har som sagt opplevd for lite av denne kvalitativt gode kommunikasjonen i samspel med sine foreldre. Håkon har hatt evne til å imitere ansiktsuttrykk, rørsler og lydar, og han kunne formidla eigne kjensleuttrykk på mange måtar (Høygård, 2004), men dette har over tid blitt avlært. Det foreldra til Håkon må lære er at god spedbarnsomsorg ikkje berre handlar om mat og stell, men også om kommunikasjonsmessig ferdigheit, at den vaksne er kjenslemessig tilgjengeleg for barnet.

I følge Edelman og Tononi (2000) har foreldra til Håkon gjennom å ikkje klare å vere responsive påført Håkon ein risiko for utviklinga hans av nevralt nettverk og synapsar som vert danna og styrka i hjernen. Det er når barn sine oppvekstforhold skaper ei tidleg og vedvarande negativ utvikling at tidleg intervensjon kan virke særleg positivt på deira psykososiale utvikling (Rye, 2002). Spørsmålet i forhold til Håkon er om det er mogleg å reparere samspelet han har med sine foreldre i ei slik grad at omsorgsmiljøet blir godt nok til at han kan halde fram med å bu der. Hensikta med tidleg psykososial intervensjon er å forsterke, berike og utvide dei positive erfaringane i barn sitt samspel med omsorgsgjevar (Rye, 2002). Om den genetiske risiko manifesterer seg, er avhengig av kvaliteten på barnet sine familiemessige nettverk (Hart, 2006). Håkon sin genetiske risiko vil nok manifestere seg om den ikkje allereie har gjort det. Ein kan ikkje vite om det arbeidet som skal skje gjennom

rettleiing av foreldra kan gjere dei i stand til å yte god nok omsorg eller om dei kan klare å snu Håkon si bekymringsverdige utvikling.

Den vaksne skal hjelpe barnet til å tåle sine egne kjensler ved å bere dei saman med det. Barnet vil etter kvart tåle sine egne kjensler fordi den vaksne har hjelpt til med å omforme dei utålelege kjenslene til kjensler som er psykisk fordøyelege for barnet. Slik Bion (1962) ser det vil ein slik dynamisk prosess gradvis føre til å kjenslemessig vekst hos barnet. Saman blir barnet og den vaksne eit ”tenkjande par”. Barn som ikkje får denne hjelpa, slik som Håkon, kan få vanskar med både å lære sine egne kjensler å kjenne og å kunne romme dei. Han kan også få ein svakare toleranse for nye og vanskelege situasjonar og ei utvikling av ikkje-føremålstenlege måtar å takle dei på (Abrahamsen, 1997). Håkon passar inn i Greenspan og Salmon (1995) sin kategori: lite sensitive, passive og tilbaketrekte barn. Denne kategorien barn gjev den vaksne utfordringar i høve samspel. Desse barna vert ofte oppfatta som rolege og lite krevjande. Det kan sjå ut til at dei avventar forelderen sitt initiativ, sjølv etter at dei har lært å ta seg fram på eige initiativ. Dette er også tilfelle for Håkon. Håkon viser lita interesse for å utforske omverda på eiga hand. Det er lett å feiltolke barn som Håkon og tru at dei er fornøgde og rolege, at dei ikkje treng mykje merksemd. Ofte er desse barna både motorisk, språkleg og sosialt forseinka.

Barn som Håkon treng fyrst og fremst vedvarande, kjærlege og sensitivt tilpassa kontaktilbod, å bli dregne inn i sosialt engasjement. Han treng å bli teken med i daglegdagse aktivitetar, tilpassa hans tempo og uthald. Berre gjennom tålmodig å dra han inn i kommunikasjon der han kan få moglegheit til å mobilisere sine egne kjensleuttrykk og hjelp til å forstå andre, kan han bli meir sosialt interessert og aktiv (Rye, 2002). Barnehageplassen som Håkon har fått som eit barnevernstiltak vil vere med på å gje Håkon erfaring med å få samspele med sensitive vaksne som meistrar det som Rye skildrar som naudsynt for å få Håkon meir sosialt interessert og aktiv. Dette tiltaket vil forhåpentlegvis virke positivt forsterkande på samspelet også mellom Håkon og foreldra.

11.2.5 Rådgevaren si rolle

Rådgevaren skal gjere eit arbeid som har som mål å gjere foreldra til Håkon i stand til å yte betre omsorg for han, dei skal gjennom prosessen reflektere over si eiga rolle i samspelet med Håkon og sjå kva strategiar som fungerer og verkar utviklingsfremjande for Håkon.

Rådgevaren må ha stødig kunnskap om foreldra og Håkon sin situasjon. Gjennom samtalar

lærer han foreldra å kjenne, gjennom å sjå dei i samspel med barnet ser han korleis Håkon blir forstått og korleis familien kommuniserer med kvarandre. Rådgjevaren må også ha stødig kunnskap om den strategien han skal nytte i arbeidet, sosial og emosjonell utvikling hos barn, tidleg stimulering og tilknytning. Han skal saman med foreldra reflektere seg fram til kva foreldra bør fokusere på i deira samspel med barnet.

I arbeidet må rådgjevaren vere medviten på den rolla han har som rollemodell for foreldra i sitt samspel med dei. Som Killén (2005) peikar på er vi som profesjonelle involverte i parallelle prosessar overfor foreldre slik foreldra er det overfor sitt barn. Rådgjevaren skal følgje foreldra sine initiativ, bekrefte dei, gje dei tid, setje ord på handlingar og initiativ, både foreldra sine initiativ i filmen, og i samtaletimen etterpå. Slik kan ein sikre eit felles fokus, og deling av glede over det positive som skjer. Thue (2006) minner om at berre ved å vere sensitiv og lyttande vil ein kunne kome i posisjon til å hjelpe eit individ til å hjelpe seg sjølv. Rådgjevaren kan spegle foreldra ved å gjenta det dei seier: ”Du meiner...,” ”du kjenner...” (Lassen, 2002). På denne måten får foreldra høyre dei orda dei har sagt, og dei får moglegheit til å bekrefte om det var dette dei prøvde å setje ord på, om dei meinte det slik det var sagt. Vidare bør rådgjevar undre seg saman med foreldra over element som foreldra ikkje nemner, men som han sjølv tykkjer er relevante.

Gjennom å sjå på videoopptak av samspel mellom foreldra og Håkon, kan rådgjevaren saman med foreldra setje ord på kva positive element ein kan sjå. Dette vil kunne vere med på få til ein positiv prosess der foreldra blir motiverte til vidare arbeid. Ved å stoppe opp på gode bilete der Håkon ser opp mot foreldra og mor eller far ser tilbake, eller der både Håkon og foreldra smiler medan dei har felles fokus, vil ein kunne få auge på element i samspelet som ein kanskje ikkje får med seg om ein ikkje ser det på film, fordi det berre er heilt korte glimt. I følgje Thue (2006) kan slike stopp bidra til eit vendepunkt hos foreldra om ein klarer å fange dei rette bileta.

Rådgjevaren vil ut frå den kunnskapen han sit med sjå og forstå barnet i eit relasjonsperspektiv (Aamodt, 2005). Dette er i tråd med ulike teoriar som er nemnde om utvikling og gestaltteori som fokuserer på det som skjer i feltet mellom Håkon og foreldra. Rådgjevaren skal saman med foreldra reflektere over korleis den enkelte opplever, kjenner igjen, eller eventuelt ikkje kjenner igjen, det den andre gjer (Kokkersvold & Mjelve, 2003). Ein skal ikkje fokusere på det vanskelege som har vore, ein skal ha fokus på korleis vidareutvikle seg ut frå dagens status.

Gjennom å ha ORION og MISC sine prinsipp for samspel som utgangspunkt, vil rådgjevaren hjelpe foreldra til å reflektere over kva signal Håkon sender til dei, og over eigne strategiar. Rådgjevaren vil fyrst fokusere på augekontakt og å følgje Håkon sine initiativ. I dette fokuset ligg det ei leiting etter gjensidigheit i samspelet, ein intensjon og ei fokusering (Rye, 2002). Dette vil rådgjevaren ha fokus på så lenge det er behov for det, til foreldra og Håkon ser ut til å ha etablert eit samhandlingsmønster der elementa ein fokuserer på er lett synlege i samspelet mellom dei.

Neste steg vil dreie seg om formidling av meining og entusiasme, at den vaksne set ord på det Håkon gjer, og på ein aksepterande måte snakkar om det Håkon opplever eller er oppteken av. Dette vil vere ei tydeleg vidareutvikling av det som ligg i det fyrste punktet, eit samspel prega av meining og entusiasme vil virke positivt forsterkande på både Håkon og foreldra. Gjennom å dele glede vil dei få utvikla sin relasjon til kvarandre slik at dei vert sterkare knytte til kvarandre, tilknyttinga vil bli forsterka. I lys av Circle of Security kan ein sjå at foreldra gjennom prosessen har blitt flinkare til å sjå og forstå barnet sitt, dei støttar Håkon i si utforsking av omverda ved å vise interesse og anerkjennande setje ord på det Håkon gjer. Dei gler seg over det Håkon gjer, dei hjelper han der det er behov for det, og dei tek imot han igjen når han søker nærleik og kos. Dei hjelper Håkon til å organisere kjenslene sine gjennom å setje ord på det han kjenner, dei skaper tryggleik for han ved å trøyste han. Når han blir trygg blir han klar for nye rundar i tryggleikssirkelen (Whelan & Marvin, 2010).

Vidare i prosessen vil rådgjevaren fokusere på at foreldra skal utvide og berike Håkon si oppleving og forståing av det som skjer. Dei skal formidle kunnskap om omverda, hjelpe han til å få erfaring og innsikt for best mogleg å kunne meistre dei situasjonane han er i. Dei får på denne måten ei formidlarrolle. Ein skal prøve å få til ein dialog mellom Håkon og foreldra med turtaking i fleire ledd som inneber både ei gjensidig utveksling av oppleving, forståing, ønske og behov, og ikkje minst ei aktiv gjensidig styring av kommunikasjonsprosessen. Ein god dialog mellom Håkon og foreldra med turtakingar i fleire ledd vil vere ein god kanal for foreldra til å utvide og berike Håkon si oppleving og forståing av det som skjer.

Neste steg vil vere å fokusere på formidling av aksept og oppleving av meistring. Når Håkon tek initiativ til ein positiv aktivitet og blir møtt med ros og aksept frå foreldra, får han ei oppleving av å vere ein kompetent og akseptert person. Det grunnleggjande behovet for kjærleik og aksept frå foreldra må møtast for at Håkon skal bli trygg og utvikle den sjølvtilitt som skal til for å utforske omgjevnadene og møte nye utfordringar (Rye, 2002).

Tryggleikssirkelen gjev eit godt bilete på dette, modellen viser at det må vere ein balanse mellom utforsking og tryggleikssøking for at barnet skal ha optimale utviklingsmoglegheiter (Whelan & Marvin, 2010). I kva grad Håkon utviklar sitt sjølvstende er avhengig av i kva grad foreldra greier å vere ein trygg base og ei sikker hamn, eller om foreldra greier å formidle aksept og meistring, noko som vil byggje opp Håkon sin tryggleik og sjølvstende.

Rådgevaren bør på slutten av kvar time oppsummere hovudpunkta i innhaldet, både dei tema som har vore omtala og dei kjenslene rådeiskjar har gjeve uttrykk for (Lassen, 2002). Foreldra får då oversikt over det som har blitt sagt, og dei får også ei bekrefting på at rådgevar har lytta godt. Oppsummeringa vert ei avrunding av samtala. Det er nettopp i oppsummeringa at rådgevaren kan tydeleggjere kva som er viktigast for foreldra å fokusere på framover.

Dei siste punkta i prosessen er det lenge til foreldra til Håkon kan gå inn i, men eg vil likevel nemne dei her fordi dei på sett og vis vil vere ein del av det foreldra lærer undervegs, sjølv om ein ikkje har eit spesielt fokus på dette før ein er lenger ute i prosessen. Desse punkta handlar om å forsterke ønska åtferd ved å gje den merksemd på ein akseptierende måte, å formidle planlegging av aktivitet, regulering av åtferd, bekrefting på at det som er kommunisert er forstått og det å skape eit så godt kjenslemessig klima som mogleg. Foreldra skal gje Håkon erfaring med og oversikt over at aktivitetar gjerne følgjer visse sekvensar av handlingar. Håkon skal på denne måten lære at desse er føreseielege, og dette vil etter kvart hjelpe han til betre å meistre problemløysing og måloppnåing i mange daglegdagse samanhengar (Rye, 2002). Dette vil vere med på å skape trygge rammer rundt Håkon, slik at han får oversikt og at han også kan få overskot til å bruke meir av sin kapasitet til å utforske og tenkje over det som skjer rundt han. Om han har oversikt og er trygg, vil han kunne bruke heile sin kapasitet til å sjå og forstå det som skjer rundt han, og planleggje si eiga åtferd ut frå dette.

Eg vil avslutte med å seie at tryggleikssirkelen er ei fin konkretisering av heile prosessen. Tryggleikssirkelen kan vere eit utgangspunkt for samtale med foreldra i forhold til alle punkt og i forhold til heile prosessen i det arbeidet oppgåva belyser.

12 Konklusjon

I oppgåva har eg teke utgangspunkt i følgjande problemstilling: ”Korleis kan ein gjennom å fokusere på tilknytning og tidleg samspel arbeide førebyggjande i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn?”. For å utdjupe den har eg teke med underproblemstillingar som spør om kvifor det er viktig å fokusere på tilknytning og tidleg samspel i forhold til sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn, og om kva konsekvensar ulike tilknytningstypar vil få i førebygging av sosiale og emosjonelle vanskar. Eg har sett det som viktig å skrive om **kvifor** ein bør fokusere på tilknytning og tidleg samspel i det førebyggjande arbeidet med eit barn si seinare sosiale og emosjonelle fungering, i tillegg til å skrive om **korleis** ein kan arbeide.

Målet for det førebyggjande arbeidet vil vere at barnet utviklar ei trygg tilknytning til sine foreldre. Om barnet utviklar utrygg eller desorganisert tilknytning er det sannsynleg at det får mindre kapasitet til å drive utforskande og utviklande aktivitetar. For utviklinga av hjernen til det vesle barnet er det tidlege samspelet svært viktig. I løpet av dei tre fyrste leveåra vert fleire av hjernecellene kopla saman i funksjonelle nettverk avhengig av kva celler som vert aktiverte på same tid. Celler som ikkje vert brukte tynnast vekk (Smith, 2003).

Eit viktig element ein ikkje kan oversjå er den langsiktige effekten av arbeidet oppgåva fokuserer på. Tilknytningstype og sosial og emosjonell fungering vil barnet ta med seg og vidareføre til sine barn når den tid kjem. Dette er ein viktig grunn til det førebyggjande arbeidet som skal gjerast, eg er samd med Kari Killèn i at ein kan førebyggje neste generasjon si omsorgssvikt av sine barn.

Det viktigaste svaret på problemstillinga må vere som Lyons Ruth (1995) peikar på: ein må ha ei forståing av at dei fyrste åra i barnet si utvikling best kan skildrast i eit relasjonsperspektiv. Eit barn si utvikling er kompleks, ein kan ikkje vurdere ei og ei utviklingslinje, eller sjå på ulike stadium i utviklinga hos barnet utan å også sjå på korleis barnet samspelear med omverda. Ein må også tenkje at spedbarn er avhengige av relasjonar for å kunne leve og utvikle seg, det vil difor vere både barnet og forholdet mellom barnet og den vaksne som treng behandling.

I eit framtidsretta lys kan ein seie at arbeidet ein gjer gjennom å fokusere på tilknytning, tidleg samspel og førebyggjande tiltak i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos små barn, gjev rom for håp og moglegheiter. Uansett kva barnet har med seg eller rundt seg av ulik type

sårbarhet, miljømessige eller genetiske, fins det eit sterkt håp om at barnet skal kunne vidareutvikle seg slik at det får nytta sitt utviklingspotensiale saman med den næraste tilknytingspersonen.

Det mest sentrale oppgåva får fram er at gjennom positivt og levande samspel kan både barnet og forelderen påverke kvarandre. Dei kan dele glede og på denne måten styrke bandet dei har seg imellom. Om barnet utviklar ei trygg tilknytning der det vekslar mellom å utforske omverda og å søke tryggleik hos ein vaksen som tek i mot det og gjev det den støtta det treng, vil barnet få kapasitet til å nytte sitt utviklingspotensiale. Gjennom samspel vert barnet til den personen han eller ho skal vere også som vaksen. Dei samspelskvalitetane barnet lærer vil det ta med seg og vidareføre til eigne barn. Dette gir etter mi meining ei tyngde til kvifor det er viktig å gjere arbeidet som oppgåva beskriv. Av same grunn er problemstillinga i oppgåva viktig. For å kunne gjere dette viktige arbeidet må ein vite korleis ein på ein verknadsfull og god måte kan arbeide førebyggjande i høve sosiale og emosjonelle vanskar hos eit lite barn ved å fokusere på tilknytning og tidleg samspel.

Rådgjevaren må få avklart kva tilknytningstype barnet har i forhold til sine tilknytingspersonar. Rådgjeingsprosessen må ta omsyn til dette. Prosessen vil ha same fokus og mål same kva tilknytning barnet har, men innsatsen frå rådgjevaren vil vere forskjellig. Dette er særleg tydeleg i forhold til barn med desorganisert tilknytning der det førebyggjande arbeidet oppgåva skildrar er på eit indikert nivå. Rådgjeingsprosessen vil vere meir krevjande dess meir alvorleg tilknytingsproblematikken er. Fyrstelinja søker i slike tilfelle oftast hjelp og støtte frå BUP ved tilfelle der barnet har utvikla ei desorganisert tilknytning til ein av foreldra.

I denne oppgåva har eg peika på at trygg tilknytning er ein føresetnad for utvikling av god psykisk helse. Ein god måte å rådgje, hjelpe eller førebyggje på er å ta utgangspunkt i tryggleikssirkelen og nytte MISC og ORION sine prinsipp under videoretting av foreldra.

Heilt til slutt vil eg nemne at det ville vere interessant å finne ut om det arbeidet eg har skrivt om, har den effekten som eg har tenkt når eg har drøfta kasusa opp mot teorien som er presentert. Om eg skulle arbeide med vidare forskning på temaet, ville eg gjere ein kontrollert studie av effekten av arbeidet som er beskrive i oppgåva. Eg kunne velje å samanlikne effekten av denne typen arbeid sett opp mot rådgjeving som er fundert i praksis som ligg utanfor denne oppgåva.

Litteraturliste

- Abrahamsen, G. (1997). *Det naudsynte samspillet*. Aurskog: Tano Aschehoug.
- Ainsworth, M., Blehar, M., Waters, E. & Wall, S. (1978). *Patterns of attachment: A psychological study of the strange situation*. Hillsdale, N.J.: Lawrence Erlbaum.
- Alvarez, A. (1991). Beyond the unpleasure principle. I: Szur R. og Miller, S. (red.): *Extending Horizons*. Karnak Books.
- Azak, S. (2010). Sped- og småbarn med deprimerte mødre. En multikulturell modell for å forstå utviklingsvansker hos barna. I: Moe, V, Slinning K. & Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Befring, E. (2002). *Forskningsmetode, etikk og statistikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Befring, E. & Tangen, Reidun (2004). *Spesialpedagogikk*. Oslo: Cappelen Forlag as.
- Belsky, J., Rovine, M.J. & Taylor, D.G. (1984). The Pennsylvania Infant and Family Projekt. III. *The origins of individual differences in infant-mother attachment: Maternal and Infant contributions*.
- Bowlby, J. (1969). *Attachment and loss*: bd. 1. Attachment. New York: Basic Books.
- Bowlby, J. (1973). *Attachment and loss*: bd. 2. *Separation, anxiety and anger*. London Hogarth Press.
- Bowlby, J., (1979). *The making and breaking for affectional bonds*. British Journal of psychiatry, 130, 201-210.
- Bowlby, J. (1982). *Attachment and loss*. London: Tavistock.
- Bowlby, J. (2006). *At knytte og bryde nære bånd. Tilknytning og tap, selvtillit og sorg*. Omsett til dansk av Bjørn Nake. Frederiksberg: Det lille forlag.
- Bowlby, J. (1988). *A Secure Base. Clinical Applications of Attachment Theory*. London: Tavistock/Routledge.
- Braarud, H.C. (2010). Samspill mellom to mådnere gamle spedbarn og omsorgsgiver. Er spedbarnet en aktiv spillpartner? I: Moe, V, Slinning K. & Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

- Broberg, A., K., Almqvist, T., Tjus (2003). *Klinisk barnpsykologi, Utveckling på avvägar*. Falköping: Bokförlaget Natur och Kultur.
- Broberg, A.(2005). Anknytning, rädsla och omsorgssvikt. I: NOVArapport 7/05.
- Broberg, A., P., Mothander, P., Granqvist & T. Ivarsson (2008). *Anknytning i praktiken, Tillämnningar av anknytningsteorin*. Finland: WS Bookwell Finland.
- Brodén, M. (1997). *Mor och barn i ingenmansland – intervension under spädbarnsperioden*. Stockholm: Liber.
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The Ecology of Human Development. Experiments by Nature and Design*. Cambridge: Harvard University Press.
- Bø, I., & Helle, L. (2008). *Pedagogisk ordbok – praktisk uppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Caplan, G. (1964). *Principles of Preventive Psychiatry* London: Tavistock. Oxford University Press.
- Cassidy, J. (1994). Emotion regulation: Influences of attachment relationships. I: N.A Fox (red.), *The development of emotion regulation: Biological and behavioral Considerations*. Monographs of the Society for Research in Child Development, 59, (serie nr. 240).
- Cicchetti, D., & Walker, E.F. (2001). *Stress and development. Biological and psychological consequences. (Editorial)*. *Development and Psychopathology* 13, 413-418.
- Crittenden, P.M. & Ainsworth, M.D.S. (1989). Child maltreatment and attachment theory. I.D. Cicchetti & V. Carlson (red.), *Child maltreatment: Theory and research on the causes and consequences of child abuse and neglect*. (s. 432-463). Cambridge: Cambridge University Press.
- Crittenden, P.M. (1991). *Strategies for changing parental behavior*. The APSAC Adviser.
- Crittenden, P.M. (1995). Attachment and psychopathology. I: S. Goldberg, S.R. Muir & J. Kerr (red.), *Attachment theory: Social, developmental, and clinical perspectives*. Hillsdale, NJ: The analytic Press. 67.
- Crittenden, P.M. (2000). *CARE Index Manual*, Miami: Family Relations Institute.

- Crockenberg, S. & Leerkes, E. (2000). Infant social and emotional development in family context. I C.H. Zeanah Jr. (red.). *Handbook of infant mental health 2nd Ed.* (s.60-90). New York: Guilford.
- Davis, H (1995). *Rådgivning til foreldre med kronisk syke og funksjonshemmede barn*. Oslo: Ad Notam.
- Egan, G. (2001). *The skilled helper: a problem-management and opportunity- Development approach to helping. 7th ed.* Printed in USA.
- Erickson, M.F. & Egeland, B.C. (1996). Child neglect. I J.E.B. Myers, L. Berliner, J. Briere, C.T. Hendrix, C. Jenny & T.A. Reid (red.), *The APSAC Handbook on Child Altreatment*, 2nd edition. Thousand Oaks: Sage Publications (s.4-20).
- Fifa, T. & Krogtuft, M. (2006). "Forskningsrapporten" I: *Masteroppgaven i pedagogikk og Spesialpedagogikk. Design og metoder*. Kåre Fuglestad & Kjell Skogen (red.). Oslo: J.W.Cappelens forlag.
- Fishbein, H.D. (1976). *Evolution, development and children`s learning*. Pacific Palisades, Goodyear.
- Greenspan, S.I. & J. Salmon (1995). *The Challenging Child. Understanding, raising, and Enjoying the five "difficult" types of children*. Reading, Mass,: Addison-Wesley.
- Hansen, B.R. (1991). *Den første dialogen. En studie av spedbarnets oppmerksomhet i samspill*. Oslo: Solum forlag A/S.
- Hanssen, P.H. & Røkenes OH (2002). *Bære eller breste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Bokforlaget.
- Hart, S. (2006). *Hjerne, samhørighet, personlighet. Introduktion til neuroaffektiv utvikling*. København: Hanz Reitzels Forlag.
- Hart, S. & R. Schwartz (2008). *Fra interaksjon til relasjon, tilknytning hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore & Fonagy*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Haug, S. & Opsand, A. (2006). Arbeid med gravide kvinner, sped- og småbarn. I: Halvorsen, I, Ropstad, I Rishovd Rund, B & Seltzer, W.J. (red.). *Foreldre og fagfolk i samspill. Behandling av psykiske vansker hos barn og unge*. Stavanger: Hertevig Forlag.

- Holmberg, J.B. (1997). *Sosiale og emosjonelle vansker, muligheter for alle*. Gjøvik: Ad Notam Gyldendal AS.
- Høygård, A. (2004). *Barns språkutvikling, muntlig og skriftlig*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Iwaniec, D. (1995). *The Emotionally Abused and Neglected Child – Identification, Assessment and Intervention*. England, John Wiley & Sons Ltd West Sussex.
- Johannessen, E., Kokkersvold, E & Vedeler, L. (2001). *Rådgivning – Tradisjoner, teoretiske perspektiver og praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Johnsen, A., Sundet, R., Torsteinson, V. (2000). *Samspill og selvopplevelse – nye veier i relasjonsorienterte terapier*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Juul, J., (1996) *Ditt kompetente barn: på vei mot et nytt verdigrunnlag for familien*. Oslo: Pedagogisk forum.
- Killén, K. (1995). *Faglig veiledning – et tverrfaglig perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget
- Killén, K., Klette, T., & Arnevik, E. (2005). *Mor-barn samspill i norske familier*.
- Killén, K. (2005). Forebygging – alles ansvar – en utfordring, i NOVA rapport 7/05
- Kjeldstadli, K (1999) *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjørup, S. (1996). *Menneskevitenskapene*. Roskilde Universitetsforlag, Roskilde.
- Klein, P. (1989). *Formidla læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kokkersvold, E. og Mjelve, H. (2003). *Mellom oss. Trening av kommunikasjon i gestaltperspektiv*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lassen, L. (2000). *Profesjonalitet i Spesialpedagogisk Rådgivning*. Oslo: UPI, Akademika.
- Lassen, L. (2002). *Rådgivning – kunsten å hjelpe* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lyons-Ruth, K. (1995). *Broadening our conceptual frameworks: Can we reintroduce relational strategies and implicit representational systems to the study of psychopathology?* *Developmental Psychology*, 31, 432-471.

- Lyons-Ruth, K., Zeanah, C.H. & Benoit, D. (2003). Disorder and risk for disorder during infancy and toddlerhood. I E.J. Mash & R.A. Barkley (red.), *Child Psychopathology* 2nd Ed. (s589-631). New York: Guilford.
- Main, M. & Weston, D.C. (1981). *The quality of the toddlers relationship to mother and Father: related to Conflict Behavior and Readiness to Establish NEW Relationship*. *Child Development*, 52, 932-940.
- Main, M. & Salomon, J. (1990). Procedures for identifying infants as disorganized/disoriented during the Ainsworth strange situation. I: M. Greenberg, D. Cicchetti og M. Cummings (red.) *Attachment in the preschool years* (s.273-310). Chicago: University of Chicago Press
- Main, M. (1991). Metakognitive knowledge, metakognitive monitoring, and singular (coherent) vs. multiple (incoherent) model of attachment: Findings and directions for Future work. I: C.M. Parkes, J. Stevenson- Hinde & P. Marris (red.), *Attachment across the life cycle*. London: Routledge. 68.
- Moss , N. (2006). Støttende samspill med det nyfødde barnet. I: Halvorsen, I, Ropstad, I, Rishovd Rund, B & Seltzer, W.J. (red.). *Foreldre og fagfolk i samspill. Behandling av psykiske vansker hos barn og unge*. Stavanger: Hertevig Forlag.
- Mrazek, P.J. & Haggerty, R.J. (eds.) (1994). *Reducing risks for mental disorders: Frontiers for preventive intervention research*. Institute of Medicine. Washington DC.: National Academy Press.
- Myhrvold-Hanssen, J. (2006) Barnet i en utvidet kontekst. I: Halvorsen, I, Ropstad, I, Rishovd Rund, B og Seltzer, W.J. (red.). *Foreldre og fagfolk i samspill. Behandling av psykiske vansker hos barn og unge*. Stavanger: Hertevig Forlag.
- Rasmussen, J. (1988). *Å lære å lære. Samspill og kommunikasjon i barnehagen 2*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Raundalen, M. (2002). Barn sover ikke, de ligger bare til ladning – Føreord I: *Den lille store forskeren. Sinn, intelligens, og hvordan barn lærer*. Omsett av Arne Solli. Gopnik Alison, Meltzoff Andrew N. & Kuhl, Patricia K. Oslo: Pedagogisk forum.

- Repstad, P. (2007). *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rogers, C. (1965). *Client-centered therapy: Its current practice, implication and theory*. Boston: Houghton Mifflin Company.
- Rutter, M. (1987). *Psychosocial resilience and protective mechanisms*. American Journal Of Orthopsychiatry, 57, s.316-331.
- Rye, Henning (1998). *Tidlig hjelp til bedre samspill: Nye metoder og nye muligheter*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rye, Henning (2002). *Tidlig hjelp til bedre samspill*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rye, Henning (2007). *Barn med spesielle behov. Et relasjonsorientert perspektiv*.
- Sameroff, A.J. (2005). *The Science of Infancy: Social and Political Agendas* Infancy, 7 (3), 219-242.
- Sameroff, A.J., & Fiese, B. H. (2000). Models of development and developmental risk. I C. H. Zeanah Jr. (red.). *Handbook of infant mental health 2nd Ed*. New York: Guilford.
- Sameroff, A., Lewis, M., & Miller, S. (red.) (2000). *Handbook of developmental psychopathology*. New York: Plenum.
- Skogen, K. (2006). "Forskning: hensikt, innhold og form" I: *Masteroppgaven i pedagogikk og spesialpedagogikk. Design og metoder*. Kåre Fuglestad & Kjell Skogen (red.). Oslo: J.W.Cappelens forlag.
- Smith, L. og Ulvund, S.E (1999) *Spedbarnsalderen* Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Smith, L. (2002). *Tilknytning og barns utvikling*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Smith, L. (2003). *Skjevutvikling og risikofaktorer. Nevrologisk betingede dysfunksjoner*. Foredrag ved Regionsenteret for barn og unges psykiske helse, Helseregion øst og Sør, desember 2003.
- Smith, L (2010). Grunnleggende teori og modeller for tidlig utvikling. I: Moe, V, Slinning K. & Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

- Sroufe, L.A. (1996). *Emotional development. The organization of emotional life in the early Years*. New York: Cambridge University Press.
- Stern, D. (1985). *Spädbarnets interpersonella värld: ur psykoanalytisk och utvecklingspsykologiskt perspektiv – svensk omsetjing*: Stockholm, 1995.
- Stern, D. (1985). *The interpersonal world of the infant: A view from psychoanalysis and developmental psychology*. New York: Basic Books.
- Stern, D. (1991). *Barnets interpersonelle univers*. København: Hans Reitzels Forlag A/S.
- Stern, D. (1995). *The motherhood constellation, A unified view of parent-infant Psychotherapy*. New York: Basic Books.
- Stormark, K.M. (2010). Fysiologiske responsystemer for emosjonsregulering hos sped- og småbarn I: Moe, V, Slinning K. & Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Thompson, R.A. (1994). *Emotion regulation: A theme in search or definition*. Monographs of the Society for Research in Child Development, 59, (2-3), (serial No. 240), 250-283.
- Thue, O. (2006). *Marte Meo "Av egen kraft"* I: Halvorsen, I., Ropstad, I., Rishovd Rund, B & Seltzer, W.J. (red.). *Foreldre og fagfolk i samspill. Behandling av psykiske vansker hos barn og unge*. Stavanger: Hertevig Forlag.
- Trevarthen, C. (1988). Universal Co-operative Motives: How infants begin to know the language and culture of their parents. I: G. Iahoda & I.M. Lewis, *Acquiring Culture: Cross Cultural Studies in Child Development*. New York: Croom Helm and Routledge, Chapman og Hally.
- Tronick, E.Z., Ricks, M. & Cohn, J.F. (1982). Maternal and infant affective exchange: Patterns of adaptation. I T. Field & A. Fogel (red.), *Emotion and early interaction* (s.83-100). Hillsdale, NJ: Erlbaum.
- Whelan, W & Marvin, R. (2010) *The Circle of Security: Metoder til bruk i forsterhjemsomsorgen*. I: Moe, V, S Slinning K.& Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

- Williams, S., Anderson, J., Mc.Gee, R. & Silva, P.A. (1990). Risk factors for behavioral and Emotional disorder I *Preadolescent children*. Journal of the American Academy of Child and Adolescent Psychiatry, 29, 413-419.
- Winnicott, D.W. (1958). *Primary maternal occupation. Through paediatrics to psycho-analysis*. London: Tavistock.
- Winnicott, D.W. (1970). *The Child, The family, and the Outside World*. Penguin books.
- Winnicott, D.W. (1984). *The maturational process and the facilitating environment*. London: Karnac.
- Winnicott, D.W (1985). *The Maturational Processes and the Facilitating Environment*. Hogart Press (fyrste gong utgitt i 1964).
- Zachrisson H.D. (2010). Tilknytning og psykisk helse hos sped- og småbarn I: Moe. V, S Slinning K.og Hansen M.B. *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- ZERO TO THREE. (2005). *Diagnostic classification of mental health and developmental disorders of infancy and early childhood: Revised edition (DC:0-3R)*. Washington, DC: ZERO TO THREE Press.
- Aamodt, LG. (2005). *Familien mellom mange hjelpere*. Bergen: Fagbokforlaget.